



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 21.03.2017
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 44/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 51/17	Hjartåbygda skyttarlag
OS 52/17	Informasjon om SSIKT
OS 53/17	E39 Volda-Furene – Voldatunell
PS 46/17	Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutning av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5.
PS 47/17	Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807 - Tilskot til dekning av kostnader knytt til reguleringsarbeidet.
PS 48/17	Volda Tennislag - Lenging av festeavtale - Gbr 27/44/1
PS 49/17	Valg av opsjonar for Botnavegen før kontrakt med entreprenør
PS 50/17	PPT- avtale om regionalt samarbeid
PS 51/17	Ny bruk av bustadmodular Engesetvegen 28
PS 52/17	Orienteringssaker
OS 54/17	Voldahallen - opsjon EPC og vurdering av hallen i høve kabalen med speleflater og ny idrettshall
OS 55/17	NOTAT - Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunal medverknad
OS 56/17	Svar på søknad om økonomisk støtte til Volda og Ørsta ballettskule - varmpumper m.m.
OS 57/17	Hornindal kommune - Delegeringsfullmakt - Barneverntenesta for Søre Sunnmøre



VOLDA KOMMUNE

OS 58/17	Hornindal kommune - Interkommunalt samarbeid om barnevernteneste
OS 59/17	Brev fra FAU ved Volda ungdomskule - bekymringsmelding vedk. Volda ungdomsskule
OS 60/17	Referat frå møte med FAU Volda ungdomsskule
OS 61/17	Sluttrapport. Samhandling mellom NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, flyktningekontor, tildelingskontor og eigedom
OS 62/17	Tilsagn om treårig fylkeskommunalt driftstilskot for 2017
OS 63/17	Fylkesmannen - nye kommunar i Møre og Romsdal - Infoskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR
OS 64/17	Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS
OS 65/17	Demokratiprojektet - referat frå møte i Styringsgruppa 27.02.17
PS 53/17	Referatsaker
RS 5/17	Klage frå Ørskog kommune over avgjerd frå politidirektoratet om lokal struktur i Nordre Sunnmøre

PS 44/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 45/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 51/17 Hjartåbygda skyttarlag

OS 52/17 Informasjon om SSIKT

OS 53/17 E39 Volda-Furene - Voldatunell



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2012/1380

Arkivkode: 2012009

Utvalsaksnr	Utvål	Møtedato
39/17	Formannskapet	07.03.2017
46/17	Formannskapet Kommunestyret	21.03.2017

SPØRSMÅL OM LØYVE TIL OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR GNR 30 BNR 157 OG 286 M.FL PÅ ROTSET. AVSLUTTING AV "PLANID 2012009 - REGULERINGSPLAN ROTSETFJØRA II OG SP1-5.

Handsaming:

Ope brev til Volda kommune frå Rotset grendalag og naboane på Rotset, vart ettersendt 06.03.17.

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting (ni røysteføre):

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 07.03.2017:

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i framlagde ide-skisser for utbygging av området, datert 19.01.2017, lagt fram av Sporstøl Arkitekter AS på vegne av Sunnmøre Invest AS, finn formannskapet å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).*

2. *Framlagd ideskisse datert 19.01.2017, kan vere retningsgjevande for planlagt arealbruksformål, men vil ikkje vere bindande for endeleg utforming av plan. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteoppfallsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bomiljø og verna bygg/område.*
3. *Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjøre sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.*
4. *Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.*
5. *Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
6. *Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.*
7. *Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området.
Ein endra arealbruk som skissert er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.*
8. *Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjøre II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*

Vedleggsliste:

Formannskapet sak PS 60/16, den 05.04.2016

Sporstøl Arkitekter as - Søknad om løyve til oppstart privat planarbeid og behandling etter Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3, §12-8 OG §12-14.

Vedlegg 1 til søknad.

Vedlegg 2- presentasjon leilighetsprosjekt -19.01.2017

Uprenta saksvedlegg:

Tidlegare saksdokument knytt til reguleringsplan- PLANID 2012009 - REGULERINGSPLAN ROTSETFJØRA II OG SP1-5.

Saksopplysningar/fakta:

Kommunen har over lang tid vore i dialog med Scana Volda om utvikling av industriområdet på Rotset. Dette både med omsyn til sikring av grunn til utvidingsareal for bedrifta, og mogeleg samarbeid og medverknad i utbygging på området. Ulike modellar for vidare utvikling av området har vore vurdert og det er signalisert vilje til kommunal tilrettelegging både i høve regulering og grunnnerverv.

I samband med dette vart det starta arbeid med ny reguleringsplan for området. PlanID 2012009 - "Rotsetfjora I1 og Sp 1- 5". Reguleringsplanen har ut frå denne intensjonen vore til handsaming i kommunen over tid. Planframlegg vart utarbeidd og vart etter vedtak i Formannskapet den 24.09.13, sak PS 151/13, lagt ut til offentleg ettersyn. Offentleg ettersyn vart gjennomført og det ligg føre mange merknader til saka. M.a har M.R. Fylkeskommune fleire merknader til saka.

Ut frå den usikre situasjonen og varierende signal frå Scana-bedrifta har ein avventa vidare handsaming av plan.

Frå Scana-konsernet har det no kome innspel om at dei ikkje ynskjer tilleggsareal som tidlegare var etterlyst. Dei meiner no å kunne ivareta sine drift/byggebehov innanfor eksisterande areal, og har ut frå dette også selt gnr 30 bnr 157, den tidlegare "Velsvik-eigedomen" til lokalt firma som ynskjer å utvikle eigedomen til eit område for bustad og kontor/næringsformål. Den nye eigaren av arealet, Sunnmøre Invest as har vendt seg til kommunen og skissert planar for utvikling av området. I møte med administrasjon og ordførar den 16.02.2016 vart det lagt fram tankar for utvikling av området, der ein ynskjer kommunen sin medverknad i planlegging av området med tanke på slik endra bruk og utvikling av området.

Ei viktig avklaring her vil være kva ein no gjer med det planprosjektet som har vore i gang, og som har vore ute til offentleg ettersyn. Spørsmålet vart fremja som sak til Formannskapet, sak PS 60/16, den 05.04.2016. Det vart her gjort fylgjande vedtak:
"Saka vert utsett. Før vidare handsaming av saka, skal det haldast synfaring."

Synfaring i området vart gjennomført som del av formannskapsmøte den 31.05.2016

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:
"Saka vert utsett i påvente av moglegheitsstudie."

Med grunnlag i dette har grunneigar Sunnmøre Invest as engasjert firma Sporstøl Arkitekter as til utarbeiding av slik "moglegheitsstudie"/skisseprosjekt for ei tenkt utvikling av området.

Utgangspunktet er arealbruksformål bustad, ev bustad i kombinasjon med mindre areal til kontor/næring. Vidare er ideskissa fundert på kommuneplanen sin intensjon om fleire bustader i/nær Volda sentrum, auka utnyttingsgrad og byggehøgder i slike sentrumsnære områder, og ynskje om tilgang til strandsona i og ved sentrumsområdet i Volda.

Ideskisser er under vegs drøfta med kommuneadministrasjonen og tiltakshavar gav også ei førebels orientering til formannskapet i møte den 31.01.2017.

Med brev av 14.02.2017 ligg det så føre formell søknad om løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid for det aktuelle området. Utgangspunkt for planen er gitt i vedlegg til søknaden og utarbeidd skisseprosjekt for illustrert mogeleg byggevolum og byggutforming.

Eg viser til vedlegg.

Dette vil bli nærare gjennomgått i møtet.

Administrasjonen har ikkje merknader til at det vert starta reguleringsplanarbeid for området i privat regi, jf. plan og bygningslova §12:11, og at utgangspunktet for planarbeidet skal vere bustadformål (eventuelt bustad/kontor/næring i 1/underetg i planlagde bygg).

Ideskissene som er framlagt vil ikkje vere bindande for kommunen i den vidare vurdering av nytt planframlegg.

Ideskissene kan vere retningsgjevande for planlagt arealbruksformål, men er ikkje bindande for endeleg utforming av plan. Her må ein gjennom planprosess sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, og fasademessig uttrykk, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verneverdig bygningsmasse. Intensjonen vil likevel vere den same som i vist ide-prosjekt, med bustad/og kontor som aktuell arealbruk, og der intensjon om sjøtilknytning og ivaretaking av strandsone/sjønært areal, samt god tilpassing mot den verna bebyggelsen vil vere eit overordna mål.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen vurderer initiativet til endra arealbruk som positivt.

At dette også no synest avklara i høve til Scana sine behov og interesser er vesentleg, og ein avgjerande faktor i vidare planarbeid for området.

Slik ny situasjon og nytt planformål gir også høve til å ivareta denne viktige delen av det gamle Volda og ei av dei få sentrumsnære naust og fjøreområda nær Volda sentrum.

Ei slik endra planløyising og arealbruk vil også gjere det mogeleg å tilrettelegge større deler av sentrumsområde med tilgang til sjø. Jf intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om sjø og sentrumsnære bustader, strandpromenade og betra tilknytning mot sjø.

Uavhengig av om området vert regulert av kommunen eller om det vert planlegging i privat regi, vil ein også kommunen sitt areal 30/286 inngå i plan.

Det bør også då leggjast til rette for at tiltakshavar etter nærare avtale kan ha opsjon for overtaking av arealet, ut frå dei behov for dette som vert avklara i godkjent reguleringsplan/formål.

Her kan det også vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper, gjennom reguleringsprosessen og i eventuell avtale med utbyggjar. Rådmannen vil presisere at kommunen må halde atskilt prosessar som vedkjem kommunen som reguleringsmynde og kommunen sin forretningsmessige interesser som vedkjem ev utbyggings- eller kjøpsplanar for eigne bustader. Prosessar som vil omhandle konkret utbygging eller kjøp i kommunal interesser må handterast i samsvar med lov om offentlege innkjøp.

Dersom ein finn grunnlag for vidare planarbeid i privat regi slik søkt om, bør plan for sjølve Scanaområdet avsluttast ved formelle vedtak i Formannskap/Kommunestyre.

Det var ikkje knytt motsegner til denne del av planen og det var ingen vesentlege merknader til planlagt arealbruk i dette området.

Jf. tilrådinga til vedtak pkt. 8.

Kommuneplanen

Planlegging av sentrumsnære leilegheiter vil vere sentralt tiltak i høve kommuneplanen si målsetting for busetting, Volda i regionen og for Volda sentrum.

Helse og miljøkonsekvensar:

Planendring som skissert vil kunne ivareta omsyn til verneverdig bebyggelse og tilgrensande bumiljø på ein betre måte enn i tidlegare reguleringsframlegg til industri/kontor.

Slik ny situasjon gir også høve til å ivareta denne viktige delen av det gamle Volda og ei av dei få sentrumsnære naust og fjøreområda nær Volda sentrum.

Ei slik endra planløsning og arealbruk vil også gjere det mogeleg å tilrettelegge større deler av sentrumsområde med tilgang til sjø, jf intensjon i kommunedelplan Volda sentrum. Jf også intensjon om tilrettelegging av gangvegar/fortau og sikring av freda bygg/eigedomar gjennom plan.

Økonomiske konsekvensar:

Utarbeiding av detaljreguleringsplan i privat regi vil vere positivt for kommunen. Ressursar til planlegging kan då nyttast til andre viktige planoppgåver. Om kommunen sitt areal skal seljast for å sikre samla utbygging på området etter godkjent plan må ein kome attende til når plan er ferdig utarbeidd og utbygging på områda vert aktuell.

Behov for investeringar i infrastruktur må eventuelt avklarast i utbyggingsavtale.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen spesielle, i det området er klarert for utbygging gjennom gjeldande reguleringsplan og kommunedelplan Volda sentrum.

Naturmangfaldlova:

Avklara gjennom overordna plan.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sporstøl Arkitekter as
Sunnmøre Invest as v/Kay Ove Johansen

Kopi:
Scana Volda as Hamnegt. 24, box 205 6101 VOLDA
Utvikling

Til Volda kommune
Fast utval for plansaker
Planavdelinga
v/sakshandsamar Per Helten

Postmottak. Sendes bare som e-post.

Søknad om løyve til oppstart privat planarbeid og behandling etter Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3, §12-8 OG §12-14.

Sak: Reguleringsplan for Rosetfjæra – Endring gnr. 307159 m.fl. Volda Kommune

Viser til tidligere korrespondanse, møter og presentasjon av mulighetskisse i formannskapet, den 31-1-2017. Dei første skissene vart presentert for kommunen sin planavdeling, den 21-11-2016. Her vart det avklart planavgrensning som vist på vedlegg 1.

På bakgrunn av dette vart vedlagt mulighetskisse utarbeida og presentert for formannskapet /planutvalget.

Vi sit at med at skisseprosjektet vart godt motteke.

På vegne av forslagstillar Sunnmøre Invest AS er det no ynskje om å starte privat detaljregulering for reguleringsplan for m.fl. – Volda kommune.

Sunnmøre Invest AS v/Kay Ove Johansen vert formell forslagstillar av planen.

Sporstøl Arkitekter AS vert plankonsulent og skal stå for utarbeiding av planforslaget.

Vi ber om at kommunen behandla denne søknaden slik at det kan varsle/annonsere start av privat planarbeid i samsvar med plan- og bygningsloven (PBL) §§12-3 og 12-8.

Vedlegg:

1 forslag til planområde.

2 Mulighetskisse – presentasjon skisseprosjekt, datert 31.01.2017.

Med vennlig hilsen

Bjørnar Sporstøl

Daglig leder

Fagleder Plan

bjornar@sporstol.no

Tel: 918 68 794

Sporstøl Arkitekter AS
Tlf: 70 01 85 50
www.sporstol.no

Før du skriver ut,
tenk på miljøet

Planinitiativ - Vedlegg 1:

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR ROSETFJØRA - Endring gnr.30/157 m.fl. - Volda Kommune

Vedlegg 1 planinitiativ: Diverse kart utsnitt .

NB! Kartutsnitt er Ikkje i målstokk

Utsnitt situasjonsplan skisseprosjekt - Leiligheitsprosjekt Volda.

Planområde og omkrinliggjande område. Viser til vedlegg 2.

Planområdet har et samla areal på om lag 35 dekar.


Av dette er 16 dekar sjøareal. Heile området er regulert frå før.



Kartutsnitt med planområde (svart stripa strek)

Utsnitt gjeldende arealdelplan for Volda kommune. PlanID 2007010.

Planområdet ligg i restriksjonsområde har formål industri, bustadar og kulturminneområder for Garvarbuda.




Kartutsnitt med planområde (raud stripa strek) - Kilde www.sunnmorskart.no

Utsnitt gjeldende reguleringsplan Rosetfjora I1 og SP1-6 med forslag til planavgrensning - endring.


PlanID 2001009.

Planområdet omfatter formål industri, småbåtservice, kulturminne, museum, bevaringsverdige bygg, friområde og vegar.



Kartutsnitt med planområde (raud stripa strek) - Kilde www.sunnmorskart.no

Utsnitt grunnkart med forslag til planavgrensning endring.



Utsnitt flyfoto med forslag til planavgrensning endring.

Området er for det mest utbygget/utfyllt.



Planinitiativ - Vedlegg 1:

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR ROSETFJØRA - Endring gnr.30/157 m.fl. - Volda Kommune

Planområder - Foto mot vest frå Ristevegen. Kilde: Google streetwiev 2010.



Planområde - Foto mot nord frå Ristevegen. Kilde: Google streetwiev 2010




Planområde - Foto mot sør frå Ristevegen. Kilde: Google streetwiev 2010




Planinitiativ - Vedlegg 1:

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR ROSETFJØRA - Endring gnr.30/157 m.fl. - Volda Kommune



Utsnitt Kart - risikosjekk. Kilde www.gislink.no/kart

Det er gjort registreringar vedr. flaum, avløp, lausmasseflate, potensiell skredfare og kulturminne.



Utsnitt kart Kulturminne . Kilde www.gislink.no/kart

Leilighetsprosjekt i Volda sentrum



Området


Volda sentrum ligg ved Austefjorden og er omkransa av høge fjell på alle sider. Frå sentrum kan ein ta ferja til Folkestad, som eit ledd på E39 langs Vestlandet.

Havnefronten i Volda er samansatt av ulike delar, blant anna ferjeleie, småbåthavner, store areal med industri og lite tiltalende fyllingsfrontar. Den er moden for revitalisering og tilrettelegging for tilgjengelegheit. Volda kommune har ynskje om ein samanhengande gangforbindelse mellom sentrum og museumsområdet ved Ristegarden.

Området rundt sentrum er prega av einebustadar. Kommune har gitt klare signal om at dei ynskjer urbanisering, blant anna i form av leilegheitsbygg.



Kommunedelplan for Volda sentrum




Flyfoto av Volda

Tomta og nærmiljøet


Tomta ligg ved sjøkanten, berre 700 meter sør for Volda sentrum. Mot sør grensar tomta mot eit småbåtservice-anlegg som igjen ligg tett inntil eit museumsområde med Ristegarden og ein verna Landingsvår. Mot nord grensar tomta mot eit område med historiske naust, og går ein enda lenger nord kjem ein til Scanaområdet. Mot aust ligg eit område som er prega av einebustadar.

Tomta har vakker utsikt mot fjord og fjell, og solforholda er svært gode.


Den austelege delen av tomta, mellom Naustvegen og Ristevegen ligg ubebygd. På den delen av tomta som ligg vest for Naustvegen, nærast vatnet, står det fleire industribygg som ikkje er i bruk. Sjøfronten består av delvis kaikant og delvis fylling.



Det er gode solforhold på tomta. Vi har lagt vekt på at alle leilighetene skal ha både morgen/formiddags-sol og kvelds-sol på uteplassane.



Diagrammet viser dei trafikale forholda rundt tomta, både for køyrande og mjuke trafikantar.



Dei to nabohusa har utsikt til fjorden mellom bygningskroppane.



Vi har lagt vekt på å danne store, grønne lunger mellom dei nye husa, men også som buffersoner til dei eksisterande bygningane rundt.



Vi har stramma opp havnefronten på tomta, som i dag består av delvis fylling/kaikant. Den vil vere open for fri ferdsel og ligg som eit bindeledd langs vannkanten frå Volda sentrum til Ristegarden.



Oversiktsplan nytt prosjekt, 1:1500 - planavgrensning



Gjeldende reguleringsplan



Forslag til reguleringsplan

Bygningar og struktur

Tomta er delt i to ved hjelp av Naustvegen. Vi har valgt å legge eit leilegheitsbygg på området mellom Naustvegen og Ristevegen og to bygg ved havnefronten.

Leilegheitsbygg ved Ristevegen

Dette bygget har **4 etasjer**. På bakkeplan ligg garasjer, boder og teknsik rom, mens dei 3 øverste etasjene har leiligheter. Trapperommet ligg på austsida av bygget, saman med svalgangane som fører inn til leilegheitene.

Leiligheitene er frå 67 m² - 154 m². Alle har sørvestlege altanar og havutsikt. Eigen parkeringsplass og sportsbod ligg i kjellaren.

Innkøyringa til garasja er på framsida av bygget. Her er også gjesteparkering. Dersom ein kjem til fots frå Volda kan ein følgje den planlagte gongveien heilt fram, og gå direkte inn i trapperommet frå austsida av bygget.

Leilegheitsbygg ved Havnefronten

Desse bygga har **6 etasjer**. På bakkeplan ligg ein felles parkeringskjellar for begge bygga. Mot havnefronten er det plassert **2 separate lokaler til næring**. Desse areala kan også nyttast som leiligheter dersom det er ynskjeleg. Lokala har flott utsikt utover fjorden, med store grøntareal utanfor vindauga. Dei har eigen inngang på bakkeplan i tillegg til inngongen frå dei felles trapperomma i bygga. Parkering til næringsareala ligg på austsida av bygget, i tillegg til plassane ved kvar inngong på kainivå.

På 1. - 4. plan er det plassert leilegheiter frå **59 m² - 84 m²**. På 5. plan ligg det ei toppeilegheit i kvart bygg. Desse er 149 m² og inntrekt frå resten av bygningskroppen.

Alle leilegheitene har morgon/føremiddagssol og kveldssol på altanane.

Ankomsten til desse bygga skjer frå Naustvegen. Dersom ein kjem gåande frå Volda sentrum er det god forbindelse med gangveggar heilt fram.

Vi har hatt stort fokus på å danne gode uteområde til grønt- og leikeareal. Det er også planlagt flytebrygger på nordsida av tomta.




















Tverrsnitt med terreng 1
1 : 300




Tverrsnitt med terreng 2
1 : 300






Snitt frå sjøsida 1:500








Snitt leiligheter 1:300






































NOTAT

Til Volda Formannskap / Kommunestyre

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/1380	3486/2017	2012009	UTV/PERHEL	14.03.2017

PLANID 2012009 - REGULERINGSPLAN ROTSETFJØRA - OPPSTART AV PRIVAT PLANARBAID.

Administrasjonen viser til tidlegare utsende saksdokument i sak 2012/1380, til møte i formannskapet den 7.03.2017 sak 39/17.

Sunnmøre Invest as /Sporstøl Arkitekter as har fremja ideskisse/muglegheitsstudie for utvikling av bustad-konsept for dette området. Dette vart presentert for Volda Formannskap i møte den 31.01.2017.

Tilbakemeldingane var svært positive, og tiltakshavar vart bedt om å fremje søknad om privat oppstart av planarbeid etter ulike innspel knytt til aktuell planutforming.

Søknad om oppstart av privat planarbeid vart motteke den 14.02.2017.

Administrasjonen har vurdert innspelet og gitt si tilråding i sak 39/17 til møte den 7.03.2017. Sakslista til utvalet var ferdig frå administrasjonen si side den 28.02.2017 og utsendt.

Administrasjonen si tilråding i saka:

1. *Med grunnlag i framlagde ide-skisser for utbygging av området, datert 19.01.2017, lagt fram av Sporstøl Arkitekter AS på vegne av Sunnmøre Invest AS, finn formannskapet å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).*
2. *Framlagd ideskisse datert 19.01.2017, kan vere retningsgjevande for planlagt arealbruksformål, men vil ikkje vere bindande for endeleg utforming av plan. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.*
3. *Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjøre sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.*
4. *Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.*
5. *Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*

6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.
7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området.
Ein endra arealbruk som skissert er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.
8. Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjøre II og SP 1-5", - den del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent."

Den 2.03.2017 var det møte i Volda kommunestyre, der også sak om kommunal planstrategi var handsama, jf sak 16/17, der det vart gjort slikt vedtak:

"Volda kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

Reguleringsplanen for Rotsetfjøre-Scanaområdet leggst på vent til arealdelen av kommuneplanen er ferdig.

Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017."

Dette vedtaket pkt 2, gir heilt nye føringar for det aktuelle planarbeidet ved Rotsetfjøre.

Dette gir eit heilt anna grunnlag for korleis administrasjonen vil vurdere saka og kva tilråding ein kan gi til sak om oppstart av privat planarbeid no.

Handsaming av saka vart utsett i møte den 7.03.2017, og administrasjonen bedt om å legge fram ei endra tilråding/notat før vidare handsaming av saka.

Vurdering:

Pkt 2 i kommunestyret sitt vedtak set stopp for vidare detaljplanarbeid på området inntil arbeid med kommuneplanen sin arealdel er ferdig. Det er ikkje så langt ein kan sjå gitt nærare grunngeving for vedtaket.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er i gang. Det er godkjent planprogram for arbeidet med fylgjande framdriftsplan:

2.3 FRAMDRIFT

Tid	Planoppfølging
Juni 2016	Orientering til FSK om planprogram og planprosess.
Juni - september 2016	Utarbeiding av forslag til planprogram
Oktober - november 2016	Offentleg ettersyn og høyring planprogram
Desember 2016	Fastsetting av planprogram
Desember 2016 - januar 2017	Gjennomgang av innspel til endra/ny arealbruk (orientering FSK)
Desember 2016 - april 2017	ROS-analyse (fastsetting FSK)
Desember 2016 - april 2017	Analyse; kartleggingar og utgreiingar: - Kjerneområde landbruk - Kartlegging av friluftslivsområder - Kulturminneplan - Hovedplan for areal og vassforsyning - Plan for Veg og trafikk - M.v.
April - mai 2017	Vedtak av kartbaserte arealstrategiar: - Vurdering og prioritering av innspel til endra/ny arealbruk (vedtak FSK) - Konsekvensutgreiing og ROS av planforslag
Juni - august 2017	Utarbeiding av 1. forslag til Arealdel
April - august 2017	Handsaming av 1. forslag og utlegging til offentleg ettersyn
August 2017	Offentleg ettersyn og høyring Arealdelen
August - oktober 2017	Gjennomgang og vurdering av merknader:
Oktober - november 2017	Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS av planforslag
Desember 2017	Godkjenning/Handsaming av 2.forslag til Arealdel.
Desember 2017 - Februar 2018	Offentleg ettersyn og høyring av 2. forslag til Arealdel.
Februar - Mars 2018	Gjennomgang og vurdering av merknader:
April 2018	Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS av planforslag
April 2018	Godkjenning av Arealdelen.
April 2018	Kunngjering av endeleg vedtatt Arealdel.

1. gongs handsaming av planframlegg i formannskapet - august/sept 2017
2. gongs utlegging av plan des.2017-jan 2018.
3. Slutthandsaming med kommune-styre april 2018.

Ved godkjenning av planprogrammet gjorde kommunestyret fylgjande vedtak i sak 176/16, den 15.12.2016:

"Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. Vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13, med følgjande tilleggsoppføring i plandokumentet under punkt 5.2 Busetting, nytt punkt under "Arealstrategi for busetting:"; -Det kan leggest til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg."

I vedtak i sak 16/17 er det ikkje gitt nokon nye føringar for arealbruken i det aktuelle området. Det vil såleis vere føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram for arealdelen som er retningsgjevande for det vidare arbeidet.

I tilrådinga i sak 39/17 har administrasjonen søkt å ivareta desse føringane gjennom dei 8 punkta i tilrådinga.

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel har fylgjande føringar innan kapittelet Hovudmål og Arealstrategi:

"Arealdelen skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen, men fokuset må vere retta meir mot arealbruksutfordringane, og i arealdelen vil ein fokusere spesielt på følgjande hovudtema:

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust.
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grønstruktur, friluftsliv og kultur

Med utgangspunkt i målsettingane i Samfunnsdelen er det utforma rettleiande arealstrategiar for kvart hovudtema. Desse langsiktige strategiane handlar om kva vi skal gjere/prioritere for å nå målsettingane.

Arealstrategiane fastlegg prinsippa for kommunen si arealforvaltning (kva vi vil prioritere, for å oppnå måla i Samfunnsdelen), og vil vere førande for handsaming av innspel og utlegging av nye areal til utbyggingsføre mål."

I planprogrammet er det vidare i kapittel 5 definert arealstrategiar og lista opp aktuelle utgreiingstema/kartleggingar mv, som vil vere nødvendig for ei å gi tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å avgjere den framtidige arealbruken i kommunen for kvart hovudtema.

Her heiter det m.a. fylgjande som kan relaterast til aktuell plansituasjon/vedtak:

Har utheva dei punkt vi meiner er relevant for aktuell plansak.

5.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur

Det er eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg. Målsettingar om bymessige kvalitetar og auka busetting krev strategiar for fortetting og transformasjon av delar av sentrumskjernen, der ein må vurdere type utbygging, utnyttingsgrad og byggehøgde. Samfunnsdelen har ei rekke strategiar som gir føringar når det gjeld fordeling av "sentrumsfunksjonar" og korleis Volda sentrum skal utviklast. Det er ikkje formulert presise føringar for kvar dei ulike funksjonane skal lokaliserast og dette vert ein del av arbeidet med arealdelen.

Arealstrategi for sentrumsutvikling og senterstruktur:

- *Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til uttrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.*
- *Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.*

- **Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.**

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- **Vurdere sentrumsavgrensing, senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling i Volda sentrum.**
- **Utarbeide fortettingsstrategi og plan for "miljøgate" for Volda sentrum.**
- **Utarbeide føresegner og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune.**

5.2 Busetting

Det er ei viktig førande målsetting at Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. **Vidare er det ei sentral målsetting i samfunnsdelen å kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø. Gjennom fleire av målsettingane går det klart fram at ein ønskjer auka busetting i Volda sentrum.**

Arealstrategi for busetting:

- **Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.**
- **Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.**
- **Det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.**

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- **Analyse av bustadbehov, arealbehov - kva har vi og kva treng vi.**
- **Revisjon av hovudplan for vatn og avløp.**
- **Utarbeide leikeplassnorm med funksjons og utformingskrav til leike- og uteopphaldsareal.**

5.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur

Dei gode mogelegheitene for naturopplevingar og friluftsliv gjer Volda attraktiv som studie- og bustadkommune. Ei viktig målsetting i samfunnsdelen er derfor at alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.

Arealstrategiar for grønstruktur, Friluftsliv og kultur:

- **Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.**
- **Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".**
- **Sikre viktige kulturmiljø og kulturminne.**

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- **Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.**
- **Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.**
- **Fastsetting av markagrense, grense mot jordbruksareal og byggegrense mot sjø og vassdrag.**
- **Utarbeide kulturminneplan og sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø**

Administrasjonen finn for sin del at dei omsyn og utgreiingar som her er vist til like gjerne kan avklarast gjennom detaljplanlegging av området, som gjennom kommuneplanen sin arealdel med etterfylgjande detaljplan.

Dette ut frå fylgjande:

Området er lite og klart avgrensa.

Området er innanfor definert sentrumsområde

Det synest vere semje om at bustadformål er det rette for området.

Ynskje om fortetting og alternative butilbod i og nær sentrum vert ivareteke.

Omsyn til fjordgløtt, grøne lunger og eit ope sentrum mot fjorden kan ivaretakast gjennom detaljplan.

Særpreg, omsyn til eksisterande bebyggelse og verna bygningar kan ivaretakast gjennom detaljplanarbeidet. jf pkt 1-8.

Eventuelle retningslinjer knytt til utbyggingsform, utnyttingsgrad, byggehøgde m.v kan leggast som føringar for planoppstart, eller styrast gjennom vidare planprosess.

Ein kan såleis ikkje sjå at det gjennom kommuneplanen sin arealdel kan kome vidare retningslinjer for detaljplanlegginga her i tillegg til det som er nemnt ovanfor, utanom fylgjande punkt gjengitt frå planprogrammet:

- **Utarbeide føresegner og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune.**

- Utarbeide kulturminneplan og sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø

Konklusjon:

Administrasjonen vurderer initiativet til endra arealbruk og privat planinitiativ som positivt. Slik det er skissert i initiativet frå søkjar og i tilrådinga i sak 39/17 vil ny detaljplanprosess både ivareta intensjon i kommuneplan og kunne sikre ei ivaretaking av strand/fjøreområde i denne viktige delen av det gamle Volda.

I utgangspunktet ligg det også i tilrådinga ei planløysing og ein arealbruk som gjer det mogeleg å tilrettelegge større deler av sentrumsområde med tilgang til sjø. Jf intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om sjø og sentrumsnære bustader, strandpromenade m.v.

Planlegging av sentrumsnære leilegheiter vil vere positivt tiltak i høve kommuneplanen si målsetting for busetting, Volda i regionen og for Volda sentrum.

Utarbeiding av plan i privat regi vil vere positivt for kommunen. Kommunen sine ressursar til planlegging kan då nyttast til andre viktige planoppgåver.

Administrasjonen forhold seg inn til vidare til kommunestyret sitt vedtak i sak 16/17, og avventar vidare handsaming av saka.

Rådmannen si tilråding i saka vart lagt fram før kommunestyret handsama sak om planstrategi. Saka vart utsett i formannskapet med ynske om notat frå administrasjonen om m.a verknader i høve dei to ulike planformene som reguleringsplan og arealdelen i kommuneplanen representerer. Det er derfor ikkje naturleg at rådmannen kjem med ny tilråding i saka. Dersom formannskapet og kommunestyret vil følgje den lina som vart lagt i kommunestyret i samband med planstrategien, så kan ev vedtak utformast slik:

Med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak i sak 176/16 finn kommunen ikkje å kunne gje løyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og Rotset småbåthamn.

Spørsmålet vert å ta opp att når arealbruk m v er nærare avklara gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Om kommunestyret finn grunnlag for endra tilråding/vedtak, som opnar for privat detaljplanprosess, så kan ein nytte den tilrådinga som allereie ligg i sak 39/17.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Kopi:

Sporstøl Arkitekter as
Sunnmøre Invest as v/Kay Ove Johansen
Utvikling



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/74

Arkivkode: 1519-2017001

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

47/17

Formannskapet
Kommunestyret

21.03.2017

PLANID 1519-2017001 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807 - TILSKOT TIL DEKNING AV KOSTNADER KNYTT TIL REGULERINGSARBEIDET.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Vedleggsliste:

- Søknad frå Volda Campus Arena v/A. Bakke om oppstart av regulering og dekning av inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena
- Forhåndsvurdering av pris - gbr 19/807 - Joplassen d.s. 28.02.2017

Uprenta saksvedlegg:

- PS.sak 143/16 **VOLDA CAMPUS ARENA AS - BYGGING AV NY IDRETTSHALL I VOLDA**
- PS sak 33/17 **PLANID 1519-2017001 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807, OPPSTART AV PLANARABEID.**

Samandrag av saka:

I samband med kostnader knytt til reguleringsarbeidet for Planid 1518-2017001 – Plan for Volda Campus Arena vert det søkt om inntil kr. 200.000,- for å dekke kostnader knytt til reguleringsarbeidet.

Rådmannen rår til at kommunen løyver midlane innanfor kommunen si totalramme for prosjektet.

Saksopplysningar/fakta:

Formannskapet vedtok i møte 21.02.2017 PS sak 33/17 å godkjenne oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena AS.

Vedtaket lyder slik;

1. *Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
2. *Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.*
3. *Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

I høve søknaden finn ein grunn til å vise til kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
2. *Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarende renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
3. *Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvingselevane i grunnskulen.*
4. *Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingselevlokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomte gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
5. *Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
6. *Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
7. *Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena AS må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått."*

I saka om oppstart av planprosess nemnt ovanfor har formannskapet vurdert spørsmål at omsynet til føresetnadane i punkt 4, 5, 6 og 7 er tilstrekkeleg utgreidde og avklara. I og med at formannskapet no har gjort vedtak om oppstart av planprosessen for reguleringsplanen tek ein for gitt at formannskapet føreset at dei vilkåra som ivaretek desse intensjonane i kommunestyrevedtaket må sikrast gjennom planprosessen vidare..

Det betyr m.a at omsynet til pkt. 4 i kommunestyrevedtaket vedkomande svømmebasseng må vurderast i planprosessen, noko som i første rekkje er av Volda kommune si interesse. I samavr med det bør såleis kommunen også ta del i reguleringskostnadene for området.

Når det gjeld pkt. 7 i avtalen er ordførar og rådmannen kjend med kva pris som er gitt for arealet. Med løyve frå Volda Campus Arena den 01. mars 2016 legg rådmannen også fram ei

prisvurdering av arealet gjort av Mulvik d.s. 28.02.2017. Vurderinga konkluderer med ein marknadspris no på kr. 2.200,-/m2 for tomte gnr. 19 bnr. 807 (Joplassen), noko rådmannen meiner er for høgt sett i høve til lokalisering og dei prisane areal i nærleiken har vore omsett for. Til det er det elles å legge til at kommunen i møte 01.03.2017 har fått oppgitt at prisen Volda Campus Arena har gitt for arealet er lågare enn konklusjonen i skrivet frå Mulvik. I tillegg bør det leggest til at ved ein slik frivillig avtale kjem kjøpar også unna utan kostnader knytt til handsaming i skjønsretten.

Helse og miljøkonsekvensar:

Området er i plan lagt ut til byggeformål. Nærare avklaring vil bli gjort gjennom planprosess.

Økonomiske konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess, og gjennom eigne saker om økonomisk medverknad frå kommunen.

I fyrste omgang er det no ei sak om medverknad/økonomisk bidrag til reguleringsplanarbeidet.

Seinare må det fremjast eiga sak om kommunalt engasjement og ev avtale som regulerer kommunen sitt bidrag og leigeforhold i forkant av utbygging.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i søknaden frå Volda Campus Arena AS, kommunestyret sitt vedtak i sak 143/16 og formannskapet sitt vedtak i PS sak 74/17, der Volda kommune også har interesse av reguleringsprosessen av området, finn rådmannen å rå til å løyve inntil kr. 200.000,-,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Campus arena as
Oppvekstsjefen
Høgskulen i Volda
Utvikling
Teknisk sektor
Rådmannen

Hei igjen!

Syner til samtale knytt til VCA, regulering og framdrift. Som nemnt har vi ønske om å annonsere varsel om oppstart av planarbeid. Vi er såleis takksame om rådmannen legg til rette for oppstartsmøte **komande** veke. Vi har avklart at Per Mulvik AS vil bistå planoppdraget på gunstige vilkår, og dei vil prioritere saka. Dei vil og ta del i oppstartsmøtet.

Vi **søker** kommunen om inntil kr. 200.000,- for å dekke kostnader knytta til reguleringsarbeidet.

Vi vil snarleg kome attende til vidare framdrift og økonomi i sjølve hallprosjektet.

Venleg helsing

For
Volda Campus Arena

Arild Bakke

Mob: 905 22420

VOLDA KOMMUNE	
2017/74	Ans. Lltv
	St. Perhei
03 MAR 2017	
Planid	
1519-2017001	
Klassering S	

VOLDA 28.02.2017

Tlf.Ottar 70 07 49 92

Tlf.sentral 70 07 49 90

Mobil 90 02 38 35

E-post ottar@mulvik.no

Org.nr. 941 987 516 MVA

Volda Campus Arena AS
Co. SR Volda AS
Storgt 8
6100 Volda

Deres ref.: Arild Bakke

Vår ref.: Ottar M. Skare

Gnr 19 bnr 807 i Volda kommune - Joplussen **Forhåndsvurdering av pris**

Viser til møte med Volda Campus Arena AS den 21.02.2017 med anmodning om prisvurdering av anskaffelse av Joplussen, gnr 19 bnr 807 i Volda kommune i anledning utbygging av Volda Campus Arena.

Eiendommen ligger i dag i område regulert som offentlig areal iflg. reguleringsplan for Røysmarka gjeldende fra 02.03.1995. I kommuneplansammenheng omfattes området av kommunedelplan for Volda sentrum gjeldende fra 18.06.2009 hvor formålet bekreftes som offentlig under henvisning til gjeldende reguleringsplan (Røysmarka-planen). I anledning forberedelse av tentativ utbygging av Volda Campus Arena er det søkt om, og godkjent, oppstart av utarbeidelse av ny reguleringsplan for området.

Mandat

Taksten har ikke anledning til å forskottere resultater av fremtidige offentlige prosesser og man må derfor legge til grunn at forestående reguleringsplan åpner for utnyttelse av tomten i samsvar med de intensjoner som er kjent pr i dag når det gjelder Volda Campus Arena som idrettshall med parkering og dessuten svømmehall. Vår verddivurdering er derfor en forhåndsvurdering med slik forutsetning.

Tomten

Iflg grunnboken er tomtens areal 3.787 m2.

Tomten anses godt egnet til bebyggelse inkl. anlegg under dagens terrengnivå.

Tomten inngår i areal med tilstøtende grunneiendommer som anses som relevante for å inngå i utbyggingen. Eiendommens sentrale beliggenhet er eksponert ved nåværende og fremtidig trafikk-knutepunkt Herøy-Ørsta-Volda-Stryn og i nær tilknytning til Høyskoleområdet, videregående og grunnskoler, og dessuten med nærhet til Volda stadion.

Prisvurdering

Det finnes lite eller intet alternativt tilgjengelig areal for utbygging av den aktuelle dimensjon og som samtidig har aktuell beliggenhet som åpner for effektiv bruk når det gjelder langsiktige leieavtaler med aktuelle aktører. Det samme gjelder eksponering og attraktivitet mht sponsorinntekter og diverse former for utbyggingsstøtte.

Andre mulige lokaliteter, som «Grusbane-alternativet» (ved Høyskolen) og «Steinrøys-alternativet» fremstår

C:\Users\ottar.PM\Documents\Fotos Verditakst\Joplussen - VCA_210217\Joplussen - forhåndsvurdering tomtepris 28022017.docx

Rådg. ing. Per Mulvik AS

Postadr: Holmen 7, 6100 Volda • Besøk: Holmen 7, 6100 Volda

Tlf: 70 07 49 90 • Web: www.mulvik.no

Organisasjonsnr: 941 987 516 MVA • Bank: 3991.05.52205

PROSJEKTERING
BYGGELEDELSE
OPPMÅLING
TAKSERING



som lite aktuelle mht. knapphet på areal for den aktuelle utbyggingen, dvs. fysisk plass på tomten for idrettshall, svømmehall og sambruk av infrastruktur inkl. parkering.

Følgelig er det markant ubalanse mellom tilbud og etterspørsel hva gjelder aktuelle arealer. Fra utbyggers side er en godt egnet lokalisering avgjørende for bærekraften i driften. Tomtepriser utgjør dessuten marginale andeler av prosjektkostnadene. Disse forhold vil være prisdrivende.

Det er knapt med referansegrunnlag for denne type utbygginger i lokalområdet. Det er likevel vanlig å benytte kjente omsetningspriser som grunnlag for vurdering av strøksprisen.

Vurdering etter *tomtebelastningsmetoden* (tekniske nettoverdi i investeringsanalyse) anses på nåværende tidspunkt i planprosess som lite relevant. Det samme gjelder vurdering etter *metoden alternativ bruk* siden oppdraget gjelder utbygging av Volda Campus Arena og alternativ vurdering ikke er en del av oppdraget.

Verdivurderingen bygger således på metoden sammenlignende taksering (strøkspris) for aktuelle omsetninger i nærområdet.

Som grunnlag for en vurdering av hva som er alminnelig strøkspris i Volda sentrum, for aktuelle arealer har vi sett på en del eksempler:

Gnr 19 bnr 1006, Kårstadvegen 12. Areal 1.346,6 m² tinglyst salg 10.08.2016 for kr 2.900.000,- som tilsvarer 2.154 kr/m². Eiendommen er bebygd med eldre bolighus som anses planlagt sanert for ny boligbebyggelse i regi av Norhus Ørsta AS. Følgelig vurderes dagens bebyggelse å tilføre eiendommen et negativt verdibidrag.

Gnr 30 bnr 232, Prestegata 33. Areal 4.762,2 m² tinglyst salg 23.10.2012 for kr 15.000.000,- som tilsvarer 3.150 kr/m². Eiendommen var bebygd med industrilokaler som etter overtagelse ble ombygd og påkostet til ny brannstasjon i regi av Volda kommune. Uten at man kjenner detaljer for eiendommen viser overslagsvurderinger at en betydelig andel av eiendommens verdi ligger i selve tomten.

Med referanse til grunnskjønn i Søre Sunnmøre Tingrett 14.12.2016 (16-061296SKJ-SOSU og 16-113849SKJ-SOSU) henvises til opplysninger om opsjonsavtale med Mesterhus Sunnmøre/Tømrerservice AS som gir rett til å kjøpe «heile gnr 19 bnr 2 til en pris på kr 2.811 per m²». Tingretten kommer til at prisen ikke gir uttrykk for gjengs pris en vanlig kjøper er villig til å betale ved frivillig salg, men at opsjonsavtalen likevel illustrerer at gnr 19 bnr 2 er en attraktiv tomt. Tingretten viser videre til Uppheimskjønnen (sak 09-118057SKJ-SOSU) hvor grunnprisen ble satt til 1.350 kr/m², oppjustert til dagens kroneverdi (2016) til 1605,- kr/m². Rennen mener prisstigningen på fast eiendom i Volda kommune har vært til dels vesentlig høyere enn en indeksregulering av «prisen fra 2008» vil føre til og kommer derav til at riktig pris i 2016 er 2.050,- kr/m².

Vi mener priseksemplene, og dessuten generell kjennskap til prisnivåene for sentralt tomtearealer i Volda sentrum, hvor det er knapphet på ledige arealer for spesielle formål, viser at det er i ferd med å danne seg et akseptnivå for priser i overkant av 2.000,- kr/m², og for enkelte tilfeller nærmer seg 2.500,- kr/m².

Det er grunnleggende i en slik vurdering at prisdannelsen skjer som frivillig grunnnavståelse basert på tilbud og etterspørsel. Definisjon av markedsverdi iflg. European Valuation Standards EVS1 - Eight Edition 2016, pkt 3.1 (www.tegova.org):

"The estimated amount for which the property should exchange on the date of valuation between a willing buyer and a willing seller in an arm's-length transaction after proper marketing wherein the parties had each acted knowledgeably, prudently and without being under compulsion."

Konklusjon

Eiendommens normale markedsverdi, under gitte forutsetninger i forhåndsvurderingen, vurderes til

Gnr 19 bnr 807 (Joplassen) i Volda kommune settes til 2.200,- kr/m², dvs samlet avrundet til kr 8.300.000,-

Verdisettingen inneholder usikkerhet både pga. lav omsetning og utydelig prisdannelse (normale markedsverdier) og at omsetning av eiendommer i kommunal sammenheng ofte har hatt et vesentlig innslag av bolig- og næringspolitisk prisfastsetting (subsidiert). Takstanslagene kan dessuten ikke bære risiko for fremtidig risikoeksponering, makroøkonomisk utvikling eller forhold som takstmannen ikke er gjort kjent med utover de undersøkelser som følger av god takstmannsskikk. Verdisettingen gjelder forhåndsvurdering av eiendommen basert på de premisser som følger av mandatet for oppdraget.

For Per Mulvik AS



Ottar M. Skare(sign.)

Dagl. leder – Takstmann MNTF/REV

Vedlegg:

-

Kopi:

-



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/480

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

48/17

Formannskapet

21.03.2017

VOLDA TENNISLAG - LENGING AV FESTEAVTALE - GBR 27/44/1

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek å lenge gjeldande festekontrakt med Volda Tennislag for Gbr. 27/44-1 med 15 år frå 20.03.2037.

Utviding av festeavtalen kan tinglysast dersom Volda Tennislag ynskjer det, og det er naudsynt for å få spelemidlar til rehabilitering i samsvar med søknaden.

Vedleggsliste:

- Gjeldande festeavtale mellom Volda Tennislag og Volda kommune vedkomande Gnr. 27/44-1
- Målebrev nr. 3678.

Uprenta saksvedlegg:

- Diverse dokumentasjon rundt inngåinga av festekontrakten (ligg på saka)

Samandrag av saka:

Volda Tennislag skal rehabilitere Tennishallen på Bratteberg. M.a. skal dei skifte Boltex-teppe i hallen og dei utvendige takplatene som er rusta rundt festeboltane.

For å kunne søke om spelemidlar, må vi ha ein festeavtale som gjeld min. 30 år fram i tid. Dagens festeavtale med Volda Kommune er inngått i 1997 og gjeld for 40 år. Dei må difor enten få ein ny festeavtale som gjeld for min. 30 år eller at noverande festeavtale vert utvida med t.d. 30 år..

Rådmannen vil tilrå utviding av noverande Festeavtale.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune har motteke søknad frå Volda Tennislav v/leiar Oddbjørn Nes om å få ny festeavtale på Gnr. 27/44-1.

Av søknaden går det m.a. fram:

*"Volda Tennislav må rehabilitere Tennishallen på Bratteberg. Vi må skifte Boltex-teppe i hallen og dei utvendige takplatene er rusta rundt festeboltane ++ og bør også skiftast snart og vi har kontakta Per Heltne for å få hjelp til ein søknad om spelemidlar.
Som han nemner i e-posten nedanfor, må vi ha ein festeavtale som gjeld min. 30 år fram i tid.
Dagens festeavtale med Volda Kommune er inngått i 1997 og gjeld for 40 år. Derfor må vi få ein ny festeavtale som gjeld for min. 30 år ".*

Som det går fram av søknaden vart gjeldande festeavtale inngått i 1997 for 40 år såleis fram til 2037. Dette er ikkje nok for å få spelemidlar, då der er krav om 30 års avtale.

I pkt. 3 i gjeldande avtal går det fram at festetida er 40 år med høve til forlenging, og i pkt. 4. går det fram at den årlege festeavgifta vert sett til kr. 0,- (vederlagsfritt)

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Slik saka står har rådmannen ikkje mykje å tilføre saka. Rådmannen syner til at noverande avtale gjeld fram til 2037, altså i 20 år til. Volda Tennislav ynskjer å rehabilitere Tennishallen på Bratteberg. Eg ser det difor som urimelig dersom kommunen som er bunden av avtalen i 20 år til, "stikk kjeppar i hjula" for ei mulig rehabilitering/vedlikehald av tennishallen og der Tennislaget kan motta spelemidlar. Ein kan sjølvsagt endre vilkåra for kontrakten etter at avtalen går ut. Slik kontrakten er utforma, og leigaren er ein ideell organisasjon ser eg ikkje noko poeng i det, då ei evt. overdraging av festeretten skal godkjennast av kommunestyret.

Rådmannen vil tilrå søknaden imøtekomen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Tennislav v/Oddbjørn Nes
Utvikling v/P. Heltne


Klageinstans:

FESTEKONTRAKT

1. Volda kommune v/ordføraren festar med dette bort til Volda Tennislager egedomen gnr.27 bnr. 44 -1 i Volda, som skal nyttast til oppføring av idrettsbygg/tennishall og til utandørs baneanlegg. Jamsfør vedtak i kommunestyret den 22.10.92 sak 138/92.
2. Parsellen er vist på målebrev nr. 3678 og måler 3080.7 m².
3. Festetida er på 40 år frå underteikninga av denne kontrakta med høve til fornying.
4. Den årlege festeavgifta vert sett til kr. 0,- (vederlagsfritt).
5. Utgiftene i samband med oppmåling og tinglysing av målebrev og festekontrakt skal dekkast av Volda Tennislager.
6. Festaren har rett til å overdra og pantsette festeretten i samsvar med denne kontrakta når det skjer i samband med overdraging eller pantsetting av bygninga(ne) på tomte. I tilfelle tvangssal av bygninga(ne) har kjøparen rett til å overta festeretten.

Ei eventuell overdraging av festeretten må godkjennast av kommunestyret.
7. Festaren pliktar å halde området inngjerda, dersom det vert stilt krav om dette.
8. Festekontrakta tek til å gjelde når den er godkjent av Volda kommunestyre.
9. Kontrakta er utferda i 3 eksemplar, eitt til kvar av partane og eitt for tinglysing.
10. Tvist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal gjerast av ei voldgiftsnemnd på 3 personar, der kvar av partane nemner opp kvar sitt medlem og Lensmannen i Volda nemner opp formannen. I tilfelle ein eller begge partane ved tvist ikkje nemner opp sin representant innan 14 dagar, skal representanten utpeikast av Lensmannen i Volda.

Volda, 07.02 1994



Volda kommune
v/ordføraren



ORDFØRAREN I VOLDA KOMMUNE

Volda, 20.03 1994


Volda Tennislager

Kommune
VOLDA

MÅLEBREV	☒ uten grensejustering ☐ med grensejustering
J.nr.	29/93
Målebrev nr.	3678
Evt. midl. forretning, dato, ref.nr.	

Målebrev over

	Gnr.	Bnr.	Festenr.
Eiendom	27	44	1
	Bruksnavn/adresse TENNISTOMTA		
Areal	3080,7 m ²		

Dagbokstempel

I henhold til delingsloven av 23. juni 1978 er det holdt følgende forretning

Dato for forretningen	04.05.1995
Rekvirent	VOLDA KOMMUNE
Bestyrer	BJØRN REITE
Forretning	KARTFORRETNING OVER FESTETOMT NR 1 UNDER GNR 27 BNR 44.

Underskrift

Sted	Dato	Underskrift	Underskrift
VOLDA	04.07.95	BJØRN REITE	SIGBJØRN HESSEN

Tinglysing

Dagbokstempel	Tinglysingsstempel
---------------	--------------------

Påtegninger (rettelser o.l)


--

Gnr 27	Bnr 44	Festnr 1
Representasjonspunkt		
X 462194	Y 3281	Z
Kartblad AO097-1-45		X Landsnett
Målestokk 1:1000	Areal 3080.7 m ²	

MÅLEBREVKART

Jnr 29/93
Målebrev nr 3678

PUNKT	X	Y	SIDE	RADIUS	MERKING
33298	462220.795	3256.079	67.45		Godkj. grensemerke i jord
33299	462210.200	3322.690	5.07		Godkj. grensemerke i jord
32983	462205.397	3321.070	15.70		
32984	462190.523	3316.052	14.57		Godkj. grensemerke i jord
32985	462177.201	3321.960	25.74		Godkj. grensemerke i jord
32986	462174.537	3296.358	29.43	860.499	Godkj. grensemerke i jord
32987	462170.992	3267.139	17.49	860.499	
32989	462168.414	3249.844	18.28		Godkj. grensemerke i jord
32988	462185.106	3242.396	2.60		Godkj. grensemerke i jord
4763	462187.440	3243.551	12.74		
5604	462199.413	3247.893	1.17		
4762	462200.511	3248.292	16.62		
32982	462216.026	3254.248	5.11		





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2014/1745

Arkivkode: Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/17	Formannskapet	21.03.2017
	Kommunestyret	30.03.2017

VALG AV OPSJONAR FOR BOTNAVEGEN FØR KONTRAKT MED ENTREPRENØR

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 782 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.

Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare

Tillegsløyvinga på Kr 16.037.000,- vert finansiert slik

Låneopptak kr 13.080.000,- (innanfor låneramma i 2017-budsjettet)
Momskompensasjon kr 2.957.000,-

2. Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 746 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.
3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Vedleggsliste:

K-sak 110/16: Tillegsløyving, utbetring av Botnavegen kommunestyresak 29.09.2016
Kart der dei ulike opsjonane er avmerka

Samandrag av saka:

15.07.2016 vart full opprusting av Botnavegen lyst ut på anbod. Utlysinga hadde frist 01.09.2016, og der kom inn 3 tilbod. Lågaste pris vart innstilt , og vart grunnlag for tilleggsfinansiering i kommunestyret K-sak 110/16 frå 29.09.2016. Finansieringa av prosjektet er etter dette vedtaket på Kr 25.527.960,- inkludert mva.

Det vart klaga på tildelinga av oppdraget frå alle dei entreprenørane som ikkje vart innstilt. Grunnen til klaga var formalfeil i utlysinga og habilitetsspørsmål vedrørende den entreprenøren som vart innstilt. Utlysinga måtte då avlysast.

I formannskapsmøte 18.10.2016 vart administrasjonen oppmoda om å redusere totalkostnaden med prosjektet før ny utlysing, ved å dele opp i opsjonar som kommunestyre kan velje i.

Prosjektet vart delvis omprosjektert og lyst ut på nytt 19.12.2016 med tilbodsfrist 13.02.2017. Før kontrakt får no kommunestyret gjere val av opsjonar for eventuell reduksjon i kostnad samanlikna med finansieringsvedtak 29.09.2016.

Hovuddelen av anbudet omfattar full opprusting av vegen mellom kryss vikebygdvegen og storelva, inkludert veg til ridebane og bru over storelva. Vegen til ridebane er redusert frå 4 til 3 meter breidde frå fyrste utlysing.

Pris hovuddel: Kr 13.039.488,- + mva Kr 3.259.872,- Totalt Kr 16.299.360,-

I anbudet er det gitt pris på 3 opsjonar i tillegg:

Opsjon 1: Komplette regulert og prosjektert tiltak frå storelva til botnasanden, inkludert VA til botnasanden.

Opsjon 2: Forenkla løysing frå storelva til avkøyrsløp Nymark.

Opsjon 3: Forenkla løysing frå Storelva til Botnasanden.

Ny opsjon 4: I tillegg har vi bede om pris på eit fjerde alternativ, som er ein redusert kombinasjon av dei andre opsjonane.

Volda kommune fekk inn tre tilbod frå ulike lokale entreprenørar. Aurstad AS hadde lågaste pris og har fått tildelt oppdraget. Klagefrist på tildelinga er 17.03.2017.

Saksopplysningar/fakta:

15.07.2016 vart full opprusting av Botnavegen lyst ut på anbod. Utlysinga hadde frist 01.09.2016, og der kom inn 3 tilbod. Lågaste pris vart innstilt , og vart grunnlag for tilleggsfinansiering i kommunestyret 29.09.2016. Finansieringa av prosjektet er etter dette vedtaket på Kr 25.527.960,- inkludert mva.

Det vart klaga på tildelinga av oppdraget frå alle dei entreprenørane som ikkje vart innstilt. Grunnen til klaga var formalfeil i utlysinga og habilitetsspørsmål vedrørende den entreprenøren som vart innstilt. Utlysinga måtte då avlysast.

I formannskapsmøte 18.10.2016 vart administrasjonen oppmoda om å redusere totalkostnaden med prosjektet før ny utlysing, ved å dele opp i opsjonar som kommunestyre kan velje i.

Prosjektet vart delvis omprosjektert og lyst ut på nytt 19.12.2016 med tilbodsfrist 13.02.2017.

Før kontrakt får no kommunestyret gjere val av opsjonar for eventuell reduksjon i kostnad samanlikna med finansieringsvedtak 29.09.2016.

Hovuddelen av anbudet omfattar full opprusting av vegen mellom kryss Vikebygdvegen og storelva, inkludert veg til ridebane og bru over storelva. Vegen til ridebane er redusert frå 4 til 3 meter breidde frå fyrste utlysing.

Pris hovuddel: Kr 13.039.488,- + mva Kr 3.259.872,- Totalt Kr 16.299.360,-

I anbudet er der gitt pris på 3 opsjonar i tillegg.

Opsjon 1: Komplett regulert og prosjektert tiltak frå storelva til botnasanden, inkludert VA til botnasanden. Kr 5.220.373,- +mva Kr 1.305.093,- Totalt Kr 6.525.467,-

Opsjon 2: Forenkla løysing frå Storelva til avkøyrslø Nymark. Kr 422.695,- + mva Kr 105.674,- Totalt Kr 528.369,- Denne opsjonen inneber ei avkorting av veganlegget i høve til tidlegare anbud og er ei forenkla løysing med avretting, utjamning og asfaltering av eksisterande veg med dagens bredde.

Opsjon 3: Forenkla løysing frå Storelva til Botnasanden. Kr 767.365,- + mva Kr 191.841,- Totalt Kr 959.207,- Denne opsjonen inneber ei forenkla løysing med avretting, utjamning og asfaltering av eksisterande veg med dagens bredde.

Ny opsjon 4:

I tillegg har vi bede om pris på eit fjerde alternativ, som er ein redusert kombinasjon av dei andre opsjonane: Forenkla opprusting av vegen mellom storelva og botnasanden med grus fiberduk og asfalt, oppgradering av kulvert over høgedalselva, vegbredde redusert til 4m, utskifting av alle stikkrenner og framlegging av VA til Botnasanden. Denne opsjonen vil erstatte dei tre andre opsjonane. Totalkostnad for denne oppsjonen er: Kr 1.686.450,- + mva Kr 421.613,- Totalt Kr 2.108.063,- (Kotnad med VA heilt fram til Botnasanden er Kr 560.000,-)

Volda kommune fekk inn tre tilbod frå ulike lokale entreprenørar. Aurstad AS hadde lågaste pris og har fått tildelt oppdraget. Klagefrist på tildelinga er 17.03.2017.

Ved val av opsjon 1, overskrider prosjekt løyvinga frå 29.09.2016 med Kr 1.834.000,- inkl. mva.

Ved val av opsjon 2, sparar prosjektet i høve løyvinga frå 29.09.2016 Kr 4.163.000,- inkl. mva.

Ved val av opsjon 3, sparar prosjektet i høve løyvinga frå 29.09.2016 Kr 3.732.000,- inkl. mva.

Ved val av opsjon 4, sparar prosjektet i høve løyvinga frå 29.09.2016 Kr 2.746.000,- inkl. mva.

Mange poster i anbudet er mengderegulert slik at vi ikkje har full kontroll på totalkostnad før prosjektet er ferdigstilt.

Tabell nedanfor er ei samanstilling av pr. tid kalkulerte totale kostnader til prosjektet. Prosjekt: BOTNAVEGEN

Delkostnader	Kostnader		
	Eks. mva.	Mva.	Tot.
Innleigde prosjekteringstenester	600 000,-	150 000,-	750 000,-
Hovuddel Botnavegen inkl veg til ridebane	13 039 488,-	3 259 872,-	16 299 360,-
Opsjon 4	1 686 450,-	421 613,-	2 108 063,-
Grunnerverv (ikkje mva. på grunnkjøp)	1 250 000,-	0,-	1 250 000,-
Interne administrative kostnader	900 000,-	225 000,-	1 125 000,-
Uføresette kostnader	1 000 000,-	250 000,-	1 250 000,-
SUM	18 475 938,-	4 306 484,-	22 782 422,-
Hittil finansiert			6 745 000,-
Manglande finansiering			16 037 422,-

Vurdering og konklusjon:

Uansett kva alternativ ein vel for utbygging av heile veganlegget så vil det representere ei relativt høg investering til eitt enkelt vegprosjekt. Kommunestyret får vurdere kor vidt ein vil vurdere opsjonar som reduserer kostnaden.

Rådmannen til rå til at ein gjennomfører utbygging av Botnavegen inklusive veg til ridebaneanlegget som tidlegare vedteke, og at kommunen tiltrer opsjon 4 med framlegging av VA heilt fram til Botnasanden. Dette vil gi betre breidde og bereevne for vegen, samtidig som dette alternativeet til vere fordelaktig i høve utbygging av turveg rundt Rotevatnet. Det vil då vera mogleg å etablere sanitæranlegg til for turgåarar ved halvvegspunktet til turvegen. Vidare vert det vurdert som formålstenleg med oppgradering av stikkrenne langs heile vegen i tillegg til ny kulvert over Høgedalselva med akseltrykk på 13 tonn. Vegen vert då godt nok opprusta til tømmertransport heilt fram til Botnasanden. Opsjon 1, med full masseutskifting av vegen mellom Storelva og Botnasanden vurderast som for kostbar for ein veg med så lite trafikk.

Når det gjeld ridebanevegen vert det tilrådd å redusere vegbreidda i høve tidlegare løysing. Ridebaneanlegget må vurderast som eit sentralanlegg for ridesport i Volda kommune, og at det derfor vil vere naturleg at kommunen støttar tiltaket slik det allereie er gjort vedtak om i K-sak 110/16.

Økonomiske konsekvensar:

Redusert låneopptak med Kr 2.234.000,- i høve til tidlegare godkjenning/løyving.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Administrasjonen

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/1745	11511/2016	Q14	SVK/ SONHAV	03.10.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - TILLEGGS LØYVING, UTBETRING AV BOTNAVEGEN

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 29.09.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 110/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggs løyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggs løyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 15 314 000,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 3 516 000,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr 18 830 000,-</i>

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggs løyvinga i punkt 1, og utgjer:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 1 029 464,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 257 366,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr 1 286 830,-</i>

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Sakutgreiinga følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

VOLDA RIDEKLUBB

Bjørn Magnar Rotevatn

Henrik Skovly - økonomisjef

Pål Are Vadstein - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Pål Are Vadstein

Arkivsak nr.: 2014/1745

Arkivkode: Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
161/16	Formannskapet	20.09.2016
110/16	Kommunestyret	29.09.2016

TILLEGGSLØYVING, UTBETRING AV BOTNAVEGEN

Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om han var ugild. Sundal si bestemor er ein av grunneigarane langs Botnavegen, K.l. § 40, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting ugildskap:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild.

Det var 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Per Svein Krøvel, H, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Punkt 1 som oppført minus kostnadane i punkt 2.

Punkt 2 går ut.

Punkt 3 som oppført.

Punktvis røysting:

Ved alternativ røysting mellom pkt. 1 tilrådinga frå formannskapet og pkt. 1 i framlegget frå Per Svein Krøvel, fekk tilrådinga frå formannskapet 24 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Krøvel fekk to røyster og fall.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 2 tilrådinga frå formannskapet og pkt. 2 i framlegget frå Per Svein Krøvel, fekk tilrådinga frå formannskapet 24 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Krøvel fekk to røyster og fall.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 15 314 000,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 3 516 000,-</i>
SUM	kr 18 830 000,-

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjør:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 1 029 464,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 257 366,-</i>
SUM	kr 1 286 830,-

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Odd Harald Sundal tok sete.

Handsaming:

Sakshandsamar Pål Are Vadstein møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om ugildskap. Sundal si bestemor er ein av grunneigarane langs Botnavegen, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting gildskap:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild.

Røysting (sju røysteføre):

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen.

Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 fekk seks røyster og vart vedteke, Margrete Bjerkvik røysta imot.

Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 15 314 000,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 3 516 000,-</i>
SUM	kr 18 830 000,-

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjør:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 1 029 464,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 257 366,-</i>
SUM	kr 1 286 830,-

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Odd Harald Sundal tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 15 314 000,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 3 516 000,-</i>
SUM	kr 18 830 000,-

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjør:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 1 029 464,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 257 366,-</i>
SUM	kr 1 286 830,-

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Vedlegg til saka:

- Brev frå Bjørn Magnar Rotevatn ang. vegtilkomst til ridebane, datert 09.05.15.
- Vedtak frå kommunestyret 27.08.15.

Samandrag av saka:

Utbetring av Botnavegen har vore ute på anbod, og innkomne tilbod er pr. i dag under evaluering. Anbudet er todelt, med éin hovuddel som omhandlar Botnavegen, og éin opsjonsdel som omhandlar etablering av ny vegtrasé til ridebanen til Volda rideklubb.

Rimelegaste innkomne tilbod for komplett utbetring i samsvar med reguleringsplan, er *før kontraktsinngåing*, på kr 17 522 367,- eks. mva. Opsjonsdelen som gjeld veg til ridebana er inklusiv i denne summen, og utgjer kr 1 029 464,- eks. mva.

Til prosjektet er det pr. i dag løyvd kr 6 700 000,- inkl. mva., der kr 3 500 000,- er løyving frå 2016, og kr 3 200 000,- er ubrukte midlar frå tidlegare år. Skal ein kunne gjennomføre tiltaket slik som det er regulert, er det behov for tilleggsfinansiering.

Saksopplysningar:

I april 2016 starta prosjektering av prosjekt 701102, "Botnavegen utbetring". Prosjektering vart gjennomført med utgangspunkt i tilhøyrande reguleringsplan datert 10.04.2014, godkjend 22.05.2014. Prosjektet tiltak er i tråd med dei føringar som er lagde i planomtalen. Prosjektet har nyleg vore ute som offentlig anbodskonkurranse for utførande del.

Anbudet er todelt, med éin hovuddel som omhandlar Botnavegen, og éin opsjonsdel som omhandlar etablering av ny vegtrasé til ridebanen til Volda rideklubb. Bakgrunnen for at veg til ridebanen var med i detaljprosjektering og komplett tilbodsforespurnad, er at kommunestyret 27.08.15 gjorde vedtak om at Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge denne vegen i samband med prosjekt Botnavegen.

Tre lokale entreprenørar ga inn tilbod på prosjektet. Tilboda er kontrollrekna, og det lågaste tilbodet er på totalt kr 17 522 367,- eks. mva. Denne summen omfattar både Botnavegen og veg til ridebana. Kostnad for opparbeiding av veg til ridebana utgjer kr 1 029 464,- eks. mva.

Kostnader og finansiering:

Tabell nedanfor er ei samanstilling av pr. tid kalkulerte totale kostnader til prosjektet.

Prosjekt: BOTNAVEGEN			
Delkostnader	Kostnader		
	Eks. mva.	Mva.	Tot.
Innleigde prosjekteringstenester	400 000,-	100 000,-	500 000,-
Utførande del, Botnavegen	16 492 904,-	4 123 226,-	20 616 130,-
Utførande del, veg til Ridebane	1 029 464,-	257 366,-	1 286 830,-
Grunnerverv (ikkje mva. på grunnkjøp)	1 250 000,-	0,-	1 250 000,-
Interne administrative kostnader	500 000,-	125 000,-	625 000,-
Uføresette kostnader	1 000 000,-	250 000,-	1 250 000,-
SUM	20 672 368,-	4 855 592,-	25 527 960,-
Hittil finansiert			6 700 000,-
Manglande finansiering			18 827 960,-

Merk! Tabell ovanfor er med utg.pkt. i at rimelegaste tilbod vert innstilt som vinnar av anbudskonkurransen. Kostnaden med grunnerverv vil verte fastsett ved frivillig skjøn.

Utgifter så langt i prosjektet:

- Interne administrative kostnader (prosjektleiar): Kr 128 172,45,-
 - Innleigde konsulenttenester til prosjektering og advokatutgifter til grunnavståing: Kr 388 845,00,-
 - Mva-utgifter: Kr 97 211,25,-
- Hittil brukt: Kr 614 228,70,-

Avvik, stipulerte og faktiske kostnader:

Prosjektet vert ein god del dyrare enn det som opprinneleg er stipulert. Dette avviket kan skuldast fleire årsaker. Kostnadane vart stipulert ved ein grov kalkulasjon, med utg.pkt. i mal for berekning av meter-pris på utbetring av tilsvarande vegar. På generelt grunnlag kan det seiast at det er svært vanskeleg å kalkulere kostnader på eit veganlegg *før* ein har starta detaljprosjektering av anlegget. Å kalkulere eit prosjekt med utg.pkt. i ein reguleringsplan, vert rett og slett for tynt grunnlag. Særskild når ein har med å gjere prosjekt i denne storleiken. Dess større prosjektet er, dess større vert gjerne avviket.

Botnavegen er eit omfattande prosjekt som på fleire måtar skil seg ut i høve tilsvarande vegar som er å vurdere som utbetningsprosjekt. Det er på det reine at Botnavegen i dag består av svært dårleg masse i vegggrunn. Dette medfører store kostnader til masseutskifting. Masseutskifting i dette omfanget vart kanskje ikkje teke høgde for ved fyrste kostnadsstipulering. Gatelys, fortau, grunnerverv m.m. var heller ikkje med. Sjølv om nemnde deltiltak er med i reguleringsplanen, kom dette utanom malen for meter-pris pr. veg som vart brukt ved vurdering av kostnader,

Utbetring av ein veg i så dårleg stand som Botnavegen er, medfører store kostnader. Når det er sagt så vurderer vi det til at innkomne prisar faktisk er rimelege, då prosjektet har vore ute på anbod i ei tid der prisane er nokså pressa.

Saka relatert til samfunnsdelen i kommuneplanen:

Tabell under viser at prosjektet samsvarer med samfunnsdelen på ei rekkje punkt.

Kapittel	Mål, strategiar og føringar (relevans til denne saka)	Sjekkliste for dette prosjektet
4.3 Attraktivitet	• Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvaradagen • Vidareutvikle gang- og stinettverket, og sikre gode tilkomst til natur- og friluftsområde. • Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet. • Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv. • Sikre areal til utvikling av kultur- og idrettsliv. • Vidareutvikle gang- og sykkelvegnettet, og sikre trygge barnehage- og skulevegar.	Fortau frå Vikebygdvegen til Vassbotn, vil vere svært positivt mtp. tilrettelegging for god tilkomst til flotte rekreasjonsområder med utg.pkt. i Vassbotnen. Fortau vil også ha mykje å seie for trafikktryggleiken i området. Betring av veg og infrastruktur, vil gjere det enklare for grunneigarar å vedlikehalde/drifte innmark og utmark. Veg til ridebana vil legge til rette for vidare utvikling av hestesporten i Volda kommune.
4.4 Busetting	• Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø • Sikre gode trafikale forhold i bustadområda, med vekt på trygg ferdsel for barn og unge.	Utbetring av Botnavegen vil gjere eigedomane meir attraktive, då trafikkmiljøet vert monaleg forbetra, med fortau, fast dekke og betre lyssetjing av vegtraséen.
4.7 Folkehelse	• Sikre nære friluftsområde og areal for idrettsaktivitetar. • Sikre moglegheit for å gå eller sykle til kvardagsaktivitetar (til dømes barnehage, skule, arbeid og fritidstilbod).	Med fortau og ny lyssetjing av vegen, vil dette gjere det tryggare for skuleborn på veg til og frå skule. Prosjektet betrar tilkomsten til golfbane, Rotevatnet og andre turstiar/turvegar i området. Med opparbeiding av ny veg til ridebana, vil dette også vere svært positivt mtp. å sikre at eit godt tilbod for hestesport-interesserte vert oppretthalde.
4.8 Klima og miljø	• Sikre gode gang- og sykkelvegløysingar.	Nemnd over.

4.10 Samfunnstryggleik	• Sikre optimal kommunikasjonsdekning og straumforsyning i heile kommunen. • Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsette område.	I prosjektet inngår omlegging av straumforsyning frå luftlinjer til jordkablar. Dette vil gi ei meir sikker forsyning til abonnentane. Oppgradering av overvassnettet vert ein viktig del av vegutbetringa. Nytt overvassanlegg, ny bru over Rotevasselva og ny bru over Høgedalselva er dimensjonert mtp. 200-årsflaum. Dette medfører at området er godt rusta mot eventuelle flaumar/store nedbørsmengder i framtida.
---------------------------	--	--

Ny veg til ridebana:

Det vart gjort vedtak i kommunestyret 27.08.15, at Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen.

Volda rideklubb leiger i dag arealet til ridebana. Grunneigar er Bjørn Magnar Rotevatn (27/1). Ein føresetnad for denne leigeavtalen, er at vegtilkomst skulle endrast i samsvar med det som no er prosjektert.

Grunneigar er klar på at ny veg til ridebana må etablerast. Grunneigar har fylgjande vilkår som må gjelde for ev. ny veg til ridebana: *”Vegen kan nyttast av ålmenta, men når det gjeld motorisert ferdsel skal vegen berre nyttast av brukarar av ridebana og kommunen. Grunneigar har fri rett til å nytte vegen slik det høver. Vegen må skiltast i samsvar med dette”* (utdrag frå vedlagt brev datert 09.05.15).

Viss kommunen skal ta på seg å bygge denne vegen, så vurderer vi det som viktig at vegen må vere open for alminneleg ferdsel, slik som grunneigar også skriv. Dette bør eventuelt også gjelde motorisert ferdsel, all den dag det skal byggast ein køyreveg med offentlege midlar. Kven som skal ha ansvar for vedlikehald av vegen, er så langt ikkje avklart, men ei løysing kan kanskje vere at rideklubben tek på seg dette. Det bør setjast som ein føresetnad at rideklubben og grunneigaren avklarar dette gjennom ei eiga avtale.

Vurdering og konklusjon:

Det bør løyvast naudsynt tilleggsfinansiering, slik at prosjektet kan gjennomførast etter reguleringsplan. Botnavegen bør gjennomførast som ei samla utbygging. Vi veit at det på søre Sunnmøre pr. tid er god konkurranse på anleggsoppdrag. Såleis er vi inne i ei gunstig periode for oppdragsgjevarar, då prisane frå entreprenørar er pressa. Innkomne tilbod på Botnavegen er trass alt rimelege, sjølv om dei er godt over det som tidlegare er stipulert. Samanliknar ein prisane med tilsvarande prosjekt som nyleg har vore ute på anbod, så indikerer dette at motteke pristilbod på Botnavegen er gunstige.

Det er ikkje mogleg å gjennomføre komplett tiltak utan at tilleggsøyving kjem på plass. Utan tilleggsøyving er alternativet då å redusere prosjektomfanget slik at ein ikkje gjennomfører meir enn ein pr. i dag har midlar til. Dette medfører å skjære kraftig ned på opphavleg plan. I praksis *kan* dette t.d. medføre:

- Utbetre berre ein del av Botnavegen, medan store delar av vegen vert oppretthalden som den er i dag.
- Ny gatelys-plan utgår.
- Behalde eksisterande bruer.
- Behalde luftlinjer framfor å legge kabelnettet i jord.
- Ikkje legge fast dekke på ny veg.
- Fortau utgår.
- Med meir.

Grunna den store skilnaden som er på løyvd beløp og det som utbetringa faktisk kostar, så seier det seg sjølv at ein i realiteten snakkar om to forskjellige prosjekt i høve hittil løyvd sum, og faktisk naudsynt sum til prosjektet. Dette er eit relativt stort prosjekt å godkjenne gjennom ei tilleggsøyving, og ideelt skulle ei stor ekstraløyving på investeringsbudsjettet ha vore handsama som ei budsjettsak for å sjå tiltaket opp mot ei samla prioritering. Konsekvensen av ei slik tilleggsfinansiering kan verte at andre prosjekt kan verte utsett eller prioritert ned i komande budsjett og økonomiplan. Kommunestyret bør såleis ta stilling til om ein vil gjennomføre anlegget med full utbygging med den kostnadsramma som no ligg føre.

Det har vore jobba med Botnavegen over lang tid, og standarden på vegen er dårleg. Stor reduksjon i omfanget av det som no er planlagt vil føre til at ein må pårekne noko ekstra tid til omprosjektering av tiltaket. Oppsummert kan dette fort føre til 2-4 månader utsetjing av oppstart anleggsarbeid.

Som offentlig byggherre, er vi forplikta til å følgje lovverket kring offentlege anskaffingar. Vert vi, grunna manglande finansiering, nøydd til å redusere omfanget som skissert ovanfor, betyr dette stor reduksjon av det anbudet som no har vore ute på konkurranse. Reglane om offentlege innkjøp byggjer på bl.a. ein grunnleggjande føresetnad om at det som faktisk skal innkjøpast samsvarar med det som er førespurd om i anbodskunngjeringa. Det er mogleg å gjere mindre justeringar ut i frå dette, men er det tale om *vesentlege* endringar må dette vurderast som ei ny anskaffing.

I samsvar med desse reglane, *kan* dette bety at vi vert tvinga til å gjennomføre ny anbodskonkurranse, då prosjektet vert monaleg endra enn det som i utg.pkt. er innhenta tilbod på. Grunnen til *kan* og ikkje *må*, er at denne regelen fyrst og fremst er mynta på eventuell *utviding* av anbud. Når det gjeld reduksjon av anbud, så er det noko uklart kor sterkt regelen gjeld for ei slik type endring.

Det er i anbodsbeskrivelsen teke atterhald om at byggherre står fritt til å redusere/auke mengdene som er beskrive. Likevel, same korleis regelverket tolkast og atterhald i konkurranseutlysinga er formulert, så må utgangspunktet vere at regelverket ikkje utan vidare tillet store endringar av opphavleg anbud, utan at det gjennomførast ny anskaffing. Ein må vere førebudd på at det vil verte kravd utlysing av ny anbodskonkurranse, om naudsynt tilleggsøyving ikkje vert innvilga.

Å redusere prosjektomfanget er også uheldig mtp. at dette medfører eit heilt anna tiltak enn det som innbyggjarane har hatt forventningar om. Alle deltiltak av prosjektet har samanheng med kvarandre og utgjer ei heilskapleg og framtidsretta utbetring for vegen og tilkomsten til området.

Eit anna alternativ kan vere at ein avgjer at komplett prosjekt skal gjennomførast på sikt, men at det vil skje delvis gjennom fleire år. I dette inngår at utarbeidd anbod splittast opp, og det vert gjennomført nye anbodskonkurransar for kvart deltiltak etterkvart som det vert løyvd midlar. Dette inneber fleire anbodskonkurransar over eit tidsrom som kan verte langvarig. Dette er ei dårleg løysing, både tidsmessig og økonomisk. Det vil t.d. vere atskilleg dyrare å gjennomføre tilstrekkeleg lyssetjing av Botnavegen *etter* at vegen er utbetra. Det same gjeld for utbetring av bruer, auke kapasiteten på overvass-nettet, bygge fortau osv. Det er *no* ein har moglegheit til å få med alt dette for ein rimeleg kostnad, då der allereie skal gjennomførast anleggsarbeid.

Ei eventuell delvis utbygging av Botnavegen vil etter all sannsyn medføre monaleg større sluttkostnad for prosjektet, med mange kontrakter å forhalde seg til. Ordresituasjonen og etterspurnad varierer mykje i anleggsbransjen, og om eit år kan situasjonen vere heilt annleis enn i dag, som medfører at entreprenørane opererer med større einingsprisar. Dette er eit vesentleg argument for at kommunen bør utnytte situasjonen som er i bransjen no, all den dag det er "kjøpars marknad".

Ei delvis utbygging vil også medføre at brukarar av Botnavegen vil opphalde seg i eit langvarig anleggsområde, med alle dei ulempene det medfører.

Økonomiske konsekvensar:

Auka lånebyrde for Volda kommune.

Med det historisk låge rentenivået vi har i dag, så vil dei samla finansutgiftene med ei slik tilleggsløyving utover det som ligg i budsjettet (inkludert avdrag), auke med ca. kr 750 000,- årleg dei komande åra.

Ei eventuell frigrunnsavtale kunne ha redusert kostnadane noko. Det er inngått avtale om at grunnprisen skal fastsetjast av skjønnsretten, så eit ev slikt initiativ bør kome frå grunneigarane.

Prosjektet kan verte både rimelegare og dyrare enn det som er opplyst om i denne saksutgreiinga. Faktiske kostnader veit ein ikkje endeleg før prosjektet er ferdig utført.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Komplett utbetring av Botnavegen vil ha mykje å bety for beredskap. Tiltaket vil vere svært positivt for vegvedlikehald og snøbrøyting. Oppgradering av overvass-nettet, nye bruer og kulvertar, medfører auka kapasitet i høve flaumtilstandar.

Auka vegbreidd, betre vegkurvatur, etablering av fortau og betre lyssetjing langs vegen, er positivt for trafikktryggleiken. Omlegging av el- og telenettet frå luft til jord medfører sikrare og meir stabil forsyning.


Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

OPSJONAR BOTNAVEGEN



Enkel utgreiing av innhaldet i dei ulike opsjonane

Volda kommune v/
Pål-Are Vadstein
Prosjektleder



Innhald

OVERSIKT.....	3
Kort samanstilling av dei ulike alternativa	3
OPSJON 1.....	3
Kart/flyfoto.....	3
Innhald	4
Kostnad	5
OPSJON 2.....	6
Kart/flyfoto.....	6
Innhald	6
Kostnad	7
OPSJON 3.....	8
Kart/flyfoto.....	8
Innhald	8
Kostnad	8
ALTERNATIV 4/OPSJON 4	9
Kart/flyfoto.....	9
Innhald	9
Kostnad	10

OVERSIKT

Kort samanstilling av dei ulike alternativa

Anbudet er bygt opp med 3 opsjonar, der kvar opsjon representerer ulike alternativ til utbetring av vegen innanfor Storeelva. Dei 3 opsjonane (1-3) opsjonane er motsetnader, og innløyising av ein opsjon medfører at to andre utgår. Utbetringsalternativa som er stilt opp i kvar opsjon, medfører at det er aktuelt å berre nytte éin av opsjonane.

Opsjon 1: Gjeld komplett regulert og prosjektert tiltak frå Storeelva til Botnasanden.

Opsjon 2: Forenkla løysing frå Storeelva til avkøyrslø Nymark.


Opsjon 3: Forenkla løysing frå Storeelva til Botnasanden.

Etter at tilboda kom inn, har vi i ettertid skissert eit 4. alternativ også, Opsjon 4.

Opsjon 4: Kombinasjon av opsjon 1 og 3. Opsjon 3 med element av opsjon 1.

OPSJON 1

Kart/flyfoto





Innhald

Opsjon 1 vert å rekne som ei lenging av hovuddel, med same vegstandard og tekniske løysingar som i hovuddel, med unntak av etablering av fortau. Opsjon 1 er komplett prosjektert utbetring frå Storeelva til Botnasaden.

- 6 m breidde på veg, der køyrebanen vert 5 m, og vegskuldrene 2 x 0,5 m.
- Fullstendig masseutskifting og oppbygging av nytt forsterkningslag og bærelag.
 - Forsterkningslag: Minimum (v/grunnforhold T2) 40 cm pukk/kult.
 - Avrettingslag: Finpukk/grus.
 - Nedre bærelag: 10 cm grus (0-32).
 - Øvre bærelag: 7 cm AP22.
 - Slitelag: 5 cm Agb11.
 - I og med at grunnen er såpass dårleg på dette strekket, må ein kanskje legge eit tjukkare forsterkningslag (T4, 60 cm).
- Etablere open vegggrøft med fleire nye stikkrenner.
- Full utbetring av eksisterande stikkrenner.
- Gjere tiltak for å drenere den fuktige grunnen (særskild ved Nymark-Botnasanden), ved å etablere eit godt OV-system med open vegggrøft og stikkrenner.
- Overvassgrøfter, kummar og drenering av grunnen ved 28/2.
- Utbetring av kulvertar over Svartelva og Drabløselva (Hjelle).
- Riving av bru over Høgedalselva og erstatte med kulvert som er dimensjonert for 13 tonn aksellast (vegklasse 3).
- Framføring av VA-leidningar fram til Botnasanden, for framtidig pumpehus/sanitæranlegg til badeplass.
- Omlegge luftspenn til bakketrasé heilt fram til avkøyrsløp til Nymark (i staden for å stoppe ved Storeelva).
- Kabelgrøfter fram til abonnentar (Mørenett held uansett alle kostnader med kabelgrøfter utanom veg, så dette vil ikkje påverke kostnaden for Volda kommune).
- Utbetring av gateløys/ny gateløysplan skal uansett ikkje gå lenger enn til Storeelva. Derimot; viss ein likevel skal legge luftspenn i bakke også frå Storeelva til Nymark, så må ein til med oppstikk til kvar einskild eksisterande gateløysstolpe innanfor Storeelva.





- Forlenge framføring av 50 mm reserverør/trekkerør heilt fram til Botnasanden.
- Vegen vil med visse atterhald stette krav til vegklasse 3, heilårs landbruksveg. Krava er bl.a.:
 - Dimensjonerende aksellast: 13 t på bruer og 10 t på veg.
 - Vegbredden skal være minimum 4.0 m. Med vegbredden menes kjørebane pluss skulder på hver side.
 - Grøftedybden skal være minimum 20 cm under planum. Bunnbredden skal være minimum 30 cm.
 - Overbygningen kan bestå av filterlag, forsterkningslag, bærelag og slitelag. For landbruksveger som bygges på god byggegrunn og har liten trafikkbelastning, vil ofte filterlag, forsterkningslag og bærelag inngå i samlebegrepet bærelag, og skal tilfredsstille de kravene som settes til bærelag under hver enkelt vegklasse.
 - Forsterkningslag skal bestå av bæredyktige, ikke telefarlige og godt drenerende materialer med god kornform.

Kostnad

Opsjon 1 = Kr 5 220 374,- + mva.

Enkelte postar i opsjon 1 gjerast opp etter medgåtte mengder, slik at ein må pårekne eit mindre avvik på opplyst pris og faktisk kostnad etter ferdigstilling.

OPSJON 2

Kart/flyfoto



Bru over storelva i
Vassbotn.



L=420 m



Avkøyrsløse til Nymark.

Innhald

Opsjon 2 vert å rekne som ei vesentleg forenkla løysing samanlikna med hovuddel og opsjon 1. Vegstandarden vert betre enn i dag, men monaleg redusert i høve løysingar skissert i opsjon 1. I tillegg er nye tekniske anlegg og komponentar, som kummar, VA-leidningar, kablar m.m. fråverande i opsjon 2.

Opsjon 2 gjeld frå Storeelva og fram til avkøyrsløse til Nymark, totalt omlag 420 m, frå P1130 til P1550, og inneber i praksis berre asfaltering av eksisterande veg.

- Avskaving av eksisterande vegmasse der det er naudsynt (bl.a. for å utjamne svokker og høgdedrag).
- Utlegging av nytt bærelag og topplag til prosjektert høgde.



- Eksisterande vegbreidde skal oppretthaldast, dvs. snittbreidde på 3,8 m. Vegen skal ikkje breiddeutvidast.
- Ev. bruk av fiberduk ved særskild dårlege grunnforhold.
- 0-32 avrettingsmasse på eksisterande vegmasse der det er naudsynt.
- 7 cm AP22 på nytt avrettingslag eller eksisterande vegmasse.
- 5 cm AGB11 på AP22.
- Kulvertar og bruer er som dei er i dag.
- Ingen nye stikkrenner.
- OV-anlegget er som det er i dag.
- Ingen nye vegggrøfter.
- Kabelføring vert som det er i dag (luftspenn).
- Ingen fellesgrøft (VA og kablar) fram til Botnasanden.
- Ingen framføring av trekkerør/reserverør.

Vegen vil få fast dekke, men vil ikkje stette krava til vegklasse 3, heilårs landbruksveg.


Kostnad

Opsjon 2 = Kr 422 695,- + mva.

Alle postar i opsjon 2 gjerast opp etter medgåtte mengder, slik at det må takast noko atterhald på opplyst kostnad.

OPSJON 3

Kart/flyfoto



Innhald

Opsjon 3 er identisk med opsjon 2, bortsett frå at utbetringa gjeld heilt fram til Botnasanden, i motsetnad til opsjon 2 som stoggar ved avkøyrsløse til Nymark. Opsjon 3 gjeld frå Storeelva og fram til avkøyrsløse til snuplass ved Botnasanden, totalt omlag 850 m, frå P1130 til P1980, og inneber i praksis berre asfaltering av eksisterande veg. Eksisterande vegbreidde skal oppretthaldast, dvs. snittbreidde på 3,6 m.

Kostnad

Opsjon 3 = Kr 767 366,- + mva.

Alle postar i opsjon 3 gjerast opp etter medgåtte mengder, slik at det må takast noko atterhald på opplyst kostnad.

ALTERNATIV 4/OPSJON 4

Kart/flyfoto



Bru over storelva i
Vassbotn.

L=860 m

Snuplass ved
Botnasanden.

Innhold

Opsjon 4 er identisk med opsjon 3, bortsett frå at utbetringa er litt meir omfattande enn berre å asfaltere eksisterande veg. Opsjon 4 er ein kombinasjon av opsjon 1 og 3.

Opsjon 4 inneber:

- Avskaving av eksisterande vegmasse der det er naudsynt (bl.a. for å utjamne svokker og høgdedrag).
- Utlegging av nytt bærelag og topplag til prosjektert høgde.
- Vegen skal breiddeutvidast til 4 m (vegklasse 3).
- Ev. bruk av fiberduk ved særskild dårlege grunnforhold.
- 0-32 avrettingsmasse på eksisterande vegmasse der det er naudsynt.
- 7 cm AP22 på nytt avrettingslag eller eksisterande vegmasse.
- 5 cm AGB11 på AP22.



- Riving av bru over Høgedalselva og erstatte med kulvertar som er dimensjonert for 13 tonn aksellast (vegklasse 3).
- Framføring av VA-leidningar fram til Botnasanden, for framtidig pumpehus/sanitæranlegg til badeplass.
- Utbetring av eksisterande stikkrenner der det er størst behov.
- Etablering av fleire nye stikkrenner.
- Sikre god OV-handtering i vegen ved 28/2.
- Vegen vil med visse atterhald stette dei fleste krav stilt i vegklasse 3.
- Kabelføring vert som det er i dag (luftspenn).

Grovt oppsummert er opsjon 4 lik opsjon 1, bortsett frå at det i opsjon 4 ikkje skal vere masseutskifting av veg, noko færre/mindre tiltak mtp. handtering av overvatn, mindre vegbreidde enn i opsjon 1, og eksist. luftspenn skal ikkje leggst i bakketrasé.

Kostnad

Alternativ 4/opsjon 4 = Kr 1 686 450,- + mva.

Dei fleste postar i opsjon 4 gjerast opp etter medgåtte mengder, slik at det må takast noko atterhald på opplyst kostnad.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2016/1093

Arkivkode: B20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/17	Formannskapet	21.03.2017
7/17	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	13.03.2017
	Kommunestyret	30.03.2017
10/17	Driftsstyret	15.03.2017

PPT- AVTALE OM REGIONALT SAMARBEID

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.*
- 2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.*
- 3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnader knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.*
- 4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.*

Vedleggsliste:

1. Framlegg til avtale om regionalt samarbeid om PPT (PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta)
2. Oppseiing av samarbeidsavtale med Ørsta kommune
3. Orientering til formannskapet, 27.01.17

Samandrag av saka:

PP-tenesta er heimla i opplæringslova § 5-6:

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk- psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.

Volda og Ørsta kommunar har i ei årrekke samarbeidd om ei sams pedagogisk psykologisk teneste. Fram til 01.07.2015 vart tenesta leia eit eige styre sett saman av representantar frå både kommunar, som saman med dagleg leiar utøvde arbeidsgjevaransvaret.

Etter revisjon av kommunelova gjeldande frå 01.01.2014, vart endring av organisatorisk tilknytning av PPT i inngått samarbeidsavtale mellom kommunane aktualisert. I møte i styringsgruppa for samarbeidstiltak mellom Volda og Ørsta 27.05.2014, der ordførarar, rådmenn og hovudtillitsvalde møtte, vart det difor frå begge kommunane uttrykt ønskje om at PP-tenesta fekk ei nærare organisatorisk tilknytning til lokaliseringskommunen gjennom vertskommunemodell etter kommunelova. Dette skulle sikre tenesteområdet ei forsvarleg organisatorisk tilknytning og forvaltning, og Volda kommune bad Ørsta kommune om å utgreie sak for politisk handsaming.

I møte, 30.04.2015, godkjende kommunestyret framlegg til revidert samarbeidsavtale med Ørsta kommune om felles PP-teneste etter administrativ vertskommunemodell, heimla i kommunelova kap 5A § 28-1b, der Ørsta vart vertskommune for tenesta. Tenesta vart med dette lagt i delegeringslina til rådmannen i Ørsta kommune, som også fekk det formelle arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

I avtalen heiter det at kommunane i fellesskap skal ta i vare dei tilsette sine rettar i samsvar med reglane i arbeidsmiljølova viss avtalen vert oppsagt.

I juni 2016 vart levekårsutvalet i Ørsta orientert om PP-tenesta. I denne orienteringa kome det fram at det var krevjande å rekruttere nytt personell med den kompetansen tenesta krev. Det kom fram at det var utfordringar i arbeidsmiljøet, og det hadde vore fleire skifte av leiar. Grunna permisjonar, sjukmeldingar og rekrutteringsvanskar hadde tenesta kapasitetsvanskar som ga grunn for uro for tenesta.

Formannskapet i Volda vart også orientert om stoda i PPT, der det vart sett ord på uro kring tenesta. Dette samsvara med tilbakemeldingar frå barnehagar og skular i Volda.

Etter ei samla vurdering og i dialog med Ørsta kommune fann Volda kommune grunn til å seie opp avtalen om sams PP-teneste. Ørsta kommune vart varsla om oppseiinga i brev, dagsett 29.06.2016.

Saksopplysningar/fakta:

Etter at avtalen med Ørsta vart sagt opp, har administrasjonen vurdert ulike alternativ for ei framtidig PP-teneste.

Eitt alternativ kunne vore å etablere ei eiga teneste, og sjå denne i samanheng med helsestasjonen. Ei slik organisering ville gitt eit relativt lite fagmiljø, som ville vere sær sårbart ved sjukefråvær/permisjonar. Det ville vere mest uråd å sikre den breidda og djupna som er ynskjeleg i kompetansen til PP-tenesta.

Etter at Ulstein/Hareid viste interesse for eit større samarbeid med Volda og Ørsta, har det opna seg mogelegheiter for eit regionalt PP-kontor for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta. Eit slikt samarbeid opnar opp for eit breitt og slitesterkt kompetansemiljø, som mellom anna kan opne rom for å rekruttere kompetanse som ikkje let seg gjere i eit lite fagmiljø. Eit større regionalt samarbeid vil gje mogelegheiter til å organisere arbeidet meir i team, og også til å kunne spisse kompetansen på ulike diagnosar og tiltak.

Volda kommune har fått tilbod om å delta i eit slikt regionalt samarbeid, og har fått framlegg til samarbeidsavtale om eit regionalt samarbeid om PPT.

Økonomiske konsekvensar:

Auken i personalressurs i det nye regionale PP-kontoret tilsvarar den ressursen Volda og Ørsta går inn i samarbeidet med. Jfr samarbeidsavtalen vil fordelinga av den samla kostnaden ved drifta bli fordelt etter talet på barn 0-15 år i dei fire kommunane.

I etableringsfasen av eit regionalt PP-kontor, forpliktar Volda seg til å dekke kostnader for inntil 0,5 stilling i perioden 01.08.17 – 31.07.19.

I lys av dei utfordringane PP-tenesta har hatt dei siste åra, ser administrasjonen det som viktig at overgangen til, og oppstarten av ei ny regional PP-teneste vert sikra ved at Ulstein som vertskommune har ein ressurs til å handtere det ekstraarbeidet ein må pårekne i ein overgangsfase. Ulstein og Hareid har i dag ei velfungerande PP-teneste, og det er naturleg at det er Volda og Ørsta som ynskjer seg inn i denne tenesta tek denne kostnaden.

Som vertskommune er Ørsta ansvarleg for avviklinga av noverande organisering som vert oppløyst 01.08.2017. På same tid har både kommunar eit sams økonomisk ansvar. Viss Ørsta kommune ikkje lukkast med å framleige dei lokala tenesta er lokalisert i no, må Volda kommune vere budd på å ta sin del av ansvaret for leigekontrakten i tidsrom utan framleige. Ansvaret mellom Volda og Ørsta er det same som for anna utgiftsdekning, høvesvis 45 % og 55 %.

Vurdering og konklusjon:

Etter at avtalen med Ørsta om sams PP-teneste vart sagt opp, har administrasjonen vurdert to moglege vegar å gå for å etablere ei ny PP-teneste:

1. Starte ei eiga teneste for Volda kommune
2. Søke samarbeid med andre kommunar om ny sams PP-teneste

Ei eiga teneste ville også kunne stette krava til ei PP-teneste, men det ville vere eit lite og sårbart fagmiljø. Ved sjukefråvær, permisjonar eller når tilsette søker nytt arbeid, vil tenesta få utfordringar med å kome i møte krava som blir sette til tenesta.

Eit regionalt samarbeid Volda kommune no er invitert til, vil gje dei fire kommunane eit langt større og meir slitesterkt fagmiljø, men mogelegheit for breidde og djupne i den samla kompetansen.

Det har kome innspel frå NFU Ørsta og Volda lokallag (Norsk forbund for utviklingshemma). Der det blir uttrykt skepsis til avstanden til PPT for brukarane av tenesta. Til det er svaret at arbeidet til PPT i all hovudsak går føre seg i barnehagane og på skulane. Det vil ikkje vere «lokalkontor» i andre kommunar enn Ulstein, men skulle det bli naudsynt vil tenlege lokale bli stilt til disposisjon for PP-rådgjevarar i saker som krev det. Fordelane med eit regionalt PP-kontor vert vurdert som lagt større enn ulempene avstanden til Ulsteinvik representerer.

Administrasjonen rår til at kommunestyret sluttar seg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak som inneber at Volda kommune inngår eit regionalt samarbeid om PPT der Ulstein er vertskommune for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Ulstein kommune
Opplæring og oppvekst

Klageinstans:

AVTALE OM REGIONALT SAMARBEID OM PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste)

VERTSKOMMUNE: Ulstein

SAMARBEIDSKOMMUNAR: Hareid, Volda, Ørsta

SAMARBEIDSAVTALE

1. Formål og mandat

Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid heimla i kommunelova kap 5A §28-1b, og skal yte tenester etter opplæringslova kap 4A og 5 og lov om barnehagar kapittel V A.

Den felles tenesta skal stette krav i lov og forskrift for barnehage, grunnskule og vaksenopplæring i dei samarbeidande kommunane, eventuelt også for vidaregåande opplæring etter avtale med fylkeskommunen.

Tenesta skal bidra til å sikre tenestekvalitet for brukarane, med brei kompetanse og god utnytting av tilgjengelege ressursar.

Namnet på tenesta er Pedagogisk Psykologisk teneste for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

2. Organisering av tenesta

Ulstein er vertskommune for samarbeidet, og tenesta er lokalisert i Ulstein. Volda, Ørsta og Hareid er samarbeidskommunar.

Samarbeidskommunane delegerer jfr. kommunelova kap 5A §28-1 mynde til Ulstein kommune for PP-tenesta sine oppgåver, jf opplæringslova §5-6 og barnehagelova §19c. Delegeringa omfattar ikkje mynde til å treffe vedtak om tenester etter opplæringslova kap 4A og 5 og lov om barnehagar kap V A. Dette myndet skal ligge i kvar enkelt samarbeidskommune. Eventuelle søksmål knytte til PP-tenesta skal rettast mot brukaren si heimkommune.

Ulstein kommune er ansvarleg for å opplyse samarbeidskommunane om alle vedtak som vedkjem den felles PP-tenesta.

Tenesta er administrativt underlagt kommunalsjef for oppvekst i Ulstein kommune. Tenesta skal ha ein fagleg leiar, og skal drivast i samsvar med lov, føresegner og kommunalt avtaleverk. Leiaren vil elles ha same ansvar som andre einingsleiarar i Ulstein kommune.

3. Bemanning

Bemanning og fagkompetanse skal vere relevant i høve tenesta sitt innhald og oppgåver, og elles vere i samsvar med dei ressursar kommunane legg til grunn for tenesta.

Ulstein kommune er arbeidsgivar for dei tilsette. Ulstein kommune lagar stillingsplan og legg den fram for samarbeidsorganet til drøfting.

4. Fagleg samarbeidsorgan

Det skal etablerast eit samarbeidsorgan for tenesta som er samansett slik:

- Oppvekstfagleg ansvarlege i alle samarbeidskommunane
- Ein representant for dei tilsette
- Dagleg leiar er sekretær for samarbeidsorganet

Samarbeidsorganet konstituerer seg sjølv. Organet held møte minimum 2 gongar i året. Samarbeidsorganet er eit rådgivande organ for PP-tenesta. Leiar utarbeider årsmelding for tenesta, meldinga skal handsamast av samarbeidsorganet.

Samarbeidsorganet skal sjå til at PP-tenesta samarbeider nært med andre faggrupper i kommunane, slik at tenesta sin kompetanse vert nytta effektivt til beste for brukarane.

Ulstein kommune vedtek verksemdsplan, budsjett og årsmelding for tenesta etter uttale frå samarbeidsorganet.

5. Økonomi

Vertskommunen utarbeider budsjett. Dette skal ligge føre seinast 01.10 før budsjettåret.

Vertskommunen orienterer samarbeidskommunane om budsjett, og kommunestyret i vertskommunen vedtek budsjett og økonomiplan.

Kontrollrutinar og revisjon fylgjer vertskommunen sine rutinar.

Kostnad til drift og administrasjon av tenesta blir fordelt på kommunane etter tal på barn i førskulealder (BASIL) og grunnskulealder (GSI) i rekneskapsåret, etter at eventuell refusjon frå fylkeskommunen eller andre er trekt ifrå.

Vertskommunen forskotterer drifta og fører rekneskap. Samarbeidskommunane betalar eit kvartalsvis a kontobeløp. Endeleg oppgjer skjer årleg ved rekneskapsavslutting av driftsåret.

6. Rapportering

Vertskommunen rapporterer til samarbeidskommunane om ressursbruk, tilstand og prioriteringar i PPT i samband med budsjetthandsaminga, tertialrapportar og rekneskap/årsrapport. Ved større avvik i høve budsjett skal rådmann i vertskommunen orientere rådmennene i samarbeidskommunane snarast råd.

Vertskommunen har ansvar for å rapportere til statlege instansar. Forvaltningsrevisjonsrapportar og statlege tilsynsrapportar skal sendast til samarbeidskommunane.

7. Arkiv og personvern

Arkiva i dei to føregåande PP-tenestene må periodiserast før nytt PPT i det nye samarbeidet vert starta opp.

Vertskommunen opprettar nytt, felles arkiv for saker der vertskommunen er ansvarleg for handsaminga. Vertskommunen er ansvarleg for oppfølging av krava i arkivlova og personopplysningslova. Arkivet er Ulstein kommune sin eigedom så lenge avtalen gjeld. Leiar for PPT har det daglege ansvaret for kvalitetssikring av arkivet.

Vertskommunen vil vere ansvarleg for arkivet som er oppstått i samarbeidsperioden også etter at samarbeidet eventuelt skulle bli oppløyst. Kostnadar knytt til arkiv vil i samarbeidsperioden verte dekte etter same prinsipp som for andre utgifter i samarbeidet.

Samarbeidskommunane kan ved oppløysing av PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta kopiere den delen av arkivet som gjeld sine innbyggjarar dersom dette ikkje strir mot lov eller forskrift. Utgifter til dette vert dekt av kommunen det gjeld.

8. Lovlegkontroll og kontrollutval

Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde overfor verksemda etter kommunelova § 77, jf kommunelova § 28-1 j.

9. Iverksetting, oppseiing, revidering

Avtalen trer i kraft 1. august 2017, og avløyser tidlegare avtalar mellom involverte kommunar.

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg av kvar av partane med 1 års varsel rekna frå 1. august i oppseiingsåret.

Avklaringar i høve personale som ved oppstart av vertskommunesamarbeidet er tilsette ved PPT for Volda og Ørsta og PPT for Hareid og Ulstein, vert gjort etter regelverk om verksemdsoverdraging, jf AML kap 16.

Dersom avtalen vert oppsagt, skal dei tilsette sine rettar ivaretakast av kommunane i fellesskap, og etter same forholdstal som for kostnadsfordeling. Tal på stillingar som kommunen har ansvar for, verdiar og lausøyre skal ved opphøyr/uttreden fordelast etter same fordelingsnøkkel. Det same gjeld for framtidig pensjonskostnad, husleige i følge avtalt leigetid, og eventuelt andre økonomiske plikter i evt avtalt bindingsperiode.

10. Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen i samsvar med reglane i tvistelova. Valdgiftsnemnd skal ha 1 representant frå kvar av kommunane og 1 representant frå Fylkesmannen.

Ulsteinvik, dato.....

Volda kommune

Ørsta kommune

Hareid kommune

Ulstein kommune

ordfører

ordfører

ordfører

ordfører



VOLDA KOMMUNE Opplæring og oppvekst

Ørsta kommune
Dalevegen 6

6153 ØRSTA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1093	7846/2016	B20	OPP/ PERKON	29.06.2016

PPT - OPPSEIING AV SAMARBEIDSAVTALE MED ØRSTA KOMMUNE

Vi viser til avtalen om sams pedagogisk psykologisk teneste (PPT), signert av Ørsta kommune 18.05.15 og Volda kommune 13.05.15.

I den dialogen som har vore mellom kommunane om PP-tenesta, har det kome fram at PPT har vanskar med å levere dei tenestene som er forventa.

Ved einingsleiar skule, har Ørsta kommune orientert formannskapet i Volda om stoda, og Ørsta konkluderer med at tenesta ikkje kan halde fram i den forma ho har i dag.

I full forståing med Ørsta som vertskommune er vi innforstått med og sluttar oss til at vertskommuneavtalen vil verte oppløyst. Dette er ein prosess som vil gå sin gang, og med bakgrunn i behovet for å starte opp arbeidet med å vurdere reelle alternativ, så finn Volda kommune slik det tidlegare er opplyst det nødvendig å seie opp avtalen med verknad frå 01.08.2016. Tenesta kan organiserast på ulike måtar, også i samarbeid med andre enkeltkommunar eller andre interkommunale samarbeid.

I sonderingar om mogelege samarbeid med andre kommunar, ser Volda det som naturleg at Ørsta gjer det på vegne av begge kommunane.

Oppseiinga av avtalen skjer i forståing med Ørsta kommune.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Driftsstyret
Kommunestyret
Utdanningsforbundet
Fagforbundet

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Telefon:		Org. nr: Bankgiro:
		939 760 946 3991.07.81727



ORIENTERINGSSAK

Frå: Rådmannen

Til: Formannskapet

Sak: PPT - oppseiing av samarbeidsavtale med Ørsta kommune

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1093	1273/2017	B20	OPP/PERKON	27.01.2017

Utvalsaksnr **Utval**

Møtedato

Organisering av PPT

Viser til rådmannen i Ørsta sitt notat til formannskapet, dagsett 19.01.2017.

I brev, dagsett 29.06.2016, sa Volda kommune opp samarbeidsavtalen med Ørsta kommune om sams PP-teneste. Oppseiinga var i full forståing med Ørsta kommune, som slutta seg til at tenesta ikkje kan halde fram i den forma ho har i dag.

I tida etter oppseiing av avtalen har administrasjonen i Volda kommune vurdert ulike alternativ til drift av PP-tenesta. Å drifte ei eiga teneste knytt til helsestasjonen var eitt alternativ som tidleg i prosessen vart vurdert. Ei slik teneste vil vere sårbar, og storleiken på tenesta ville gjere det mest uråd å dekke breidda og djupna i den kompetansen som det er ynskjeleg at ei PP-teneste dekker, og som er naudsynt for å dekke kvalitetskriteria for tenesta.

På bakgrunn av dette, har administrasjonen konkludert med at ei sams teneste med Ulstein, Hareid og Ørsta best vil sikre ei stabil teneste med breidde og djupne i kompetansen.

Administrasjonen i Volda kommune sluttar seg til rådmannen i Ørsta når ho skriv at både Volda og Ørsta er svært motiverte for ei felles teneste med Ulstein og Hareid, og at vi tek felles ansvar for å få dette til.



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Administrasjonen

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1093	3480/2017	B20	SVK/ SONHAV	13.03.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - PPT- AVTALE OM REGIONALT SAMARBEID

Vi melder med dette frå at Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne den 13.03.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 7/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Rådet stør administrasjonen si tilråding.

Rådet ser positivt på at samarbeidet kan gi gode vilkår for eit godt fagmiljø.

Rådet tilrår at det nye PPT sikrar minst like god betening av alle barn, unge og vaksne, uavhengig av geografisk plassering.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Per Ivar Kongsvik - oppvekstsjef



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kjell Magne Rindal

Arkivsak nr.: 2016/1422

Arkivkode: 614

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

51/17

Formannskapet
Kommunestyret

21.03.2017

NY BRUK AV BUSTADMODULAR ENGESETVEGEN 28

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å planleggje vidare med sikte på følgjande etterbruk av modulane ved Maurtua:

- 1 modul til erstatning for mellombels bustad ved Myrtun
- 1 modul for å dekkje særskilt behov for bustad
- 2 modular for utviding av arealet til Mork barnehage

Det skal leggjast fram sak for endeleg godkjenning av kostnader og finansiering før gjennomføring av flyttinga.

Vedleggsliste:

K-sak 125/16

Samandrag av saka:

I PS 125/16 la administrasjonen fram forslag om flytting av bustadmodular frå Engesetvegen 28 til Røyslida/Smalebakken i samband med renovering av området. Bustadane skulle fungere som erstatningsbustadar i forbindelse med renovering, samt bruk som ordinære bustader i etterkant som mellomsegment.

I PS 125/16 gjorde KS dette vedtaket:

Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

*Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.
Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak
Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når
den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

Gjennom prosess med naboar knytt til eigedommen vart det kartlagt moglegheit for å lat bygget stå noko lengre i forbindelse med årstid og moglegheit for flytting/attendeføring av området. I PS 183/16 vart følgjande vedtak gjort:

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebuarar som grensar til bygget.

Bakgrunnen for denne saka er å få mandat for vidare planlegging av etterbruk med kostnadsramme mv, for så å kome attende med eiga sak om endeleg godkjenning og finansiering. Det tek tid å planleggje for å halde tidsplanen, og derfor er det nødvendig at kommunestyret allereie no tek stilling til kva ein har som intensjon å bruke modulane til.

Saksopplysningar/fakta:

Det vert synt til K-sak 125/16 der kommunestyret ba om ei ny utgreiing av etterbruken av modulane. Parallelt med dette er bustadsosial plan i sluttinnspurten før den vert lagt fram for formannskapet for vedtak om høyring. Planprosessen har teke lenger tid enn forventa, og har m.a samanheng med større prosessar i helse- og omsorgssektoren som har måtta hatt prioritet. Ein ser likevel at for den etterbruken desse modulane kan ha for bustad, så er utkrystalliserer deg seg særleg to behov. Vidare har det oppstått eit behov for utviding av areal på Mork barnehage som gjer at ein bør tenkje heilt nytt i høve tidlegare vurdering. Det hastar med å ha kontinuitet i planlegginga for å fjerne modulane innan 1. juli. Det er ein del førebuingar som må gjerast før ein kan gjennomføre tiltaka.

Administrasjonen har teke utgangspunkt i at etterbruk av modulane bør dekkje eit behov i den kommunale tenestekjeda. Det har vore gjennomført fleire møter mellom sektorane oppvekst, utvikling, teknisk og helse/omsorg for alternativ bruk av modulane.

Administrasjonen orienterte formannskapet 14.02.17 om behov for modulane i den kommunale tenesteytinga. Kommunen manglar tilfredsstillande løysing for mellombels bustad, samt bustadtilbod til person med særskilt bustadbehov:

- 1 modul vert planlagt brukt til erstatning av container ved Myrtun, som mellombels bustad (kommunen har relativt stor bruk for ein mellombels bustad)
- 1 modul vert planlagt etablert på kommunal tomt i enden av Rotsetgeila til bruk for ein person med særskildt bustadønskje. Gjennom dialog er det kome klart fram at vedkomande ikkje ynskjer bu tett innpå andre. Derfor har ein tenkt bustadløysing utanom andre kommunale bustadtilbod, også utifrå ei fagleg vurdering og tilråding.

Mork barnehage har behov for auka areal. Oppvekstsjefen har saman med styrar sett på bruk av 2 av modulane frå Murtua som ei god løysing. Både born og tilsette vil få betre fysiske rammevilkår i barnehagen, og Volda kommune vil med denne løysinga stette behovet for auka areal i barnehagen så langt ein ser i dag.

I prosessnotat økonomi, vedteke av kommunestyret i september 2016 heite der mellom anna:

Det kommunale barnehagetilbodet vert planlagt i tråd med "nærskuleprinsippet". Dvs at barn ikkje har lovfesta rett til plass på den næraste barnehagen, men kommunen legg prinsippet til grunn i planlegginga av nye barnehagar.

Konkret kan ein sjå føre seg:

Mork barnehage hovudsakleg for barn i Lid/Mork skulekrins.

Ein ny 8-avdeling barnehage på tomtene der Oppigarden og Sollia barnehagar står i dag. Ein ny barnehage avløyser Oppigarden og Sollia barnehagar, og gir saman med Engeset barnehage plass hovudsakleg for barn som har Øyra skule som sin nærskule.

Bratteberg barnehage vil kunne vere barnehage hovudsakleg for barn som har Vikebygda og Bratteberg skular som sine nærskular. Frå oppvekstsjefen sin synsstad er det eit ønske for framtida å kunne overta og inkludere Bratteberg barnehage i den kommunale drifta.

Dei andre private barnehagane i sentrum vil verte å sjå på som eit supplement til dei kommunale barnehagane. Dette gjeld Øyra, Trollsetta, Røysmarka, Hjelbakkane og Rotset barnehagar.

Med desse grepa vil Volda kommune på barnehageområdet ha ein struktur som er godt tilpassa framtida både med tanke på økonomi, kapasitet og fagleg innhald. Når større barnehagar er gode kan dei tilby borna meir mangfald og høgare fagleg nivå enn mindre barnehagar. Dei kan vere meir fleksible og har betre mogelegheit for å tilpasse seg borna og foreldra. Dei tilsette kan også i større grad ha ansvar for eigne spesialområde.

I tråd med den strategien som er lagt, er det behov for, og det vert satsa på Mork barnehage som "nærbarnehage" for born i Lid/Mork skulekrins. Barnetalet i denne krinsen er aukande, og i 2016 vart det fødd 20 born i krinsen, nok som er ein stor auke samanlikna med dei føregåande åra.

Mork barnhage har behov for auka areal. Det har no opna seg mogelegheiter for å flytte ein av bustadmodulane som har vore plasserte ved "Maurtua". Oppvekstsjefen har saman med styrar sett på denne modulen, og vurderer at den vil kunne kome i møte behovet for auka areal ved Mork barnehage på ein god måte. Både born og tilsette vil få betre fysiske rammevilkår i barnehagen, og Volda kommune vil med denne løysinga stette behovet for auka areal i barnehagen så lang ein ser i dag.

Rådmannen rår av den grunn til at ein av bustadmodulane vert flytta til Mork barnehage. Samstundes rår rådmannen frå at ein løyser kapasitetsvanskar i Mork barnehage ved å tilby born barnehageplass i sentrum. Det er døme på at born i Lid/Mork skulekrins har måtte gå i barnehage i sentrum ei tid før det har opna seg rom i barnehagen på Mork. Det fører ti at borna får ein overgang som forking rår til å unngå.

Det er ikkje til barn sitt beste å måtte ha det som er unødige overgangar.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadene med førebuing og planlegging vert førebels dekt innanfor ubrukte midlar til bustadmodulane ved Maurtua. Kostnadene med realisering av flytting og etablering av modulane slik som skissert vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning før gjennomføring av flytting.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Eigedomsavdelinga for oppfølging
Økonomiavdelinga
Oppvekstsjefen
Helse- og omsorgssjefen



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST» «POSTSTED»
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1422	12705/2016	614	SVK/ SONHAV	01.11.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - MIDLERTIDIGE BUSTADAR
ENGESSETVEGEN 28, FJERNING, REETABLERING OG TILORDNING AV TOMT**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.10.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 125/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kjell Magne Rindal

Arkivsak nr.: 2016/1422

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
185/16	Formannskapet	18.10.2016
125/16	Kommunestyret	27.10.2016

MIDLERTIDIGE BUSTADAR ENGESETVEGEN 28, FJERNING, REETABLERING OG TILORDNING AV TOMT

Handsaming:

Odd A. Folkestad, FrP, kom med slikt framlegg:

Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

Helge Standal, Mdg, kom med slikt framlegg:

Kommunestyret ber om utgreiing av alternativ lokalisering for rehabilitering av dei midlertidige bustadane i Engesetvegen 28.

Kommunestyret ber om at midlertidig bustad under rehabilitering av Røyslida/Smalebakken vert opna ved å leige hus i den ordinære bustadmarknaden.

Det vart halde gruppemøte.

Første avsnitt i framlegget frå Helge Standal vart handsama som eit utsettingsframlegg.

Kari Hasle reiste spørsmål om habilitet, ho er styreleiar for stiftinga gamlegymnas i Volda, jf. fvl. § 6, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Benedikt Holmberg reiste spørsmål om habilitet, ho er styremedlem i stiftinga gamlegymnas i Volda, jf. fvl. § 6, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Per Krøvel reiste spørsmål om habilitet, han er varamedlem i stiftinga gamlegymnas i Volda, jf. fvl. § 6, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting vedk. habilitet - utsetjingsframlegget:

Kari Hasle vart kjend inhabil med 23 røyster, ein røysta mot.

Benedikta Holmberg vart kjend inhabil med 23 røyster, ein røysta mot.

Per Krøvel vart kjend inhabil med 23 røyster, ein røysta mot.

Helge Standal trekte framlegget sitt.

Kari Hasle, Benedikte Holmberg og Per Krøvel tok sete.

Odd A. Folkestad sitt framlegg, med tilføyning (kulepunkt 2), vart reist som eit fellesframlegg frå partia: H, KrF, FrP og Mdg.

Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

Røysting (27 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget frå H, KrF, FrP og Mdg og tilrådinga frå formannskapet. Fellesframlegget fekk 17 røyster og vart vedteke, tilrådinga frå formannskapet fekk 10 røyster og fall.

Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:

Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

Handsaming:

Det vart halde synfaring.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, og formannskapet ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette blir fagleg vurdert.

Jørgen Amdam reiste spørsmål om habilitet, han er nabo til området, jf fv1. § 6, 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Jørgen Amdam vart samrøystes kjent habil.

Jørgen Amdam tok sete.

Røysting utsetjingsframlegget frå Odd A. Folkestad:

Utsetjingsframlegget frå Odd A. Folkestad fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Anders Straume) og fall, sju røysta imot.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Anders Straume).

Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen.*
- 2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.
Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.*

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen.
2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.
Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.

Samandrag av saka:

Saka omhandlar flytting av mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) og re-etablering av desse bustadene på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen. Tiltaket vil dekkje behov for bustader til ulike målgrupper.

Saksopplysningar:

I 2013 vart det etablert midlertidige husvære i Engesetvegen 28 (tomt ved Gamle gymnas), etter vedtak i KS 25.10.2012, sak 133/12. Etter akutt behov ved avvikling av husværa VK leigde av helseføretaket. Helseføretaket melde at husværa var oppsagt med verknad frå 1. april 2013.

Kommunen v/eigedomsavdelinga søkte midlertidig dispensasjon for inntil 5 år for å plassere paviljong på tomt 18/22 og litt inn på 18/14. Området er regulert til småhusbygging. For å redusere omfang av bygget vart det redusert frå 6 til 4 bueiningar.

Volda kommune gav den 12.02.13, under sak nr. 23/13, mellombels dispensasjon i inntil 5 år for plassering av midlertidige husvære på gnr. 18 bnr. 22. Vedtaket vart påklaga, og den 04.07.13 stadfesta fylkesmannen kommunen sitt vedtak, med den endring at dispensasjon vart gitt for inntil 3 år.

Dispensasjonen gikk ut på førsommaren (2016). Det har vore arbeidd med alternative bustadtilbod til bebuarane. Alle bebuarar i paviljongen er flytta ut, slik at kommunen ikkje lenger har buande personar no etter at dispensasjonen er gått ut.

Kommunen har over tid arbeidd med løysingar knytt til sal/etterbruk av dei midlertidige bustadane. Slik bustadane står i dag, har dei større verdi med re-etablering i eit anna område der dei kan gjerast om til ordinære kommunale gjennomgangsbustadar. Eit eventuelt sal av desse bustadene vil gi ei lita inntekt i forhold til bruksverdien ved re-etablering. Husværa er av ein slik art at dei stettar eit bustadtilbod for midlertidige bustadar som kommunen ikkje har pr. i dag. Dette er mellomstore bustadar som til dømes passar einslig føresett med born. I dag har vi store familiehusvære eller hybelleilegheit å tilby desse. Kostnadsnivået for utleige vil også då bli betre tilpassa til den enkelte bugruppa.

Målgruppa for paviljongane som vart etablert som midlertidige bustader ved Maurtua vil i hovudsak verte kvalifisert som bebuarar i dei nye vedtekne ROP bustadane (rus og psykiatri) som er planlagt bygt på Rotset. Bruken av paviljongane har medført at husværa må totalrenoverast innvendig. Eigedomsavdelinga sine eigne folk har starta opp rivingsarbeidet innvendig. Dersom dette prosjektet vil bli vedteke vil dei også starte med oppattbygginga.

Paviljongane er tenkt plassert på egna tomt i tilknytning til Røyslida/Smalebakken, der kommunen har ledig tomt til føremålet. Tømrarane i eigedomsavdelinga vil setje desse i stand tilpassa til mellomstore bustader som vi ikkje har i dag. Bustadane vil i første rekke bli brukt som erstatning for dei bustadane vi tenkjer renoverer i området inntil renovering/oppgradering er ferdig. Etter ferdigstilling vil dei gå inn i ordinær bustadmasse. I samband med renovering vil uttrykket til paviljongen endrast lik dei bygga som er i området, slik at bygget framstår som ein ordinær bustad.

Kostnader med reetablering av dei mellombelse bustadene

Arbeid med tilbakeføring av området i Engesetvegen 28, etablering av tomt/tilkomst i Røyslida og flytting/rigg av paviljong er kalkulert til Kr 1.750.000 ink.mva

Sanering innvendig i paviljong, samt oppbygging på nytt, inkludert søknad og prosjektoppfølgning er kostnadsrekna til Kr. 2.000.000 ink. mva

Samla gir dette ein investeringskostnad på Kr 3.750.000. Denne investeringa vil ved 3% rente og 30 år nedbetalingstid har ein kapitalkostnad (renter og avdrag) på om lag Kr 190.000 pr. år.

Bustadane blir etablert som standar kommunale gjennomgangsbustadar, men då i eit segment vi ikkje har i dag. Dette vil gi kommunen ei forsiktig antatt inntekt på om lag Kr. 250.000 pr. år.

Vidare planar

Eigedomsavdelinga vil forberede eit prosjekt der ein ynskjer å renovere heile Røyslida/Smalebakken. Dette er bustader frå tidleg 70-tal med behov for stor renovering. I Røyslida 11 A er dette gjennomført i samband med brannskade. Renovering av bustadane opnar opp moglegheiter for nytenkjande og arealeffektiv planløyning. Dette vil auke kapasiteten på husvære innanfor same tal bygningar. Kommunen vil i samband med prosjektet støtte krav til levekår og inkludering der ein vil legge til rette for at personar med ulik fysiske og psykiske utfordringar kan busetjast i same miljø. Dette krev omgjerung av alt husvære og uteområde til universell utforming. I planane som blir presentert vil ein ta høgde for tryggleik og trivsel der ulike bugrupper skal kunne bu og trivast i same miljø. Det blir lagt fokus på sosiale møteplassar på eit oversiktlig område for vanskelegstilte som har rett på kommunalt husvære. Svært liten del av dei kommunale gjennomgangsbustadene til desse gruppene er tilrettelagt for dette i dag. Prosjektet vil såleis vere karakter av at kommunen satsar på folkehelseperspektivet i tråd med kommuneplanen. Administrasjonen vil komme attende med eiga sak til formannskapet og kommunestyret om dei vidare planane. Dette vert vidare vurdert i samband med budsjett og økonomiplan.

Bustadsosial handlingsplan er under revisjon og vert å leggje fram så snart som mogleg. Det er naturleg også å kople vidare utbyggingsplanar til bustadsosial handlingsplan.

Eigedomsavdelinga er også i gang med å vurdere om det er bustader som kan vere eigna for sal for å frigjere kapital til renovering av den bustadmassen kommunen skal ha framover.

Vurdering og konklusjon:

Paviljongane som vart etablert på Maurtua var av midlertidig karakter med dispensasjon frå fylkesmannen på 3 år. Kommunen har flytta ut alle bebuarar etter 3 års drift. I dispensasjonen var det krav til at bygget skal fjernast og tomt attendeførast. Administrasjonen har sett på alternativ med sal av paviljongen, men funne det mest gunstig å etablere bygget som ordinær kommunal bustad på ledig tomt i Smalebakken/Røyslidvegen-området. Vurderinga er basert på økonomi og formål. Paviljongane vil ha eit stort verditap ved sal på den opne marknaden, medan kommunen kan nytte dei og framleis behalde dei som bustader for å dekkje bustaformål til grupper som kommunen er ansvarleg å skaffe bustader til.

Attendeføring av tomt på Maurtua og flytting av paviljong til ledig tomt i Smalebakken/Røyslidvegen vurderer rådmannen som ei tenleg løysing der ein får nytta bustadane/paviljongane og samtidig dekkje eit behov for bustader.

Kommuneplanen:

Prosjektet er i tråd med kommuneplanen sitt område for folkehelse og vil være ein del av prosjektet i området som bidreg til å nå målet «barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livsstilsjukdomar», der ein av strategiane er å sørgje for sunne og inkluderande oppvekstmiljø.

Kommunen viser også at sjølv med innvendig sanering kan vi gjere oss nytte av store delar av byggmasse framfor total sanering, der kommunen sitt mål for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv ikkje skal auke meir enn snittet for landet. Kommunen viser veg for alternativ måte å bruke oppatt materiale, der ein tilpassar bygget til byggeskikk i området for re etableringa.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen vil gjennomføre naudsynt krav knytt til dispensasjon midlertidige bustadar, der ein uansett har kostnad med gjennomføring, men vil kunne nytte restverdi i tidligare investering som med noko tilrettelegging kan gi grunnlag for ny inntekt.

Dette prosjektet har ei kostnadskalkyle på Kr 3.750.000. Prosjektet har eit forsiktig anslått leigepotensiale på om lag Kr 250.000 pr. år.

Leigeinntekta skal kunne forvalte ei investering på om lag Kr. 5.000.000, prosjektet vil såleis ikkje påvereke handlingsrommet til kommunen negativt.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen krav beredskapsmessige konsekvensar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Eigedomssjefen for vidare oppfølging
Økonomiavdelinga
Helse- og omsorgssjefen

PS 52/17 Orienteringssaker

OS 54/17 Voldahallen - opsjon EPC og vurdering av hallen i høve kabalen med speleflater og ny idrettshall



VOLDA KOMMUNE Rådmann

NOTAT

Til: Ordfører
Frå: Rådmann
Sak: Campusutvikling på høgskulen i Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2014/1913	3084/2017	A60	ADM/ASBMOL	07.03.2017

NOTAT - CAMPUSUTVIKLING PÅ HØGSKULEN I VOLDA – RAMMER FOR KOMMUNAL MEDVERKNAD

Vedlegg:

1. Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal
2. Frå Innovatainnstillinga (Idealsal) Kino og kultursal.
3. Krav i HVO-utgreiinga
4. Støtte kulturbygg fylkeskommunen
5. Rådmannen sitt notat til formannskapet, datert 13.06.16.
6. Intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune

Innleiing

Arbeidet er organisert med ein programkomite som arbeider med rom- og funksjonsprogram. Frå Volda kommune møter leiar for byggjenemnda, Jan Henning Egset. Rom- og funksjonsprogrammet vert grunnlaget for konkurransen om skisseprosjekt som skal starte opp etter ferien. Skisseprosjektet skal avklare dei tekniske spesifikasjonane, kostnadene og premiss både for beslutning hos partane og for å gå vidare med konkurranse for gjennomføring av utbygging.

Vidare er det sett ned ei styringsgruppe som avklarar rammene som skisseprosjektet skal byggje på. Ordfører og rådmann møter i styringsgruppa frå Volda kommune. Styringsgruppa har hatt eitt møte der ordfører møtte. Neste og siste møte er 22. mars. Det er viktig at formannskapet drøftar kommunen sine interesser og ev premissar før dette møtet.

Kulturhus/fleirbrukssal og kino/visningsrom

Kommunestyret vedtok den 29.09.2016, PS sak 109/16, framlegg til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune.

Programskissa som intensjonsavtalen bygde på, inneheldt **fleirbrukslokale der ein kan kombinere kino og kultursal med HVO sine bruksbehov.**

I intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune står det:

Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.

Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.

Den kommunale arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 vart seinare utvida med 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa fekk ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet.

Innstillinga frå utvalet fylgjer vedlagt dette notatet og er;

Prioritering 1: ein påkosta «idealsal» som skal dekke behov frå symfoniorkester til konferanse. Utgangspunkt for dette alternativet kan vere krava til kultursal i Innovataprojektet, sjå vedlegg.

Prioritering 2: ein basissal som allereie er skissert av prosjektstartgruppa til HVO (denne salen er beskrive i vedlegget)

Gruppa meiner at det er avgjerande at midlane kommune går inn i prosjektet med hevar standarden på salen frå ein basissal slik den no blir skissert av HVO til ein idealsal. Innstillinga til gruppa er derfor at kommunen bør velje prioritering 1.

I samband med at ein no skal sette i gang planlegging av skisseprosjekt som grunnlag for seinare å ta endeleg avgjerd om realisering av «mediehuset» i sambruk med «kulturbygget», er det viktig at partane er tydelege på dei føresetnadene som ligg til grunn for eit prosjektet.

Sentrale føringar

Det er viktig at prinsippa effektiv arealbruk og optimal sambruk er overordna hos begge partane i planlegginga. Dette er avgjerande for totaløkonomien og dermed realiseringa av prosjektet.

Internt har vi drøfta følgjande aktuelle føringar:

- For at Volda kommune skal inngå ein endeleg avtale om realisering av prosjektet er eit godt «sambruk mediebygget – kulturbygget» nøkkelen for eit vellukka prosjekt.
- Kommunen må ha ein god dialog med HVO og Statsbygg i samband med prosessen med skisseprosjektet.
- Fordeling av Kultursalen 75% VK og 25% HVO?
Brukarar: Dette rommet blir brukt til undervisning for mediefag (AMF + dagens MID) og anna undervisning på HVO. Prosjektrom for drama/dans (Seanse/kulturproduksjon), Fagkonferansar i regi av høgskulen eller andre, og til bruk under Dokfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og andre arrangement. Lokale kulturliv, med til dømes konsertar, teater, ungdomsskulens Melodi Grand Prix, VGS årlege musikal 5 framsyningar, ballettskulens framsyningar, større kinoframsyningar og meir. Som del av planane kring ein ny kunnskapspark etablert i Aasen-huset er det signalisert at dette vil vere aktuelt å leige i samband med konferansar og liknande.
- Fordeling Visningssal 50% VK og 50% HVO
Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Dokfilmfestivalen, animasjonsfestivalen og liknande arrangement. Det vil også vere ein stad for det kinoframsyningar med høg standard. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark i Aasen-huset vil det vere ein aktuell leigetakar.
- Andre fellesrom, garderober m.m 50% VK og 50% HVO?



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

- **Areal 8 Kultursal** m.m. ser ok ut, høgde kultursal min. 11 m?
- I samband med utbygginga bør ein inngå opsjonar på utstyr, tribune m.m. (Kommunen kan truleg inngå som eigar av nærare spesifiserte deler av utstyr og naglefast inventar 8 kultursal, jfr grunnlag for å kunne søkje om tilskotsmidlar)
- Max leige for Volda kommune inntil 6,5 - 7 mill. kr.
- Besøkande på Kultursal bør kunne gå «tørreskodd» mellom kultursalen og «Berte Kanutte» og kafe/kantinearealet der.
- For krav til kultursal og visningssal legg kommunen til grunn innstillinga frå «kulturhusutvalet»

Det finst støtteordningar både til bygg og utstyr/inventar. Volda kommune vil søkje på evt. tilgjengelege støtteordningar. Retningslinjer fylgjer vedlagt til vitande.

Formannskapet får drøfte føringane og vurdere om det er desse som skal spelast inn til styringsgruppa som grunnlag for den vidare planlegginga.

Husleigenivået vil verte ein konsekvens av kva som vert lagt inn i bygget/ investeringskostnaden og fordelingsprosenten mellom Høgskulen og kommunen. Ut frå arbeidet så langt ser ein at nivået ligg vesentleg høgare enn direktøren på Høgskulen grovt skisserte i juni i fjor. Ut frå den kalkylen må nok Volda kommune rekne med ca inntil over det dobbelte. Det er vurdert som avgjerande viktig for Voldasamfunnet og framtida til Høgskulen at ein gjennom samarbeid lyftar mediebygget med kulturhus. Skal ein få til dette må kommunen vere budd på å frigjere rom for ei leige på 6,5 – 7 mill. Konseptet gir grunnlag for stor aktivitet, og det bør vere gode føresetnader for å kunne få til ei drift som også kan bere seg sjølv.

Det bør utvisast rausheit både frå kommunen og Høgskulen for å få til dette prosjektet. Begge partar bør også tenkje kreativt for å utløyse synergjar som gir meirverdi til samfunnet. Det er ut frå drøftingane gjensidig forståing for å dele leiga for kino-/visningssal 50/50. Når det gjeld kultursalen, så er det eit klart vilkår i intensjonsavtalen at denne også skal vere ein sambrukssal. Høgskulen har gitt uttrykk for at dei treng denne mindre, og ei forhandlingsløysing kan vere at Volda kommune tilbyr HVO ein leigeandel på 25 %, men at dei kan disponere salen ytterlegare når den står ledig på dagtid i vekedagane.

Kommunen har fleire utfordringar som skal taklast i åra framover, og skal også medverke i andre større samfunnsprosjekt som idrettshall og svømmebasseng. Det er derfor behov for å ha forutsigbarheit på maksimal økonomiske ramme i prosjektet. Rådmannen synest å sjå konturane av at ein må opp på eit samla nivå på inntil 6,5 – 7 millionar i årleg leige for å kunne få eit anlegg med tilfredsstillande funksjonalitet. Sjølv det vil nok krevje ein tett dialog med Statsbygg for å få ned kostnadsnivået.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Prossessen

Statsbygg arbeider etter følgjande framdriftsplan:

	AKTIVITET	2017									
		F	M	A	M	J	J	A	S	O	
P	Revidert romprogram m/ funksjonsbeskrivelse										
T	Teknisk spesifikasjon										
KG	Konkurransegrunnlag										
A	Anbudskonkurranse										
E	Evaluering										
KO	Kontraktssignering										
SP	Skisseprosjekt										

I kommunen vert det lagt opp til følgjande framdrift for avklaring av kommunen si deltaking:

- 21. mars: Informasjon/drøfting i formannskapet
- 27. april: Informasjon/drøfting i kommunestyret
- 16. mai: Innstilling i formannskapet
- 24. mai: Handsaming i kommunestyret

Formannskapet bør drøfte om kommunen bør ha ope møte eller opne opp særlege innspel i prosessen.

Volda, 08.03.17

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass rådmann

Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg (vedteke 02.09.15)

1. FORMÅL

Tilskotta skal bidra til egna lokale, bygningar og utearena som gir rom for ulik kulturell verksemd. Tilskott kan bli gitt til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift.

2. KVEN KAN SØKJE

Andelslag (der alle som ønskjer det kan være med), kommunar, stiftingar eller organisasjonar med demokratisk oppbygging kan søkje. Vilkår for at ein organisasjon kan stå som søker, er at kommunen eller fylkeskommunen slår fast at utforming av bygget, vedtekter og driftsplan gjer det til eit allment kulturbygg.

For andelslag og stiftingar skal vedtektene førehandsgodkjennast av fylkeskommunen.

3. KVA KAN EIN SØKJE OM TILSKOTT TIL

Investeringsstilskott til nybygg, tilbygg/ombygging av eksisterande kulturlokale og kjøp/ombygging av andre lokale til kulturbygg.

Permanent eller naglefast innreiking kan det søkjast tilskott til, til dømes:

- kjøkkeninnreiking
- fast scenerigg
- lydanlegg for høyrslahemma (teleslynge)
- teleskoptribune

Det blir ikkje gitt tilskott til kjøp av grunn, dekking av gjeld eller til utgifter til arbeid utanfor 1 m frå yttergrensa anleggets ytre grenser.

Døme:

- tilførsels- og avløp for vatn og kloakk
- tilførsel for elektrisitet
- inngjerding av eigedom
- vegar
- parkeringsplassar
- laust utstyr som sceneutstyr, bord, stolar m.m.

Funksjonar og lokale som fell utanfor ordninga:

1. Kommersiell verksemd, som verkstad og utstillingslokale for salg, selskapslokale eller kinobygg der visning av film styrer drifta.
2. Kulturbygg med snever/isolert funksjon.
3. Egne lokale som blir bygd og drive berre for ei enkelt foreining.

Lokale som disponerast til desse funksjonar åleine, eller det at dei som driv aktivitetane har råderett til lokala og sjølv regulerer utleige til andre brukarar ut frå egne behov, fell utanfor ordninga. Dette er funksjonar som det ofte vil vere ønskjelig å samlokalisere med lokale kulturbygg. Ved slike løysningar kan det vurderast i kva grad det kan bli gitt dispensasjon, spesielt knytt til pkt. 2. Felles areal blir da å fordele mellom de ulike einingane.

4. TILSKOTTSATSAR

Tilskott vil variere med kulturbygget sin storleik, type og funksjon. Tilskott kan utgjere inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. For søkjarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskottsdelen på 1/3 reknast ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemdar, skal ein dele kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

Nedre grense for godkjent prosjektkostnad er kr. 300 000,-

5. VILKÅR FOR TILSKOTT

1. Lokale kulturhus skal vere opne for all lovlig kultur- og organisasjonsverksemd. Ingen må stengast ute grunna religiøse, sosiale eller politiske omsyn.
2. Lokala må være planlagde ut frå definerte behov og bør være fleksible.
3. Kulturhusa bør lokalisert sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.
4. Lokale kulturhus kan vere eigd av ein kommune, andelslag der alle som ønskjer det kan vere med, stiftingar eller av frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging.
5. Behov, vedtekter, driftsplan og romprogram/ teikningar skal førehandgodkjennast av kommunen eller fylkeskommunen.
6. Huseigar utformar sjølv nærare regler for bruk av huset, innafor intensjonane i pkt. 1. Huseigar har høve til å forby servering av alkohol i huset.
7. Oppstår det tvist om bruk av huset, blir tvisten avgjort av kommunestyret eller den kommunestyret delegerer mynde til.
8. Dersom huset ikkje lenger blir brukt i samsvar med opprinneleg formål, kan det medføre at motteke statstilskott må tilbakebetalast.

5.1 Særskilt ved ombygging og/eller tilbygg:

Ved ombygging av eksisterande kulturlokale, må tiltaka må vere grunna i nye og endra behov med omsyn til aktivitet og storleik, eller behovet for standardheving av lokala. Døme på standardheving er ombygging med omsyn til funksjonshemma brukarar.

ENØK-tiltak, som skifte av vindauge, etterisolering mm, blir å rekne som regnes som standardheving. Tiltaka må inngå i eit samla varmegjenvinningsopplegg. Det må leggjast ved ENØK-rapport som viser berekna gevinst av tiltaka.

Det blir ikkje gitt tilskott til vanleg vedlikehald eller til skader som skyldast feil ved planlegging, utføring eller manglande vedlikehald.

Alle søknader om tilskott til ombyggingar føreset at lokala er eller blir tilrettelagt for rørslehemma brukarar.

Ved tilbygg og/eller ombygging av eksisterande kulturbygg, er hovudregelen at tidlegare mottatt tilskott frå ordninga blir trekt ifrå maksimal sats for tilskott.

Ved kjøp av hus for ombygging til kulturhus, kan dokumentert kjøpesum tas inn i grunnlaget for søknaden.

5.2 Kulturbyggear sine plikter

- Kulturbygg som mottar tilskott skal nyttast til kulturformål i minst 20 år etter at midlane er utbetalte. Dette inneberer plikt til å drive på årsbasis. Nedlegging eller bruksendring av bygget i løpet av 20-årsperioden skal ikkje skje utan skriftleg samtykke frå fylkeskommunen på førehand.
- Dersom huset blir midlertidig stengt for 3 månader eller meir, pliktar huseigar på førehand å orientere fylkeskommunen. Denne plikta gjeld også for kommunen. Fylkeskommunen har rett til å sette vilkår for slik midlertidig stenging av bygget. Blir bygget ikkje opna i løpet av seks månader, blir stenginga å rekne som mislighald, med mindre det føreligg skriftleg godkjenning frå Kulturdepartementet for ei forlenga stenging.
- Dersom framtidig drift av kulturbygget er trua, skal huseigar utan ugrunna opphald orientere Kulturdepartementet om dette. Denne plikta gjeld også for kommunen.
- Huseigar plikter å halde bygget i godkjent teknisk stand, samt sjå til at dei tryggleiksforskrifter som gjeld for vedkommande kulturbygg blir etterlevd. For øvrig skal bygget vedlikehaldas slik at det ikkje blir forringa utover det som følgjer av normal slit og elde. Bygget må vere funksjonelt for den type kulturaktivitet som det er bestemt til bruk for. I den grad det let seg gjere utan vesentleg kostnad, bør huseigar søkje å imøtegå eventuelle nye og endra behov med omsyn til kulturaktivitet i befolkninga.
- Salg eller deling av bygget skal ikkje skje utan skriftlig samtykke frå fylkeskommunen på førehand. Overføring av drifta av bygget til andre enn tilskottsmottakar skal heller ikkje skje utan skriftlege samtykke på førehand frå fylkeskommunen. Pantsetting av bygget i tråd med finansieringsplanen vil normalt bli godkjent ved imøtegåing av søknaden.
- Huseigar plikter å føre rekneskap i tråd med de retningslinjer som er fastsett av Kulturdepartementet.
- Dersom eitt eller fleire av vilkåra ovanfor blir mislighaldt, kan fylkeskommunen krevje tidlegare utbetalt tilskott tilbakebetalt innan 30 dagar etter at fylkeskommunen framset kravet skriftlig. Dersom huseigar ikkje betaler innan fastsett tidsfrist, kan fylkeskommunen kreve tvangssal av bygget.
- Som mislighald reknas alltid at anleggseigar avviklar drifta, innstiller betalingane, søker gjeldsforhandling, tvangsakkordforhandling, går konkurs eller blir satt under tvangsforfølging.

6. SAKSGANG OG FRISTAR FOR SØKNAD OM MIDLAR

6.1 Kommunal sakshandsaming

Søknader om tilskott skal sendast gjennom kommunen der bygget skal ligge **innan 15.februar**.

Søknadsfrist i kommunen skal kunngjerast. Godkjente søknader, vedlagt kommunen si prioriterte innstilling skal sendt fylkeskommunen innan **1. april** kvart år.

Søknaden skal sendast elektronisk gjennom www.idrettsanlegg.no

6.2 Spesielt for museum

Søknader frå enkeltstående museum skal sendast gjennom konsolidert museumseining før kommunal sakshandsaming. Konsolidert museumseining skal legge ved godkjenning og prioritert innstilling ved innsendt søknad.

6.3 Melding om rammebeløp

Kulturdepartementet fastset rammene for beløpa fylkeskommunane kan få til fordeling, og gir melding til fylket om storleik på beløpet i løpet av mai/juni kvart år.

Oversikt over fordeling

Fylkeskommunen fordeler det tildelte beløp og underrettar søkjarane om resultatet av handsaminga. Tildelinga blir avgjort i Kultur- og folkeshelseutvalet i september.

7. FØREHANDSGODKJENNING AV PLANER

Planer som blir lagt til grunn for søknad om tilskott, må vere førehandsgodkjent før bygging startar og før søknad om midlar kan bli fremma.

Godkjenningssmynde er i hovudsak delegert til kommunane. Prosjekt som medfører samlokalisering med funksjonar som feller utanfor ordninga skal godkjennast av fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan også krevje å få planane innsendt til vurdering før det blir føretatt kommunal førehandsgodkjenning. Dersom fylkeskommunen si prosedyre ikkje er fulgt, kan det medføre at søknaden blir avvist.

Frist for innsending av planer til fylkeskommunal førehandsgodkjenning er satt til 15.november kvart år, dersom prosjektet skal kunne søkje om midlar påfølgande kalenderår.

Det skal gå fram av påteikning/stempel på teikningane kven som har gitt godkjenninga. Det skal også utarbeidast eige godkjenningssmynde ved førehandsgodkjenning av planer, der det klart går fram at dette gjeld førehandsgodkjenning som kulturbygg. Byggesaksbehandling i det lokale bygningsråd erstattar ikkje dette.

Førehandsgodkjenning av kulturbygg som krav for å kunne søkje om spelemidlar, kjem i tillegg til kommunen si byggesaksbehandling. Den blir utført av kommunen eller fylkeskommunen. Ei slik førehandsgodkjenning går lenger enn ved byggesaksbehandlinga i å vurdere om bygget er egna som kulturbygg. Ved førehandsgodkjenninga skal det estetiske tilleggast vekt og kan få avgjerande betydning for godkjenning. Sjå elles pkt 1.-7. i dette bolken av retningslinjene.

Førehandsgodkjenning gjeld i tre år. Dersom ikkje byggearbeida er starta innan tre år, kan det søkjast om fornya godkjenning. Merk at førehandsgodkjenning av planer ikkje automatisk medfører tilskott til bygget.

7.1. Førehandsgodkjenning av planer

Førehandsgodkjenning skal sjå til at bygget er planlagt ut frå reelle behov i lokalsamfunnet, at planane er i samsvar med dei funksjonelle krav som er stilt til denne type lokale, og at dei estetiske kvalitetane er ivarettatt for bygget i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene.

Førehandsgodkjenninga skal også sjå til at bygget er i samsvar med definisjonen av lokale/regionale kulturbygg og kjem inn under tilskottsordninga.

Dersom det skal byggast eit kulturhus som utbyggar eller kommune ikkje har kompetanse på for utforming, må relevant fagmiljø bli kontakta. Dette gjeld for eksempel bibliotek og lokale for teater/musikk.

Retningslinjene gjeld også ved ombygging av eksisterande kulturbygg. Krava som blir stilt for nybygg, gjeld generelt også for ombygging. Ved ombygging må det likevel opnast for eit visst skjønn, ut frå kva som er praktisk mogleg å få til, og ut frå verneomsyn for eldre, bevaringsverdige bygningar.

Ved ombygging skal planane bygge på ein tilstandsrapport, som gjer greie for tekniske, økonomiske og funksjonelle forhold i bygget. Vurderinga og rapporten skal utføres av ein person med relevant fagkompetanse.

7.2. Målsetting

Målsettinga med kulturbygget må klargjerast og danne utgangspunkt for planlegginga av bygget og av drifta.

7.3. Behovsoppgåver

Aktivitetane bør styre planane. Undersøkingar av reelle behov skal danne grunnlag for planane, og for utforming og dimensjonering av bygget. Alle lag, foreiningar og andre grupper som ein kan forvente å bruke huset, bør høyrast om behov.

A. Behovsoppgåver frå dei enkelte lag/brukargrupper skal angi:

- type aktivitet det skal gis rom for
- rombehov med angitt areal og forventa tal deltakarar
- stipulert tal gongar per månad ulike brukargrupper reknar med å nytte lokala. Bruk på dag- og kveldstid bør gå fram.

B. Samla behovsoppgåve – grunnlag for romprogram

På basis av behovsoppgåvene frå dei enkelte lag/brukargrupper, eigne målsettingar for bygget og vurderingar kring drifta, skal byggherren utarbeide ei behovsoppgåve over samla, forventa bruk av bygget. Samla behovsoppgåve skal ligge til grunn for utarbeiding av romprogrammet.

7.4. Romprogram

Det skal leggst fram eit førebels og spesifisert romprogram for bygget som grunnlag for utarbeiding av forprosjekt. Både dei ulike funksjonar som lokala skal romme, og tidsaspektet for bruken av de ulike romma, må gå fram her.

I rom som skal fylle ulike funksjonar, må hovudfunksjonen og øvrige funksjonar definerast. Ved fast scene må dei ulike bruksområda gå fram og prioriterast.

7.5. Økonomi

Det må sikrast god utnytting av lokala og realistiske planer for drifta. Eit enkelt prosjektbudsjett med avsetjingar til kunst, uvisse og reserve og finansieringsplan for bygging, samt førebels plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av huset, skal vurderast. Den endelege vurderinga av økonomien skal gjerast av fylkeskommunen ved behandling av søknad om midlar.

7.6. Utforming

Bygget må bli gitt ei god estetisk utforming i samsvar med bygget sin funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivnader. Utforming av bygget i forhold til nabobygg og landskap skal dokumenterast og vurderast. Estetisk og miljømessig kvalitet bør derfor vektleggast i heile planprosessen. Utforming av mål/ambisjonsnivå bør definerast tidleg og sikrast gjennom heile prosessen. Dei enkelte rom må ivareta funksjonen, eventuelt fleire funksjoner, på ein god måte.

Bygg som mottar tilskott skal utførast i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande føresegner i plan- og bygningsloven, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningsloven.

Kulturlokala eller -arenaene som mottar tilskott skal vere universelt utforma i samsvar med plan- og bygningsloven og forskrifter til denne (byggteknisk forskrift). Dette gjeld både tilskott til nybygg og til ombygging.

Norsk Standard for akustikk i musikkrom

NS 8178 Akustiske kriterier for rom og lokaler til musikkutøvelse skal gjelde for nybygg. Dette gjeld både når musikk er primæraktivitet, eller når lokala er tiltenkt fleirbruk. Ved ombygging eller renovering skal standarden følgast så langt det er praktisk mogleg. Bruk av akustikkfagleg kompetanse blir tilrådd.

7.7. Planvurderingar

Arealdisponering med bygningar, atkomst, utomhus opphaldsareal, planting /grøntareal og adkomst for nødvendig transport, skal vurderast. Dersom bygging skal skje i fleire byggetrinn, skal det ligge føre skisser for prosjektet totalt, og utbygginga skal vurderast samla.

Planane for bygget/lokalet skal vurderast i forhold til trafikksituasjonen, og sjå til at ulike delar i anlegget kan brukast og fungere uavhengig av kvarandre og saman. Ved samlokalisering og sambruksløyseringar med andre typar lokale, må ein sjå til at alle deler av anlegget vil fungere tilfredsstillande.

Ein del rom må dimensjonerast ut frå spesifikasjon i behovsoppgåver/ romprogram:

- aktivitetsrom/verkstader/utstilling
- tilknytingsareal for scene (garderobe, lagerplass evt verkstad)
- lagerplass for de ulike brukarane
- kjøkken (for anretning eller for matproduksjon) inklusiv lager
- kontor/opphaldsrom for personalet

Tilleggsareal for drifta, som lager, tekniske rom og kontor/ opphaldsrom for personalet, blir ofte undervurdert. Det er avgjerande for drifta at det blir satt av nok areal til desse funksjonane.

For utforming av forskjellige typar lokale, vil fagpersonell bli kontakta ved førehandsgodkjenning.

8. SØKNADSPROSEDYRE

Tidsfrist

Søklarar må overhalde søknadsfristen i kommunen **15.februar**. Den enkelte kommune må sjå til at søknadane blir sendt i sakshandsama og prioritert stand til fylkeskommunen innan **1.april**. For seint innkomne søknader blir ikkje godkjent.

Søknad skal sendast gjennom www.idrettsanlegg.no

Nye søknader skal vere vedlagt dokumentasjon som er angitt på www.idrettsanlegg.no.

Fornya/gjentatt søknad skal fremmast gjennom www.idrettsanlegg.no på vanleg måte med naudsynte underskrifter. Det kan visast til vedlegg som er sendt inn tidlegare. Ved fornya og gjentatt søknad må det gjerast greie for eventuelle avvik/endringar frå tidlegare innsendt søknad. (Prosjektbudsjett, finansieringsplan, driftsbudsjett m.v.)

Søknad kan ikkje bli fremma før førehandsgodkjenning av bygget er på plass. Frist for fylkeskommunal førehandsgodkjenning er 15.november for søknadar i påfølgande år.

9. KRAV TIL DEI ENKELTE VEDLEGG TIL SØKNADEN

9.1 Opplysningar om aktivitet, behovsunderlag og søkjar

Gi opplysningar om dei funksjonar som skal inngå i kulturbygget, kva for aktivitetar som skal drivast, og behovet for det bygget det søkjast tilskott til.

Gi opplysningar om tal forsamlingslokale (møtelokale) som fins på staden, kva slags lokale som finst, og innbyggartalet i kommunen og på staden.

Nemn kor mange aktive medlemmar søkjarorganisasjonen/andelslaget har, og kva for hovudorganisasjon den er knytt til. Dersom fleire organisasjonar står bak søknaden, skal tilsvarande opplysningar gis også om desse.

9.2 Teikningar påført godkjenningstempel

Førehandsgodkjente planar for bygget, der det går fram av påteikning/stempel på teikningane kven som har godkjent dei. Ved eventuelle ENØK-arbeid i eksisterande bygg skal ENØK-rapport leggst ved.

Denne godkjenninga skal ligge føre før byggearbeida blir satt i gang. Dersom arbeida er starta eller fullført før førehandsgodkjenning føreligg, fell prosjektet utanom tilskottsordninga.

9.3 Detaljert prosjektbudsjett

Totalkostnaden for kulturbygget skal førast opp, fordelt på tilskottsberettiga og ikkje-tilskottsberettiga kostnader.

Prosjektbudsjettet skal innehalde avsetjingar til kunst, uvisse og reserve.

Ved samlokalisert løysning skal både totalkostnaden for bygget og berekna kostnad for kulturbygglokala settas opp. I tvilstilfelle bør fylkeskommunen rådførast.

Dugnadsarbeid må vere spesifisert, også i prosjektbudsjettet.

Administrasjonsarbeid kan maksimalt utgjøre 5 % av godkjent prosjektbudsjett.

9.4 Utgreiing og dokumentasjon av dei enkelte postar i finansieringsplana

Finansieringsplana skal ha dekning for kulturbygget sine samla kostnader.

Alle postane i finansieringsplana, bortsett frå søknadssum, skal dokumenterast:

- Eigenkapital skal stadfestast ved kontoutskrift frå bank, post, e.l. som viser at beløpet er bunde til utbygginga av anlegget.
- Kommunalt- og/eller fylkeskommunalt tilskott må vere vedteke.
- Private tilskott/gåver, til dømes reine pengetilskott, materiale, rabatt o.l., må vere stadfesta med underteikna gåvebrev.
- Dugnad skal gjerast greie for i eigen dugnadsoversikt utarbeidd med utgangspunkt i det arbeid som etter prosjektbudsjettet skal utførast på dugnad. Dugnadsarbeidet skal prisast til den verdi arbeidet er berekna til i prosjektbudsjettet, men det er ikkje høve til å pårekne meirverdiavgift på dugnad.
- Lån skal vere stadfesta med kopi av lånetilsegn. Eventuelle lånevilkår må vere oppfylt.
- Eventuelle andre statstilskott det er søkt om, eller som er innvilga, må spesifiserast.

9.5 Plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygget

Plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygget, skal innehalde ei kort:


- plan for bruk, med opplysningar om brukstid og brukargrupper
- plan for drift og vedlikehald, m.a. med opplysningar om driftsansvar og korleis bygget skal administrerast og bli betjent.
- driftsbudsjett
- eventuell plan for påbygg/vidareutvikling av kulturbygget.

9.6 Tinglyst skjøte/leigeavtale

Det skal leggst ved kopi av tinglyst skjøte/leigeavtale for minimum 20 år på den grunn der huset skal byggast.

9.7 Vedtekter/utleigereglar

Vedtekter for andelslaget eller lover og utleigeregler for organisasjonar må leggst ved.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

10.UTBETALING AV TILSKOTT

Utbetaling til den enkelte søker.

Fylkeskommunen utbetalar løyvde tilskott til kommunen. Når det gjeld bygg som ikkje er eigd av det offentlege, formidlar kommunane tilskotta vidare etter gjeldande retningslinjer.

Så snart bygg er fullført, må byggherren sette opp rekneskap for kommunerevisjonen. Anmodning om utbetaling av løyvde midlar fremmast overfor fylkeskommunen av den enkelte kommune.

Delutbetaling

Det kan bli foretatt delutbetaling på inntil 85%, når arbeidet er kome godt i gang. Dei siste 15% av godkjent tilskottsbeløp blir utbetalt når revidert sluttrekneskap ligg føre.

Sluttutbetaling

Sluttutbetaling skjer når ferdigattest og revidert rekneskap er sendt fylkeskommunen.

Inndraging av tildelte statsmidlar

Tilsegn om tilskott kan gjelde i inntil tre år. Dersom revidert regnskap viser at bygget er blitt rimelegare enn godkjent kostnadsoverslag som låg til grunn for tilskottet, skal tilskottsbeløp justerast og restbeløp blir inndratt. Slik inndraging skal gjerast av den fylkeskommune som har innvilga tilskott. I spesielle tilfelle kan fylkeskommunen gje utsetting av inndraginga.

Bruk av rentemidlar og inndratte midlar

Rentemidlar og inndratte midlar skal nyttast som tilskott til lokale og regionale kulturbygg som oppfyller dei formelle krav til å motta støtte. Midlane skal først og framst vere tilgjengeleg ved handsaming av klagesaker.

Etter at klagehandsaminga er avslutta, kan midlane nyttast til :

- å gå vidare på prioriteringslista frå den ordinære tildelinga
- å gje tilskott til kulturbygg utanom søknadsfristen, t.d. ved tilleggsøyving ved mindre overskriddingar.

Klageadgang

Forvaltningsloven § 28 andre ledd gir søkerar rett til å klage på enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast til det forvaltingsorganet som er nærast overordna det forvaltingsorganet som har fatta vedtaket.

Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunane i saker om forvaltinga av denne ordninga. I fylkeskommunanes underretning til søkerane om vedtak skal det mellom anna gjevast opplysningar om høve til klage og klagefrist, jfr forvaltningsloven § 27 tredje ledd.

11.KRAV TIL FØRING AV REKNESKAP

Rekneskapsplikt

Alle søkerar som mottar statstilskott til lokale og regionale kulturbygg, plikter å levere rekneskap. Revidert rekneskap er eit krav for å få utbetalt siste del av tilskottet. Revidert rekneskap er grunnlaget for storleiken på siste utbetalingsbeløp, og dermed for storleiken på det endelege tilskottet.

Mottakarar av midlar må forvise seg om at den som tar hand om rekneskapsføringa har tilstrekkelege føresetnader for å kunne utføre denne på tilfredsstillande måte, og at vedkommande er kjent med krav og retningslinjer.

Det skal først eige byggerekneskap for kulturbygget. Det skal som hovudregel nyttast ei eiga kasse eller bankkonto for alle utbetalingar/innbetalingar vedrørande kulturbygginvesteringa. Rekneskapen skal vere ført slik at det kan samanliknast med prosjektbudsjettet som blei innsendt ved søknad om tilskott. Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjente prosjektbudsjettet.

Det skal ligge føre bilag for alle utbetalingar og innbetalingar. Bilaga skal vise:

- kva utbetalinga/innbetalinga gjeld
- kva konto som er belasta
- kven som har anvist
- kven som har attestert
- bilagsnummer.

Attestasjon og anvisning skal ikkje gjerast av same person. Bilaga skal nummererast fortløpande og arkiverast etter stigande nummer. Tilskottsmottakar pliktar å oppbevare bilag og rekneskapsbøker så lenge som rekneskapslova tilseier (10 år).

Verdi av gåver (ikkje pengegåver), rabatt og dugnad

For dei postar der heile eller delar av arbeidet er utført på dugnad, skal verdien av dugnaden settast til det beløp dette arbeidet er ført opp med i godkjent prosjektbudsjett i søknaden. Det er ikkje høve til å føre opp eit høgare beløp. Det er fylkeskommunen som godkjenner det endelege prosjektbudsjett.

Gåver (ikkje pengegåver) og rabatt kan heller ikkje først opp med eit høgare beløp enn i godkjent søknad. Det skal ikkje reknast meirverdiavgift på dugnad, gåver og rabatt.

Dersom det er betalt for arbeid som i søknaden var oppført som dugnad, rabatt eller gåver, skal verdien i rekneskapen for desse postane justerast ned med tilsvarende beløp. Verdien vil i staden framkomme som ei betalt utgift under kontantutgifter i rekneskapen.

Bokføring av kontantinntekter som skal finansiere anleggskostnaden

Alle kontantinntekter som skal finansiere byggekostnaden skal først i rekneskapen, til dømes eigenkapital, statsmidlar, lån, kommunale og fylkeskommunale tilskott og private tilskott. Hovudpostane for kontantinntektene skal vere de same som postane for kontantinntekter som inngikk i finansieringsplana i søknaden.

Krav om ferdigattest for kulturbygget

Fylkeskommunen anbefaler at teknisk etat, eller tilsvarende kontor/etat i kommunen, godkjenner/uttaler seg om prosjektbudsjettet i søknaden. Teknisk etat skal også, saman med kulturansvarleg, foreta ferdigbefaring og stadfeste ferdigstilling av kulturbygget før rekneskapen leggst fram for revisjon.

Kino og kultursal

Krav i HVO-utgreiinga

Storsal/fleirbruksrom

Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsyningar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapasitet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere eigna til temporære utstillingar. Setekapasitet: ca. 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar).

Brukarar: Dette rommet blir brukt til undervisning for mediefag (AMF + dagens MID) og anna undervisning på HVO. Det kan også vere eigna som prosjektrum for drama/dans (Seanse/kulturproduksjon) viss det får takhøgde på minst fem meter. Det vil også vere godt eigna til større fagkonferansar eller liknande i regi av høgskulen eller andre, og til bruk under Dokfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og andre arrangement. Det vil også vere ein stad for det lokale kulturliv, med til dømes konsertar, teater, ungdomsskulens Melodi Grand Prix, ballettskulens framsyningar, større kinoframsyningar og meir. Som ein del av planane kring ein ny kunnskapspark etablert i Aasen-huset er det signalisert at dette vil vere aktuelt å leige i samband med konferansar og liknande.

Tekniske krav:

Oppheva scene: For framføring av musikk, teater og liknande.

Alternativ 1: Scene som blir bygd opp manuelt med modular. Krev lagringsplass for modulane. Billegaste alternativ.

Alternativ 2: Scene som kan hevast og senkast maskinelt. Dyraste og teknisk mest krevjande alternativ.

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor.

Teleskoptribune med setekapasitet til ca 500 plassar vil gjere rommet fleksibelt i bruk. Gode og komfortable stolar (sjå td. trysilbyggprodukter.no).

Galleri langs sidene for plass til kamera, fleirkameraproduksjon

God akustikk med gode lydanlegg, lysrigg mm

Kontrollrom

Garderobe/sminkerom i nærleiken

Greenroom

Lager til scene/scenestyr og lignende

Fleirbruksrom/mindre sal

Bruksområde: Dette rommet vil bli brukt til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.

Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt eigna til bruk under Dokfilmfestivalen,

animasjonsfestivalen og liknande arrangement. Det vil også vere ein stad for det kinoframsyningar med høg standard. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark i Aasen-huset vil det vere ein aktuell leigetakar.

Tekniske krav:

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor. Auditorium med setekapasitet på 80-100 plassar med faste komfortable stolar. Ein bør vurdere om stolane kan ha nedfellbare bord slik at det enklare kan nyttast til førelesingssal

Gode lydanlegg

Kiosk. Det bør knytast ein kioskfunksjon til fellesarealet/vrimlearealet på bygget med tanke på arrangement i desse to fleirbruksromma.

Bygget bør bli knytta til Berte Kanutte-huset gjennom ein passasje slik at ein ved ulike arrangement kan gå tørrskodd dit for å kunne nytte seg av kantine, garderobe etc.

Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal.

Mandat:

Kommunestyret 30.11.2015:

1. Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av resultatane frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.

2. Følgjande vert valt til medlemmer i utvalet:

Medlemmer:

Jørgen Amdam

Fride Schjølberg Sortehaug

Odd Harald Sundal

Margrete Bjerkvik

Dan Bjørneset

Varamedlemmer:

1. Gunnar Strøm

2. Roald Espset

3. Sølvi Dimmen

4. Anders Egil Straume

Jørgen Amdam vert valt til leiar.

3. I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:

- Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept

- Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida

- Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.

4. Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.

5. Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.

Formannskapet 18.10.2016:

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg til tilleggsrepresentantar:

Magnar Åm, Martin Brenne og Kari Hasle.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Forståing av oppgåva

Arbeidsgruppa forståing av oppgåva er at dei skal komme med ei innstilling til korleis ein kan organisere kulturlokale i Volda, spesielt i høve nytt mediebygg på Høgskulen og moglegheita for kinosal og kultursal der. Dessutan skal gruppa vurdere og komme med forslag til korleis framtidig bruk av samfunnshuset kan foregå.

Endrande forhold for prosjektet

I intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune står det:

Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.

Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leietakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.

Statsbygg som i dag jobbar med forslag til prosjektet er 3 månader på etterskot, dette grunna at kostnadane ved bygget vert høgare enn antatt og usikkerheit i høve Voldahallen.

HVO er fortsatt i prosess med Statsbygg med omsyn til storleik og form på mediebygget og framdriftsplanen har blitt justert fleire gangar. Tilsvarende har forutsetningar om husleige blitt endra ved at regjeringa har heva kravet til forrenting. Planen er no å få fram justert romprogram innan utgangen av februar, så engasjere konsulentar og å få ferdig skisseprosjekt tidleg haust 2017. Om denne planen held vil nybygget vere ferdig i 2020.

HVO har gitt uklare signal om behov for bruk av kultursal og om den skal byggast vil det i hovudsak vere i Volda kommunes regi og med grunnlag i leigeavtale mellom Volda kommune og HVO. På grunn av høgare husleige enn først forutsett kan det vere at HVO sjølv vil redusere si utbygging og i staden bli ein stor brukar av kultursalen. Dette må avklarast innan skisseprosjektet startar.

Desse endringane har lagt føringar for gruppas arbeid, spesielt framdrift og derfor fokuserer vi på kva kommunen skal stille som krav til ein kinosal og kultursal i HVOs mediebygg og kva aktivitet som i framtida skal finne stad i samfunnshuset.

Om samfunnshus og kulturhus i samspel

Innstillinga frå utvalet er at det nye medie- og kulturbygget på Høgskulen vert eit fokuspunkt for kultur i Volda. Bygningsmassen (kinosal og kultursal med støtterom) bør drivast av eit eige driftsselskap og skal vere tilgjengeleg for leige både på kvardagar og helg og på ettermiddag – kveld for å møte dei ulike behova knytt til eit slikt bygg. Driftsselskapet bør utvikle avtale med HVO om bruk av andre rom og utstyr for å kunne arrangere større konferansar og møter og sikre tilgang til kantine m.m. utanom vanleg arbeidstid.

Samfunnshuset skal også vere tilgjengeleg for leige, men då som eit rimeligare alternativ enn kulturhuset. På den måten får ein dekkja eit spekter av behov for lokale og ein unngår at kulturhuset og samfunnshuset vert konkurrentar.

Vegen vidare for samfunnshuset

Samfunnshuset er i dag inne i ein prosess for energieffektivisering (EPC) og vil etter dette møte moderne standardar for energibruk og energisparing. Huset har historisk verdi og gruppa vurderer det som viktig at dei historiske verdiane vert tatt vare på når bygningen og bruken er i endring. Det rådst derfor til å hyre inn fagkyndig person som kan ha ansvar for at samfunnshusets særpreg vert tatt vare på i omleggingsprosessen.

Forslag til bruk av areala er at kinosalen kan bli ein framtidig kommunestyresal ved samanslåing med Hornindal. Amfiet i kinosalen i dag er forelda og vert foreslått erstatta av moderne amfi som tar mindre plass. Når kinoen flytter ut i 2020 vil salen kunne brukast på dagtid og kveld til undervisning, møter, øvingar m.m. og med ei lav husleige slik at ein får høg aktivitet. Salen bør utstyrast slik at den er velegna til møter og til undervisning for store grupper.

Salen (kommunestyresalen) i første etasje vert foreslått til utleige då størrelse og nærleik til kjøkken er god. Salen bør som no til retteleggast for fleirbruk som undervisning, møter, servering m.m.

Gruppa meiner ungdomsrådet bør involverast i planlegginga av bruken av samfunnshuset, spesielt med tanke på at det er eit mogleg lokale for ungdomsklubb når kinoen flyttar ut i 2020. Eit utkast for ungdomsklubb er at ungdommen vert tildelt lokala til venstre når ein går inn hovudinngangen i bygget (no kunstskele) og ut frå behov kan ta i bruk salane i første og andre etasje. Felles for romma er at dei må utviklast slik at det er behagelige og funksjonelle rom med tanke på bruk. Fleksibilitet i bygget er viktig og med rom av ulik karakter kan samfunnshuset møte ulike behov for leige av lokale. Komiteen tar til orde for at det må diskuterast med ungdomsrådet om lokala er egna til ungdomsklubb.

Det må vurderast om ein ynsker å fjerne filmutstyret som er der i dag eller om ein vil la det stå slik at ein framleis kan vise film i samfunnshuset. Dette vil vere positivt for ein eventuell ungdomsklubb, festivalar og liknande og komiteen støttar at filmutstyret blir verande.

Konsekvensar:

Ut over energitiltaka bør det investerast i oppussing av lokala som er i bruk av kunstskele og nytt amfi i noverande kinosal. Kostnadsramme investering bør vere under 1 mill. kr.

Gruppas innstilling til kinosal og kultursal i kulturbygg ved Høgskulen

I høve kultursal / fleirbrukssal i kulturbygget ved Høgskulen er spørsmålet kva kvalitet og kva størrelse ein ynsker i ein slik sal. Gruppa tar utgangspunkt i at salen i alle fall skal brukast 40 – 50 år inn i framtida og meiner at ein derfor skal vere ambisiøse med tanke på standard. Statsbygg jobbar i dag med å utvikle eit tilbod med kultursal. Utvalet tar til orde for å også få

utgreia ein «idealsal» som dekk alle behov Volda kommune har på denne fronten. Gruppa går inn for denne prioriteringa:

Prioritering 1: ein påkosta «idealsal» som skal dekke behov frå symfoniorkester til konferanse. Utgangspunkt for dette alternativet kan vere krava til kultursal i Innovataprojektet, sjå vedlegg.

Prioritering 2: ein basissal som allereie er skissert av prosjektstartgruppa til HVO (denne salen er beskrive i vedlegget)

Gruppa meiner at det er avgjørande at midlane kommune går inn i prosjektet med hevar standarden på salen frå ein basissal slik den no blir skissert av HVO til ein idealsal. Innstillinga til gruppa er derfor at kommunen bør velje prioritering 1.

Det er viktig at ein kultursal og kinosal ved Høgskulen er tilgjengeleg for alle, det vert derfor viktig at ein slik mentalitet ligg til grunn.

I høve kinosal meiner utvalet at salen må ha kvalitet på linje med det ein forventar av ein moderne kinosal. Det vil sei 2D og 3D moglegheiter, skikkelige seter, lydutstyr og utforming av sal som legg til rette for ei god lydoppleveling osv.

Konsekvensar:

I referat frå møte mellom Statsbygg og HVO går det fram at dei no vil planlegge bygget ut frå kostnadsrammer i staden for «ideal». Det er uklart kva konsekvensar dette vil kunne få, men det blir bedt om at HVO og Volda kommune snarast må inngå avtale om leige med økonomisk ramme som det kan planleggast med. Volda kommune må derfor bestemme seg for økonomisk ramme for leige av kinosal (ettermiddag og kveld) og kultursal. Denne i lag med leigeframfang frå HVO vil vere dimensjonerande.

Komiteen forutset at det blir etablert eit eige driftsselskap med ansvar for drift og utleige av kinosal ettermiddag og kveld og kultursal 100 % av tida. HVO og Volda kommune vil vere leigetakarar på lik linje med andre, men med Volda kommune som garantist.

Komiteen ligg til grunn at Volda kommune og Høgskulen stillar som garantistar for driftskostnadane for bygget (kinosal og kultursal).

Vegen vidare

Komiteen rådar til at kommunen går inn for forslaget kalla prioritering 1 i dette dokumentet og at komiteen held fram sitt arbeid gjennom å fylgje opp prosessen og gjennom å diskutere korleis kommunen kan stille seg til ulike scenario for bygg og byggbruk.

Frå Innovatainnstillinga (Idealsal)

6.5. Salar for konsert, teater, kino og møte / konferansar

For alle salane er det viktig med:

- ❑ Gjennomtenkte løysingar for transport av utstyr inn / ut av salane. Transportvegane mellom scener, innlasting, flygelgarasje og lagerrom skal vere *terskelfrie* for lett transport av utstyr på hjul og med traller.
- ❑ Alle salar / areal bør ha likeverdig status / kvalitet slik at kultursalen ikkje framstår som den "finsalen". Salane/ areal bør gjerne ha ulike uttrykk.

Kultursalen

Salen skal vere ein fleksibel moderne multifunksjonssal (L=32 B=18 H=12m, netto innvendige mål) som med grunnoppsett med skyveamfi er en sal med 500 sitteplassar i amfi og ca. 200 m² scene. Gode mulegheiter også for alternative oppsett til tradisjonell sal / scene (titteskap) og justering av storleik / publikumskapasitet er viktig.

Publikumskapasitet

- ❑ 500 plassar ved konsert / musikkspel med publikum i amfi + inntil 60 ekstra plassar i grunn orkestergrav på framscenen
- ❑ 700 plassar med 200 ekstra stablestolar med oppbygd scene og redusert scenedjup til 5 meter
- ❑ Inntil 500 sitteplassar ved bord for kafékonsert, bankett og liknande
- ❑ 1200 personar for ståkonsert / fest (kapasitet røming 1200 pers.)
- ❑ Inntil 700 m² til temamesser, utstillingar o. l i storsal og innlasting. I tillegg kan vestibyle, veslesal m.m. brukast i slike samanhengar slik at samla areal kan bli godt over 1200 m² for utstillingar / messer

Kravspesifikasjonar for kultursalen

- ❑ Sal og scene skal ligge på same golvnivå for å auke fleksibiliteten og vere utforma som eit stort rom.
- ❑ Salen skal kunne vere "svart boks", men også gjerne kunne sleppe inn lys og ha variasjon i fargar m.m. ved hjelp av lyssetting, vendbare element, teppe og ev. også stor vindaugsflate med 100% lystett sjalusi.
- ❑ Minimum 12 m fri høgde innvendig i sal og 5 m i innlasting / lager med like høge portar til scenene.
- ❑ Skal ha god sittekomfort på 500 faste stolar i teleskopamfi inkl. 4 - 6 faste rader på fast balkong bak i salen.
- ❑ Stolbreidd 55 cm og radavstand 95 cm. Gjennomsnittleg trinnhøgde i teleskopamfi 35 cm slik at alle plassar får gode siktforhold.
- ❑ Teleskopamfiet kan gjerne ha bua rekker. Salen må også kunne fungere godt for eit publikum frå 200 personar.
- ❑ Minst ei av dei to sidetrappene i amfiet skal vere fast for å sikre kommunikasjon mellom balkong og salen ved flatt golv.
- ❑ Det skal ikkje vere faste veggane mellom sal og scene på sida av og over scenen. Bredde og høgde skal regulerast med teppe / scenografi.

Grunnakustikken skal gi god spreining, romkjensle, god taletydelegheit og med ei etterklangstid på 1,5-1,6 sek. Denne skal kunne dempast ned til 1,1 – 1,2 sek ved hjelp av teppetrekk og vendbare element. Det skal særleg leggjast verkt på kontroll på etterklangstid i djupbassområdet. Tilrådingar frå Norsk Musikkråd av 2010 skal leggjast til grunn.

- ❑ Som alternativ skal også vurderast ein fast etterklang på 1,1 – 1,2 sek (teater, forsterka musikk/ kino) og så auke etterklagen med eit moderne elektronisk anlegg av høg kvalitet. Klangen kan då tilpassast ulike typar / storleik orkester og det gir også salen eit avansert effektanlegg.

- ❑ Bakgrunnsstøy frå ventilasjon m.m. skal ikkje overstige 25 DbA alt. NC 30 –normen.
- ❑ Salen skal ha moderne AV-utstyr med lyssterk dataprojektor til bruk for scenografi, filmpresentasjonar, konferansar m.m.
- ❑ Scenegolv skal ha god svikt og lite trinnlyd for dans, som det også unntaksvis kan skruvas fast kulisser i. Sal og scene kan gjerne ha golv med same overflate, men scenegolv må ha ekstra stor byggehøgde (skrudjup) om ikkje ein vel å legge golv etter scenekrav i heile salen.
- ❑ Sceneområdet skal ha fullt motorisert rigg for ein moderne scene med snortrekk, teatertekstilar, lysanlegg med min 120 kursar a 2,5 KWA, lydanlegg (PA) og akustiske himlingselement.
- ❑ Ved "ståkonsert" eller "småbord" kan riggast mindre scene av element. Huset bør som minimum ha 80 m² / 40 element a 2 m².
- ❑ Salen må ha tekniske sidebruer i ca. 7 meter høgde og ei teknisk bru på tvers av salen i ca. 8 meters høgde.
- ❑ I tillegg solide opphengspunkt og løfteutrustningar for blackbox-teater for tekstilar, lys, lyd og scenografi m.m.
- ❑ Et fast område på 3 x 2 meter på balkong bak i salen må vere avsett til tekniskar plass utan å skape konflikt for rømningsvegar.
- ❑ Ha maskinrom for kino, kinolerret (rull) i fremre ved scenen og godt lydanlegg kombinert for kino og konsert / teater.
- ❑ Moderne kabelstruktur for profesjonell distribusjon av digital lyd og bilete
- ❑ Alle inngangar for publikum må ha lyd / lyssluser.
- ❑ Det kan gjerne vere ein stor port mellom sal og vestibyle slik at dette kan fungere saman f. eks ved store krokonsertar og andre festarrangement.
- ❑ Vere utstyrt med godt flygel og "garasje" for dette med styrt fuktigheit (50-60%). Romet skal vere så stort at det også kan brukast som øvingsrom.
- ❑ En slik fleksibel sal krev ekstra store og lett tilgjengelege lagerareal bl.a. for stablestolar, bord, sceneelement, teknisk utstyr m.m. Dette må ha ekstra takhøgde og vere utstyrt med pallereolar og liten elektrisk truck for stabling og flytting.
- ❑ Orkestergrav er eit område fast nedsenka ca. 80 cm og vil mest verte brukt til ekstra stolplassar slik at salen då får "scenekant". Dekking med manuelle lemmar med same overflate som golv et elles.



NOTAT

Interne mottakarar:
Rådmann Rune Sjurgard

Sak: Campusutvikling på høgskulen i Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/1913	7073/2016	A60	ADM/RUNSJU	13.06.2016

CAMPUSUTVIKLING - STATUS I PROSESSEN

Kort historikk

Høgskulen i Volda (HVO) fekk i samarbeid med Statsbygg utarbeidd ein utviklingsplan for høgskuleområdet i 2015. Volda kommune vart invitert med og deltok også i prosessen. Kommunestyret fekk framlagt Campusutviklingsplanen i møte 27.08.15 (K-sak 82/15) og gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.*
2. *Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.*
3. *Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokalisast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.*
4. *Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.*

Strategiane det er vist til i vedtaket handlar om planlegging av «medieringsbygg» og kunnskapspark.

Kommunestyret sette ned ei politisk arbeidsgruppe med ordføraren som leiar for å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av Campusplanen når det gjeld punkt 4 om «medieringsbygget», jfr K-sak 122/15 i møte 26.11.15. Sitat av punkt 3 – 5 i vedtaket:

1. *I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*
 - *Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*
 - *Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*

- *Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*
- 2. *Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*
- 3. *Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

Arbeidsgruppa har hatt eitt møte, 05.01.16. Rektor og direktør for HVO møtte også. Moglege sambruksløyisingar for fleirbrukssal vart drøfta. Samtidig vart planlegginga av ny idrettshall i Volda trekt inn i prosessen med ynske om avklaring av lokalisering der ein i den samanheng også kunne vurdere Campusområdet.

Møtet konkluderte med at det vart arbeidd vidare med tre prosjekt; ny Voldahall, utvikling av Samfunnshuset og ny kino i sambruksløyising med Høgskulen. Det skulle lagast skisse for plassering av idrettshall på området opp frå Øyra skule, og HVO skulle vurdere løyisingar for sambruk av auditorium for kino.

Nye moment

Sidan dette møtet har det skjedd ein del. Samfunnshuset inngår i EPC-programmet (energispereprogrammet) og vil verte oppgradert til å verte meir funksjonelt innanfor eksisterande arealrammer. Kommunen må avklare nærare kva ein vil bruke huset til framover.

Proessen med idrettshall går framover. HVO har avklart at dei er negative til å plassere hallen på Statsbygg sin eigedom ovanfor Øyra skule. Derimot er dei positive til andre plasseringar på Campusområdet. Eit eige arbeidsutval samansett av partane; Volda kommune (v/ administrasjonen), Volda idrettsråd, Volda handball, Volda volleyball og Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider med idrettshallprosjektet. Lokaliseringsspørsmålet har vore eit sentralt tema. For idretten spelar det mindre rolle kvar hallen vert lokalisert i Volda sentrum. For kommunen har det betydning at den ikkje ligg for langt frå skulane dersom den også skal fungere som kroppsøvingssal for elevane. Fylkeskommunen stiller vilkår om at hallen ikkje vert lagt for langt frå den vidaregåande skulen (VGS). Steinrøysa vest for VGS vert no drøfta som det mest relevante alternativet, da det kan utløyse sambruksfunksjonar og ei planlegging som også stettar behova for utviding av undervisningslokale for VGS. Desse planane ligg i utviklingsplanen for VGS. Lokalisering av hall med tilbygg til VGS vil kunne forsere utbyggingsplanane ved VGS og vere eit samfunnsmessig større prosjekt enn berre ein idrettshall. Ei bygging på Steinrøysa er av skulesektoren vurdert som for lang avstand til Øyra skule. Alternativ som bør vurderast for skulane ved ei slik lokalisering kan ver ein eigen kroppsøvingssal på området til Øyra skule. HVO opplyser også at Idrettsbygget deira står ledig store delar av tida, og at kommunen kan få leige der for kroppsøving for elevane. Eg finn det rett å orientere litt om hallsaka i notatet ettersom denne saka også har gripe inn i campusutviklingssaka. Det vert lagt fram ei eiga sak om idrettshall etter ferien. Idretten har lagt fram sitt behov gjennom eit romprogram. Det er avtalt møte med Ørsta kommune for å avklare funksjonane for hallane som er under planlegging både i Volda og Ørsta, samt også for å drøfte samarbeid med sikte på høgare andel av spelemidlar. Vidare er det avtalt ekskursjon

til Ulsteinhallen. Intensjonen er å få lagt grunnlag for å få utarbeidd eit forprosjekt til ein ny idrettshall der ein kan få fram løysing og kostnader. Spørsmålet om prioritering vert noko partane deretter må ta stilling til i sine styrande organ.

HVO fekk utarbeidd eit programprosjekt for nytt mediabygg i januar i år. HVO presenterte prosjektet for kommunestyret den 25.02.16. Programprosjektet viser nybygg for mediafag lokalisert på området mellom Berte Kanutte-bygget og Strøm-bygget. I programprosjektet er det i ein førebels funksjonsanalyse og romprogram vist mogleg sambrukslokale mellom HVO og kommunen, jfr:

Storsal/fleirbruksrom

- *«Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsynsingar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapaistet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere egna til temporære utstillingar.*
- *Setekapasitet: ca 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar)»*

Fleirbruksrom/mindre sal

- *«Bruksområde: Dette rommet vil bli bruk til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.*
- *Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt eigna til bruk under Dokfilmfestivalen, animasjons-festivalen og liknande arrangement. Det vil også vere in stad for kinoframsyningar med høg kvalitet. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark Aasen-huset vil det vere ein aktuelle leigetakar.»*

Framdrifta i Campusutviklingsprosjektet

Det er eit stramt tidsløp for realisering av nybygg på Campusområdet. Husleigeavtalane med Statsbygg skal reforhandlast, og eit nytt bygg vil inngå i framtidige husleigeavtale og må stå ferdig innan utgangen av 2020. Nytt grunnlag for husleigeutrekning vil gi vesentleg lågare husleige i dei eksisterande lokala, og frigjere økonomi for HVO til delfinansiering av auka husleige i eit nybygg.

HVO legg opp til å føre opp eit nybygg gjennom såkalla «kurantprosjekt». Dette er prosjekt av eit visst avgrensa omfang der godkjenning må skje gjennom regjeringsnotat frå Kunnskapsdepartementet.

HVO og Statsbygg har tett dialog om planlegging av nytt bygg på Campus. Kommunen vert halden løpande orientert og vert invitert til samarbeidsmøte, seinast i Skypemøte mellom HVO og Statsbygg 09.06.16.

Det skal vere eit møte med Kunnskapsdepartementet 24.06.16 der HVO skal presentere behov og planar for nybygg. Intensjonane om samarbeid med Volda kommune om fleirbrukslokale i bygget vil også verte tematisert i møtet.

Statsbygg som er ansvarleg for byggjeprojektet tek sikte på å kome i gang med skisseprosjekt etter ferien. Styret for HVO har i møte 28.04.16 vedteke å dekkje kostnadene med

skisseprosjektet. Volda kommune vert utfordra av HVO til å ta stilling til om kommunen vil delta i sambruksløyising i nybygget.

Kommunen si rolle

Kommunen bør etter rådmannen sitt syn vurdere to hovudomsyn når det gjeld dette prosjektet. Det eine er rolla som vertskommune og interessa for at HVO er framtidsretta og konkurransedyktig. I kommuneplanen er det vedteke slik målsetting under temaet Volda i regionen: «*Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar*». Til dette målet er det vedteke slike strategiar:

- *Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.*
- *Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.*
- *Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.*
- *Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og grunderverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.*
- *Styrka samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og andre regionale funksjonar.*

Det andre omsynet er om kommunen skal nytte høvet til å inngå i eit partnerskap og løyse eigne behov for kulturell infrastruktur. Det går eit tog no, og truleg kan det verte lenge til neste gong, om det i det heile teke vil oppstå ei slik sjanse seinare.

Inntil det ligg føre eit skisseprosjekt har ein ikkje klare tal på kva ei slik deltaking vil innebere økonomisk for Volda kommune. Statsbygg er ubbyggjar og HVO leiagetakar. Statsbygg rår til at dersom kommunen deltek, så er det mest tenleg med framleigeavtale der HVO leiger ut ein andel ut frå timebruk til Volda kommune. Føresetnaden for å få gjennom ein slik modell hos Kunnskapsdepartementet er at det er HVO sin bruk av sambrukslokalet er det dominerande. Bakgrunnen er at statlege bygg i hovudsak skal førast opp til statleg formål. Det er likevel opning for eit samarbeid med andre partar når den andre parten sitt behov ikkje er det primære.

HVO har gjort ei grovkalkyle på husleige i to alternativ basert på arealmåla i programprosjektet frå januar 2016, jfr styresak den 28.04.16:

I Med fleirbrukssal	Husleige	II Utan fleirbrukssal	Husleige
Redusert huslege	6,00 mill	Redusert huslege	6,00 mill
Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill	Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill
Innsparing SfS	0,20 mill	Innsparing SfS	0,20 mill
Husleige kino	0,30 mill	Husleige kino	0,30 mill
Volda kommune husleige 910 m2	2,43 mill		
Sum	9,93 mill	Sum	7,50 mill
Auka husleige HVO	2,07 mill	Auka husleige HVO	2,70 mill
Totalt	12,00 mill		10,20 mill

Dette er førebelse kalkyler og basert på HVO sine skjønsmessige føresetnader om kommunal bruk/leige av fleirbrukssal og kino. Dette er forhold som må vurderast nærare etter forhandlingar, og der ein må leggje til grunn at HVO har den dominerande bruken. Ein kan førebels berre bruke desse tala som ein indikasjon på kva det kan dreie seg om av årlege

husleigeutgifter dersom Volda kommune skal gå inn i prosjektet. Vidare må Volda kommune ta høgde for utgifter med drifta. Erfaringar viser at mange kommunar som regel har netto driftsutgifter med kinodrift og kulturelle arrangement. Det kan vere aktuelt å organisere kulturelle arrangement gjennom eit driftsselskap, og at td Volda kommune og Studentsamskipnaden kunne etablere eit slikt selskap i lag. Det er ikkje usannsynleg at ei satsing saman med HVO på Campus kan representere ei årleg utgift for kommunen i storleiken 3 – 4 millionar i leige og drift. Dette er sjølvsagt heilt grove anslag, og nærare kostnadskalkyle må kome fram gjennom skisseprosjekt og planlegging av driftsopplegg. Basert på at HVO skal ha ferdig nybygg innan 2020, så er dette utgifter som ev vil verte utløyst frå og med 2021.

Dersom Volda kommune skal ha ei rolle i regionen slik intensjonen er kommuneplanen, så krevst det ei satsing. Dette føreset omprioriteringar i drifta, effektivisering av tenestestrukturen og ein svært bevisst investeringsplan i åra framover. For å kunne ivareta eit tilfredsstillande nivå på tenestene, så meiner rådmannen at Volda kommune er avhengig av eigedomsskatt. Dersom Volda kommune skal delta i kultursatsing og leige seg inn i eit fleirbruksbygg/nytt mediebygg på Høgskuleområdet, så må slike planar byggje på føresetnadene om at kommunen ikkje fjernar eigedomsskatten i 2019 slik intensjonen er frå kommunestyret. Det same gjeld også dersom ein skal arbeide fram ein ny idrettshall i Volda kommune. Dette må sjåast i lys av andre større investeringsbehov i Volda kommune, som t.d Volda ungdomsskule.

Rådmannen meiner at det er viktig for Volda som vertsstad for Høgskulen, samt for kommunen si rolle i regionen, at Volda kommune deltek vidare i samarbeidet med sikte på å få realisert eit mediebygg med fleirbruksfunksjonar som kan dekkje kommunen sitt behov for kino og kulturelle arrangement. Kommuneplanen peikar på Volda og Ørsta som eitt samfunn i strategiane som tilretteleggjar for urbane kvalitetar og høgskulesenter. Ideelt sett burde Volda og Ørsta gått saman om ei felles kultursatsing lokalisert til Campusområdet. Dette burde ein gjere uavhengig av om Volda og Ørsta ikkje vert samanslått dei første åra. Rådmannen meiner ein bør føre dialog med Ørsta kommune om ei slik felles utvikling.

Notatet vert lagt fram for formannskapet til orientering og ev politiske signal til administrasjonen og HVO for kva haldning Volda kommune skal ha til saka vidare. Elles kjem rådmannen attende til prosjektet i eigne saker og i samband med komande budsjett og økonomiplan.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Kopi:
Høgskulen i Volda
Studentsamskipnaden

Intensjonsavtale

mellom

Høgskulen i Volda

og

Volda kommune

1. Partar

Avtalen blir inngått mellom Høgskulen i Volda (HVO) og Volda kommune

Kontaktperson hos Høgskulen i Volda høgskuledirektør Jacob Kjøde jr

Kontaktperson hos Volda kommune rådmann Rune Sjurgard/ordfører Jørgen Amdam

2. Hensikta med avtalen

Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.

Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.

Planlegginga av nybygget vil starte med eit skisseprosjekt i regi av Statsbygg hausten 2016. Målet er at bygget skal stå ferdig ved utgangen av 2020.

Intensjonsavtalen er eit mellombels dokument som vil bli avløyst av ein bindande avtale dersom bygget blir realisert.

3. Skisseprosjektfasen

Skisseprosjektet skal avklare nærare rom-/funksjonsprogram samt investeringskostnad og driftskostnader for grunnlag for utrekning av leiepris i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane er samde om utgreie nærare drift og fordeling av bruken av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Studentsamskipnaden og evt andre potensielle samarbeidspartar vert invitert til å delta i utgreiinga.

HVO dekkjer kostnadene med utarbeiding av skisseprosjektet. Ved realisering vil planleggingskostnad gå inn i det samla kostnad ved utbygging av prosjektet.

4. Informasjon

Partane forpliktar seg til å utveksle gjensidig informasjon om planar og tiltak som kan påverke realiseringa av nybygget. For å sikre god kommunikasjon blir Volda kommune invitert inn i relevante arbeidsgrupper i samband med nybygget.

5. Samordning mot andre prosessar

Realisering av mediehus vil frigjere kapasitet i Ivar-Aasen huset som HVO leier av Volda kommune. Volda kommune har planar om oppgradering av bygget i samband med eit energispareprogram (EPC-prosjekt). Investeringa baserer seg på at bygget vert utleigd til HVO til undervisning og kontor fram til realisering av nytt mediehus. Partane har som intensjon å samarbeide med andre aktørar om å få etablert ein kunnskapspark i bygget. Det vert inngått ein eigen intensjonsavtale mellom partane for eit slikt prosjekt.

Volda kommune arbeider saman med fylkeskommunen og idretten om planar for ny idrettshall. HVO stiller seg open på å vurdere mogleg lokalisering på HVO sitt område dersom dette samla sett kan gi best samfunnsmessig gevinst og ikkje legg avgjerande hindring for utvikling av Campus.

6. Avgjerd

Partane tek sikte på å ta stilling til vidare samarbeid i styrande organ og inngå ev forpliktande avtale når økonomiske og driftsmessige forhold er avklart etter skisseprosjektfasen.

7. Signering

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar av partane har sitt eksemplar.

Volda xxxx 2016

Volda xxxx 2016

For HVO

For Volda kommune

Forslag, datert 10.09.16

Revidert forslag, datert 21.09.16



Volda og Ørsta ballettskule v/Synnøve Hill

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/148	2837/2017	223	SVK/ INGJOH	03.03.2017

**SVAR PÅ SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL VOLDA OG ØRSTA
BALLETTSKULE - VARMEPUMPER M.M.**

Volda kommune har motteke søknad om økonomisk støtte til Volda og Ørsta ballettskule. Volda kommune har pr dags dato ikkje etablert noko ordning for tilskot til allmennyttige formål. Det blir imidlertid arbeidd med å få etablert ei slik ordning i 2017.

Kriterier og retningslinjer vil bli gjort kjent når ordninga er vedteke. Det er sannsynleg at ordninga vil verte vinkla mot verksemdar som driv aktivitet for barn og unge. Volda og Ørsta ballettskule kan ha moglegheit til å søke midlar frå denne ordninga når den er etablert.

Med helsing

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Hornindal kommune

Rådmann

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår ref:
16/10311-9/ FA-F47 AKLA

Dykkar ref.

Dato:
08.03.2017

Delegeringsfullmakt - Barneverntenesta for Søre Sunnmøre

Hornindal kommunestyre slutta seg i sak KS 04/17 til samarbeidsavtalen om regionalt barnevern med Volda som vertskommune. Etter vedtaket, jfr. avtalen pkt. 4, Mynde og delegering, har eg som rådmann i Hornindal fått delegert oppgåver og mynde etter barnevernlova med unntak for saker som er prinsipielle. Etter avtalen og kommunelova § 28 b om administrativt vertskommunesamarbeid, skal eg delegere dette myndet til rådmannen i Volda.

Med dette vedtaket overfører eg oppgåver og mynde, administrativt, økonomisk og fagleg på barnevernområdet i tråd med det som går fram av samarbeidsavtalen og forarbeidet i denne saka, herunder at rådmannen i Volda er underinstans i klagesaker. Eg tek atterhald om at i sak som gjeld Hornindal kommune sine innbyggjarar åleine kan eg i samsvar med alminnelege prinsipp for delegasjon gi instruks eller sjølv ta avgjerd i sak som gjeld enkeltvedtak. I saker som er prinsipielle og skal handsamast av Hornindal kommunestyre, førebur rådmannen i Volda saka som eg legg fram og har ansvaret for. Eg legg elles til grunn for delegasjonen at informasjon og kommunikasjon som teke inn i samarbeidsavtalen vert følgt, slik at eg kan følgje opp ansvaret mitt på området barnevern.

Delegeringa gjeld frå dags dato (08.03.17).

Helsing

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Adresse
Postboks 24, 6761 Hornindal

Telefon
57 87 98 00

Org.nr
835 095 762

E-post
post@hornindal.kommune.no

Internett
www.hornindal.kommune.no



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår ref:
16/10311-11/ FA-F47 AKLA

Dykkar ref.

Dato:
08.03.2017

Interkommunalt samarbeid om barnevernteneste Godkjenning av samarbeidsavtale

Kommunestyret har fatta følgjande vedtak i møte den 02.03.2017, sak 004/17:

Vedtak samrøystes:

1. Hornindal kommune sluttar seg frå 02.03.17 til vedlagde avtale om interkommunalt barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.
2. Hornindal kommune inngår avtale på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.
3. Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) vert å dekkje innanfor vedtekne budsjetttrammer for 2017.
4. Kommunestyret i Hornindal ber rådmannen i Hornindal kommune om å delegere mynde som følgjer av særlovgjeving på dei respektive tenesteområda til rådmannen i Volda (vertskommune) jf. kommuneloven § 23 nr. 4 og § 28-1b nr. 3.

Helsing

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakrar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
Ved
ordfører Jørgen Amdam,
rådmann Rune Sjurgård og
oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

Bekymringsmelding vedrørende Volda ungdomsskule

FAU ved Volda Ungdomsskule ser med bekymring på at ungdomsskulen framleis ikkje er høgt oppe på prioriteringslista over investeringar i kommunen. Ungdomsskulen har vore gjenstand for utsette investeringar i mange år. Vi ser at skulen ligg inne i investeringsbudsjetta framover, men det er på langt nær tidleg nok, heller ikkje midlar nok. Vi treng ein funksjonell og stor nok ungdomsskule til å romme elevane i åra som kjem.

FAU kan ikkje sitje og vente på at dette held fram. Vi trur ikkje at administrasjonen og politikarane forstår godt nok korleis situasjonen ved skulen er. FAU forstår ikkje prioriteringa til kommunen når den planlagde renoveringa og utbygginga stadig blir utsett. Må det gå så langt at skulen blir kondemnert før kommunen reagerer? Vi meiner at renovering og utbygg ikkje er godt nok. Etterslepet allereie er altfor stort, og behovet for meir plass er prekært. Det er mange flotte og nye skulebygg i Volda, men den største og mest befolka skulen er no heilt nedsliten. Kommunen treng ein ny ungdomsskule, og arbeidet må begynne med ein gong!

Skuleleiinga har skrive til kommunen vedrørende den prekære romsituasjonen. Om nokre få år vil skulen ha 12 klasser – det er det rett og slett ikkje plass til. Kjellaren kan ikkje brukast til klasserom. Klasseromma er for små slik dei er i dag. Det er nesten ikkje grupperom på skolen. Elevar med spesielle oppfølgingsbehov har særskilte dårlege fasilitetar. Handtverk- og sløydsalar er utdaterte, og kan karakteriserast som museum. Dataromma er ein katastrofe. Både den dårlege luftkvaliteten, varmen, manglande lyssetting og eitt virvar av elektriske installasjonar, gjer romma ueigna til undervisning og gjennomføringa av skriftleg eksamen. Volda kommune, ved Opplæring og oppvekst, har som målsetjing at grunnskulepoeng og resultat frå eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet. Men kva med dei elevane som sit på desse prøvene i rom med dårleg ventilasjon og ingen solskjerming på fine dagar. Det er ikkje mange av oss vaksne som ville halde ut og prestert i ein slik arbeidssituasjon.

Arbeidsforhold for lærarane er svært dårlege, både arbeidsrom, pauserom og toalett er underdimensjonerte og utdaterte. Vi foreldre er glade for at arbeidsmiljøet på skolen er godt, vi tør ikkje tenkje på konsekvensane dersom lærarane bestemmer seg for at «nok er nok». Lærarane og administrasjonen gjer det umoglege mogleg under utfordrande arbeidsforhold. Opplæringslova slår fast at skulen skal ha eit godt samarbeid med foreldre. Korleis kan lærarane ved Volda ungdomsskule ha samtalar med foreldra når dei ikkje har møterom å møte foreldra i, og heller ikkje har uforstyrre rom for teiepliktige telefonsamtalar? Lærarane skal samarbeide med PPT, barnevern og andre

instansar. Når lærarane ikkje kan snakke uforstyrta verken med foreldre eller andre primære samarbeidspartnarar, i kva grad ivaretar et eit skulebygg utan møterom då teieplikta? Det er forventa at skular skal drive omfattande kompetanseutvikling. Erfaringsdeling og refleksjon er blant dei viktigaste verktøya lærarane har. Korleis er det for leiarane og lærarane ved Volda ungdomsskule å utvikle skulen til ein lærande organisasjon når det ikkje finst eigna rom for erfaringsdeling og kollegarettleiing? Vi vil vite kva kommunen meiner.

Skulen er ei av basisoppgåvene til ein kommune. Krava som er skissert ovanfor, er lovpålagde. Dette er ikkje Volda verdig.

I studiebygda Volda, som har drive med lærarutdanning i over 150 år, er Volda ungdomsskule ein viktig praksisskule for studiebygda sine lærarstudentar. Men ungdomsskulen har ikkje møterom, og studentane må få rettleiing av praksislærarane på gangen. Korleis kan Volda ungdomsskule vere ein god partner i utdanninga av nye lærarar når det ikkje finst møterom der rettleiing og tilbakemelding kan foregå, og når det ikkje er plass til studentane på lærarrommet? I dag blir studentane viste til eit trangt rom i kjellaren, langt unna resten av personalet.

Kommunen byggjer ny Øyra skule, det meiner vi er på tide og veldig fint. Men vi stiller spørsmål med kor langsiktig kommunen planlegg når det ikkje blir bygd skulekjøkken eller gymsal i tilknytning til skulen. Då verkar det som om der er ein forventning om at dette skal gå føre seg på ungdomsskulen. Ungdomsskulen har allereie store utfordringar med omsyn til plass og kapasitet. Korleis skal dette løysast?

FAU ved Volda ungdomsskule håper administrasjon og politikarar vaknar og forstår alvoret og behovet for investeringar og nybygg. Vi kan ikkje sitje å sjå på at skulen forfell og at elevar, lærarar og lærarstudentar har så dårlege arbeidsforhold. FAU har bestemt seg for å halde eit ope møte på ungdomsskulen i løpet av våren, der vi vil inviterer representantar frå kommuneadministrasjonen og kommunepolitikarane. Vi vil med dette rette søkelyset på behovet og oppnå større merksemd rundt situasjonen ved skulen.

Skulen må prioriterast, no!

Med helsing

Styret i FAU ved Volda ungdomsskule

Janicke W. Driveklepp

Steinar Høydal

Truls Eidset

Ellen Engeseth

Hei,

Vedlagt følger et brev signert styret i FAU ved Volda Ungdomskule. Brevet er stilet til Ordfører, Rådmann og Oppvekstsjef i Volde kommune.

Vennligst påse at dette kommer frem til disse personene, så snart som mulig.

Brevet inneholder våre bekymring for skolens romsituasjon, arbeidssituasjon og ikke minst manglende fremtidig plan og investeringer for skolen. Vi kan ikke vente lenger på at dette blir prioritert, vi må synliggjøre situasjonen på en tydeligere måte. Skolen må settes høyere opp på agendaen og prioriteringslisten.

Med vennlig hilsen

Leder i FAU v Volda Ungdomsskule
Janicke Westlie Driveklepp



REFERAT

Frå: Per Ivar Kongsvik
Til: FAU Volda u sk
Ordførar
Eigedomssjef
Rektor Volda ungdomsskule
Kopi: Formannskapet
Kommunestyret

Sak: Volda ungdomsskule - planar og investeringar for skulen

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/295	2995/2017	614	OPP/ PERKON	06.03.2017

Referat frå møte med FAU Volda ungdomsskule

Møtedato: 03.03.2017	Møtetid frå – til:	Stad: Møterom 137
Møteleiar: Per Ivar Kongsvik		Referent: Lene Nupen
Til stades: Frå FAU: Janicke Driveklepp, Steinar Høydal, Ellen Engeset, Linda Marie Viddal, Ingunn Teigen Blindheim. Ordførar Eigedomssjef Oppvekstsjef og ass. oppvekstsjef Rektor Volda u Ass.rektor Volda u		Fråvere:

Ordføraren og oppvekstsjefen ynskte velkomen.

Dei la begge vekt på at dei set denne saka høgt og at Volda ungdomsskule har prioritet.

1. Gjennomgang av uromeldinga frå FAU

Dei punkta som FAU viser til og peikar på er møtelyden samde om. Ein ser dei same utfordringane og dei same manglane. FAU uttykkjer at ein er glad for at oppvekstsjefen har både respondert raskt og opplever same behova som FAU viser til.

Oppvekstsjefen og VUS er glade for føresette sitt engasjement og ser på ”Uromeldinga frå FAU” som viktig i arbeidet vidare med Volda ungdomsskule (VUS). FAU kjem til å jobbe internt med å få FAU til å fungere godt i overgangen til nytt skuleår.

VUS er ein stor skule med om lag 337 tilstades kvar dag, ein stor arbeidsplass. Det er ein stad som er ein viktig del av ungdomstida, som handlar om kompetanse og læring. Føresette gruppa er om lag 560. Saka angår svært mange i sentrum. Ein ser også at administrasjonen gjer det umogelege mogeleg.

Det vart gjort nokre avklaringar som viser at Volda kommune har jobba ei stund med strategi både for VUS, andre skulebygg, samanhengane og strukturen i Voldaskulane. Ein god del arbeid vert gjort i administrasjon og politisk med td. planar og økonomi utan at det vert kommunisert til føresette. Informasjonsflyten i denne saka vil skulen og oppvekstsjefen følgje opp.

2. Oppvekstsjef og rektor sine vurderingar

Oppvekstsjefen gjorde eit historisk tilbakeblikk på bygget frå det vart bygd på 60-talet, før ein innførte ungdomsskule i Volda kommune og arbeidstida for dei tilsette ikkje var slik den er i dag. Han avrunda med at det er eit lite funksjonelt bygg slik det framstår i dag.

Rektor gjekk gjennom ei rekke tilhøve ved skulen slik den framstår no. Store utfordringar i høve rom. Tilhøve som ikkje held mål og som er opplagde manglar for å drive skule på ein god måte. Ei liste av for små rom, mangel på rom, lite tenelege rom og ombyggingar av ymse slag vart lista opp.

Mange av tilhøva slik dei er no td. sanitære forhold for både elevar og tilsette er ei ekstra belastning. Det er også svært få moglegheiter for å drive god tilpassa- og spesialundervisning med gode grupperom. For elevar som slit med ulike ting kan slike fysiske tilhøve virke svært negativt.

Trass alt driv VUS ein skule med høg pedagogisk kvalitet. Dei kan ein seie både ut i frå samtalar med elevar, føresette, tilsette og resultat som kan målast, td. skulebidragsindikatoren for 2016.

3. Status og planlagt framdrift for Volda ungdomsskule v. eigedomssjefen

Eigedomssjefen innleia med eit lite historisk tilbakeblikk som understøtta at tida skulen var bygd i hadde andre pedagogiske tankar enn det som gjeld no.

Det vart understreka at ein må vere saman om å utforme skulen uavhengig om det skal utførast arbeid på eine eller andre måten. Skulen må både oppdaterast i høve bygg og i høve pedagogisk tenking og behov.

Det ein kan lese av budsjettet fram til 2020 vart avklara. Dei fyrste åra er det sett av mindre beløp, 3 mill. pr. år, og i 2019 og 2020, 25 mill. pr. år. Det er fordi ein må regne med å jobbe med mindre arbeid ved skulen heilt fram til ein evt. renoverer skulen. Budsjettet vert justert når ein er kjend med totale kostnader for prosjektet og gjennom politiske prosessar har kome fram til ei løysing. Fram til det er klart har ein med ei lengre satsing i budsjettet sikra seg handlingsrom ved VUS også dei fyrste åra.

EPC- prosjektet (energisparesprosjekt) er godt i gong på VUS. Det er tiltak som må gjerast no (td. lys, varmespreiing, varmepumpe, ventilasjon). I tillegg er det sett i gong arbeid med infrastruktur for trådløst nett i bygget. Planen er å ha cromebooks på plass til kvar enkelt elev i løpet av 2018 (då vil dataroma frigjerast til anna bruk).

Eigedom har fleire scenarie for arbeidet utover i 2017. Det vert ma jobba med eit konkurransegrunnlag for eit anbod til ein tilstandsanalyse med miljøkartlegging der ein og ber om opsjon på ein "mulighetsstudie". Eigedomssjefen forklarte også litt av tanken rundt det grøne skiftet og arbeidet med å jobbe miljøbevisst. Det er noko arbeid med dette grunnlaget/anbodedet men ein regnar med at sjølve tilstandsrapporten skal vere klar før sommaren 2017. Det er og førebudd til oppgradering av eksisterande klasserom, noko av dette må ein også sjå i samanheng med tilstandsrapporten. Anne Marie Falkevik vert prosjektleiar.

Det vart stilt spørsmål med kven som definerer behovet vidare. Oppvekstsjefen viste til at ein er opptekne av brukarmedverknad og at skulen ved rektor får ansvar for å setje saman panelet som kan skildre det som er behovet. FAU har bekymra seg for kvar VUS står i køen.

Ordføraren følgde opp med ein klar bodskap der han meiner det er politisk vilje og politisk fleirtal til å satse både i sentrum og på VUS spesielt. Han peika på fleire satsingar i sentrum. Campus Arena og opplæringsbasseng vart nemnt.

Ordføraren peika også på at det er naudsynt å prioritere og gjere ting i rett rekkefølge. Synkende barnetal på 1-10 skulane våre og samanslåing med Hornindal kommune må også vere med i betraktningane framover. Mork skule var også nemd. Der får ein no tilført ein skulemodul som vil stette plassbehovet ved skulen for fleire år framover. Det må også gjrast vurderingar kring drifta av Vikebygda skule, grunna det synkende elevtalet i sentrum. Ein ny barnehage i sentrum er eit eige prosjekt som skal jobbast med. Ein peikar på at ein kan jobbe parallelt med fleire ting. Slik kan ein samle barnehagane i ei velorganisert eining der ein kan få både betre kvalitet og betre økonomi. Ein nyttar i dag lite pengar på sentrumsskulane i høve andre skular.

Botnlina er at alle partar, føresette, leiinga ved skulen, skuleeigar både administrasjon og politisk samt eigedomsavdelinga som har ansvar for bygget, er samde om at det er for dårleg slik det er no. Alle partar jobbar for at det skal bli løysingar som gjev fysisk og pedagogisk god kvalitet for elevar og tilsette som held til på ungdomsskulen i Volda sentrum. Vi er einige i kva vi ynskjer og vil. Må ikkje vere tvil om at ein som eigar ynskjer å ha gode tilhøve for både brukarar og tilsette.

Vidare arbeid:

Formannsskap og kommunestyre vert orientert om saka ved at uromeldinga og referat frå møtet vert gjort kjent som orienteringssak.

Eigedomssjefen gjev melding til rektor v kunngjering på Doffin.

Det er ynskje om eit nytt møte før ferien, evt. når ein veit noko meir om framdrifta.



SWOT-analyse

Samhandling mellom NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, Flyktningekontor, Tildelingskontor, Eigedom

Utarbeida av Ørsta kommune, januar 2017



Innholdsliste

INNLEIING.....	3
Bakgrunn og føremål.....	3
Gjennomføring og metode	4
Bearbeiding av innspela og forankring av resultat	6
RESULTAT.....	7
Prioriterte innspel.....	7
Hovudfunn	14
Vegen vidare.....	14

INNLEIING

Bakgrunn og føremål

Som del av evaluering av intern organisering av NAV Ørsta-Volda er det gjennomført SWOT-analyse for delen som gjeld samhandling mellom NAV og fire utvalde kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, Flyktningekontor, Tildelingskontor, og Eigedom. Analysen er utført etter initiativ frå rådmann i Ørsta etter innspel frå partnarskapsmøtet for den interkommunale NAV-tjenesta.

Føremålet med SWOT-analyse er å gjere ei innleiande og grov kartlegging av samhandling og samhandlingsutfordringar mellom NAV og utvalet av kommunale tenester. Kartlegginga er eit innspel til organisasjonane og til organisasjonsutvikling.

Denne rapporten presenterer resultata frå SWOT-analyse.

Gjennomføring og metode

SWOT-analyse inneber ei kartlegging av styrker, (*strengths*), svakheiter (*weaknesses*), muligheiter (*opportunities*) og trugslar (*threats*).

Analysen vart utført 14. desember 2016 på Ørsta kulturhus, og involverte deltakarar frå NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar i kommunane Ørsta og Volda; Psykisk helse og rus, Flyktningekontor, Tildelingskontor, og Eigedom. Kring 40 personar deltok. Tidsramma for møtet var fire timar. I etterkant av analysen vart det etterlyst at barnevernstenesta burde vore involvert.

Prosessleiar for gjennomføring av analysen er rådgjevar Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd. Rapport er ved rådgjevar Gro Anita Bårdseth, Ørsta kommune.

Deltakarane var inndelte i til saman åtte grupper. Fire grupper bestod av kommunale aktørar og var ordna etter funksjonsoppgåver, og fire grupper bestod av NAV-tilsette men også desse ordna etter funksjonsoppgåver, slik:

- Gruppe 1. Psykisk helse og rus
- Gruppe 2. NAV/psykisk helse og rus
- Gruppe 3. Flyktningekontor
- Gruppe 4. NAV/ Flyktningekontor
- Gruppe 5. Tildelingskontor
- Gruppe 6. NAV/Tildelingskontor
- Gruppe 7. Eigedom
- Gruppe 8. NAV/Eigedom

Gruppene gjennomførte først SWOT-analyse der dei vurderte samarbeid og samhandling mellom NAV og dei kommunale tenesteområda. Deretter gjennomførte gruppene ein analyse der dei vurderte på kva måtar dei kunne realisere muligheiter avdekte i SWOT-analysen, og på kva måtar dei kunne unngå trugslane.

Arbeidsmåte og oppdrag kjem fram av figurar under.

Arbeidsmåte

Møtemetodikken skal gjennomførast på følgjande måte:

1. Møtelyden skal delast inn i grupper på 3 til 5 deltakarar, fordelt på fagområder
2. Det skal gjennomførast SWOT-analyser i fire runder.
3. Innleiingsvis i gruppearbeidet skal kvar deltakar (individuell) skrive minst tre punkt, og henge desse opp som «gule lappar». Alle punkta skal så skrivast inn på flip-overarket. Gruppa skal deretter diskutere seg fram til ei prioritert liste på kvar einskild matrisedel.
 - Prioritet 1,2 og 3 skal merkast, dei øvrige som sekkepost.
4. Gruppene skal presentere sitt resultat kort i plenum.
5. Plenumsdiskusjon.
6. Punkt 3 til 6 skal rullerast igjen på nytt punkt i SWOT-analyse, til alle fire delane gjennomarbeida.
7. Prosessen skal ikkje konkludere, berre kartlegge.

SWOT-analyse

Erfaring med dagens samarbeid

- Styrke
- Svakheiter

Tankar om framtidig samarbeid

- Muligheiter
- Truslar

Analyse

- Korleis realisere muligheitene
- Korleis unngå trugslane

Bearbeiding av innspela og forankring av resultat

Dei prioriterte innspela frå SWOT-analysen 14. desember er overførte og samanstilte i ein tabell –*Prioriterte innspel*. Samanstillinga utgjer kvalitative data som er vidare bearbeidd gjennom grupperingsanalyse og samanfatta i ei meir konsentrert form – *Essensen i innspela*. Dette går ut på at ein identifiserer fellesnemnarar innanfor kvar matrisedel i SWOT-analysen som oppsummerar dominerande tendensar og tilbakemeldingar i innspela og frå plenumsdrøftingane. Hovudfunna frå analysen er oppsummert.

Innspel og førebelse resultat frå analysen er drøfta på eige møte med seksjonsleiarane og eit utval einingsleiarar 12. januar 2017. Føremål var å sjekke ut om innspela var riktig oppfatta og framstilt i grupperingsanalysen, behov for korreksjon inn mot denne rapporten, og å forankre resultata i organisasjonsleiinga.

RESULTAT

Prioriterte innspel

Tabellane under viser prioriterte innspel frå SWOT-analysen. Tabellane er ordna etter funksjonsoppgåver. Innspel frå kommunal tenesteaktør og NAV er sett opp ved sidan av kvarandre for å få fram skilnader og likskapar innanfor dei ulike funksjonsområda. Innspela er redigerte i berre i liten grad .

SWOT. Psykisk helse og rus

	Psykisk helse og rus	NAV/psykisk helse og rus
Styrker	1. Faste, stabile, forutsigbare treffpunkt 2. Forvalter av viktige velferdsgoder = muligheiter 3. Reiser meir ut og møter brukar meir no	1. Lett å samarbeide med 2. Faste samarbeidsmøter 3. Aktiv i enkeltsaker (V)
Svakheiter	1. Kan vere vanskeleg å få med seg ut 2. "Generalistmodell" og "regelrytteri" 3. Melder frå alt for seint (ungdom/rus)	1. Manglande kommunikasjon om felles brukarar mottek tjenester (Ø), og oversikt over kven som mottek tjenester og kva oppfølging dei får 2. Innhald i tjenesten? 3. Kven er talsperson og kven fyl opp? (Ø)
Muligheiter	1. Meir utadretta fokus 2. Har mange verktøy / tilpasse tiltak 3. Skape felles forståingsgrunnlag	1. Samarbeid mellom samanslåing. Kommune = lik teneste, like muligheier, felles tiltak 2. Førebygging, ikkje brannslukking som no 3. Bedre system i kommunen for å ivareta vanslegstilte
Trugslar	1. Budbringer til NAV opp mot brukarar "dårleg nytt" 2. Komplekse saker som må løysast i kommunen 3. Begynne å definere kva kvar skal gjere	1. Fleire med problemer innanfor rus/psykiatri 2. Ressursmangel 3. Ulike styringslinjer (stat og kommune)

Psykisk helse og rus	NAV/psykisk helse og rus
Realisere muligheter	Realisere muligheter
1. Meir utadretta fokus 2. Mange vertøy/tiltak. dele kunnskapen. Samarbeidsmøte. Reklamering av tiltak 3. Felles forståelse. Sikre møtepunkt i komplekse saker	1. Kommunesamanslåing
Unngå trugslar	Unngå trugslar
1. "Budbringer". Treffe brukarane, ikkje over tlf. 2. Komplekse saker. alle ansvar for felles plan. Alle må drive behandling 3. Definere kva ein skal gjere. Ha kunnskap om kvarandre.	1. Førebygging, tidleg inn 2. Aukande ressursar frå både stat og kommune 3. Sosiofagleg arbeid/miljøarbeid

SWOT. Flyktningkontor

	Flyktningkontor	NAV/flyktning
Syrker	1. Tilgjengeleg på e-post (raske svar) 2. God dialog 3. Faste møtetider	1. Faste møter 2. Felles mål 3. Respekt for gjensidig kompetanse
Svakheiter	1. Mange NAV-oppgåver blir utført av flyktning i V 2. Stadig bytte av kontaktpersonar 3. NAV har lite tid til oppfølging	1. Manglar godkjent samarbeidsavtale 2. Manglar oversikt over intro.deltakarar 3. Lite vilje for eit 3. år for dei som har behov for norskopplæring
Muligheiter	1. God og gjennomførbar samarbeidsavtale 2. Betre rutiner for oppgåveløysing 3. Faste dagar i Volda, slik at NAV er tilgjengeleg for brukarane	1. Godkjent samarbeidsavtale 2. Økonomisk supplering i introperioden 3. 3. år for dei som har større behov
Trugslar	1. Dårlig /vag samarbeidsavtale. Må sikre oss at den vert brukt 2. Meir digitalisering / sentralisering gir mindre tilgjenge for brukarane 3. Overføring av NAV-oppgåver til flyktningtenesta fører ikkje til likeverdige off. tenester	1. Svikt i arbeidsmarknad 2. For lite ressursar (tilsette og budsjett) 3. Manglande kompetanse med omsyn til traume, bakgrunn++ Ulik oppfølging og ståstad

Flyktningkontor	NAV/flyktning
Realisere muligheter	Realisere muligheter
1. Samarbeidsavtale må forankrast i alle ledd i organisasjonen 2. Konkrete rutiner og avklare ansvar og fristar for oppgåveløysing 3. Meir tilgjenge for Voldabrukarar	1. Betre prosess i høve utarbeiding av samarbeidsavtale, der tilsette er involvert 2. Setje frist for utarbeiding av samarbeidsavtale 3. Meir ressursar til flyktningkontoret dersom dei skal ha økonomi
Unngå trugslar	Unngå trugslar
1. Bruke samarbeidsavtalen aktivt 2. Meir ressursar til å rettleie brukarane 3. Sikre likeverdige offentlege tenester ved bevisstgjeri og ansvarsavklaring	1. Kompetanseheving. Felles opplæring også politkaropplæring 2. Øymerka tiltak tilpassa svake grupper 3. Synleggjere behov for politkarane

SWOT. Tildelingskontor

	Tildelingskontor	NAV/tildelingskontor
Styrker	1. Fast kontaktperson knytta til sakstype 2. Faste møter 3. Tydeleg på oppgåveavgrensing (Ø)	1. Faste samarbeidsmøter 2. Faste kontaktpersonar 3. Oppfølging av dei som skal bu (V)
Svakheiter	1. Manglande tilgjengelegheit (telefon) 2. Fråverande sosialfagleg fokus 3. Manglande brukarfokus - regelstyrt	1. Ulike behov og prioriteringar mellom gruppene 2. Uklare grenser ifht ansvar 3. Oppfølging av brukarane
Muligheter	1. Betre tilgjengelegheit for brukarar og samarbeidspartar 2. Utarbeide rutiner for samhandling 3. Fleire faste møtepunkt/nettverk	1. Auka kompetanse og kjennskap til ulike fagfelt og brukargrupper 2. Gode rutiner og klare ansvarsområde 3. Auka fokus og kunnskap om einingane gir rom for betre samhandling
Trugslar	1. Liten grad av fellesskapskjensle 2. Utradering av sosialfagleg kompetanse og fokus. Manglande heilheitstenking 3. Manglande brukarfokus og høg grad av regel og rettighetsfokus	1. Nedskjering / pressa kommuneøkonomi 2. vekst i grupper med samansette behov 3. Pressa personalsituasjon i einingane. Mindre handlingsrom – Har vi nok bustadar?

Tildelingskontor	NAV/tildeling
Realisere muligheter	Realisere muligheter
1. Brukarane får mobilnr. til sin kontaktperson 2. Lage prosedyrer for samarbeid på ulike nivå til brukars beste 3. Bruke prosedyrer i møtepunkt	1. Stadig fokus på fag og kompetanseutvikling 2. Hospitering hos kvarandre? 3. Avtalefesta rutiner og samhandling
Unngå trugslar	Unngå trugslar
1. Fleire faste møtepunkt. Utveksle informasjon om kvarandre 2. Moglegheit for ei sterkare styring ved utføring av kommunal oppgåver. Tydlegare forventning frå kommunen. Ivareta tilsette med sosialfagleg kompetanse	1. Synleggjere behovet samarbeidspartar, samfunn og politikarane 2. Aktiv ifht prosjektmidlar 3. Styrke dei kommunale tenestene. Vere tilgjengeleg for dei svake i samfunnet 4. Forebyggande arbeid

SWOT. Eigedom

	Eigedom	NAV/eigedom
Styrker	1. Stiller depositumsgaranti til leietakarar 2. Mange ulike butilbud (rus, psykisk, flyktning etc) 3. Samhandling om bustadtildeling får "luften" felles problemstillingar	1. Faste samarbeidsmøte 2. Vilje til å finne løysingar 3. Inkludering i planlegging av bustadsosialt arbeid
Svakheiter	1. Lite oppfølging av leietakar i akuttbustad/tildelt bustad 2. Få virkemiddel for vansklegstilte (betaling hærverk) 3. For låg depositumsgaranti	1. Til tider lite forståeleg for NAV si rolle/ansvarsområde 2. Brukarar vert kasta ut av kommunen og sendt til NAV. NAV er også kommunen 3. Lite vilje til å prioritere NAV sine brukarar til komm. bustadar
Muligheter	1. Førebygging / oppfylging for å hindre utkasting 2. Utvikling av 7-stjerna samarbeidet gjennom NAV 3. Dedikerte kontaktpersonar	1. Betre ansvarsavklaring/ forventningsavklaring 2. Tidleg involvering og førebygging 3. Avklart: Kontaktpersonar + rutiner for kontakt/samhandling
Trugslar	1. Gode intensjonar. Fare for at dei ikkje blir omsett til handling 2. Manglande ressursar 3. Administrativt tidkrevjande	1. Uavklarte roller og forventningar 2. Manglande kontakt og samarbeid 3. manglande vilje og evne til forbetring

Eigedom	NAV/eigedom
Realisere muligheiter	Realisere muligheiter
1. Tilsette personar til arbeid med HMT i bustadar 2. Lage rutiner, gjerne i samarbeid med 7-stjerna på kjende case (t.d. utkasting) 3. Plan for samarbeid med 7-stjerna på årshjul 4. Faste kontaktpersonar hos eigedom og NAV	1. Samhandlingsmøte 2. Arbeidsgrupper
Unngå trugslar	Unngå trugslar
1. Gode rutiner 2. Faste møtepunkt 3. Tydelege ansvarsområde 4. Tilstrekkeleg økonomiske rammer og personell	1. Samhandlingsmøte 2. Arbeidsgrupper

Essensen i innspela

Tabellar under viser essensen i innspela, som resultat av grupperingsanalyse og i forståing med seksjonsleiarar og einingsleiarar. Tabellar viser samla resultat av innspel frå NAV-tilsette og kommunale aktørar.

Psykisk helse og rus – Samla

Dette fungerer i samarbeidet	Samarbeidsutfordringar	Korleis løyse utfordringar?
▪ Faste og stabile møtepunkt, lett å samarbeide	▪ I tilnærminga til brukarane (kvalitet vr kvantitet diskurs, faglig usemje) ▪ Kommunal aktør opplever at NAV er for fokusert på reglar og at brukarperspektivet med dette vert svekt. Etterlyser eit meir utadretta fokus ▪ NAV etterlyser informasjon om felles brukarar, tenester, oppfølging. Stiller også spm ved kva ei teneste skal innehalde og ansvar	▪ Arbeide for felles forståing av fagfelt, ansvarsområde ▪ Tidleg melding om ungdom i risiko/fråfall skule vgs Tiltak ▪ Meir utadretta fokus, reklamere for tenester ▪ Meir førebyggjande arbeid

Flyktningekontor – Samla

Dette fungerer i samarbeidet	Samarbeidsutfordringar	Korleis løyse utfordringar?
Faste møter, god dialog og respekt for gjensidig kompetanse	- Manglande samarbeidsavtale om introduksjonsprogram met - Kommunal aktør i Volda trekk fram at NAV-oppgåver utførte ved flyktningekontora gir dårlegare tilbod. - Hyppig skifte av kontaktpersonar er utfordrande for samarbeidet	- Få på plass samarbeidsavtale, må vere godt forankra Tiltak - Faste NAV-dagar i Volda - NAV etterlyser oversikt over intro.deltakarar

Tildelingskontor – Samla

Dette fungerer i samarbeidet	Samarbeidsutfordringar	Korleis løyse utfordringar?
Faste samarbeidsmøte og faste kontaktpersonar	- Samarbeidsmøta har forbettringspotensial, m.a. er fleire fysiske møtepunkt etterlyst - Ulike oppfatningar av roller og ansvar, og ulikt fagleg fokus - Kommunal aktør "anklagar" NAV for å vere for regelstyrte og med manglande brukarfokus og sosialfagleg kompetanse - NAV peikar på ulike behov og prioriteringar mellom gruppene som ei samarbeidsutfordring , uklare grenser i hht ansvar, oppfølging av brukarane	- Utarbeide rutiner for samarbeid og følge desse - Stadig fokus på fag og kompetanseutvikling Tiltak - Brukarar får mobilnr til kontaktperson - Hospitering hos kvarandre? - Ta i bruk kartleggingsverktøyet Bokart.

Eigedom – Samla

Dette fungerer i samarbeidet	Samarbeidsutfordringar	Korleis løyse utfordringar?
▪ Faste samarbeidsmøte og samhandling om bustadtildeling ▪ Eit variert butilbod ▪ Depositumsgaranti	▪ Uklare ansvarsområde og forventingar til kva dei ulike partane skal gjere ▪ Kommunal aktør held fram at det er lite oppfølging av leigetakar, få verkemiddel for vanskelegstilte, og for låg depositumsgaranti ▪ NAV er til tider usikker på eiga rolle og ansvarsområde, brukarar vert kasta ut av ei kommunal dør og sendt til NAV, og at det er lite vilje til å prio NAV-brukarar	▪ Etablere tydelege ansvarsområde og rutinar, gjerne i samarbeid med dei andre kommunane i 7-stjerna. ▪ Fleire faste møte og kontaktpersonar Tiltak ▪ Førebygging og oppfølging for å hindre utkasting ▪ Dedikerte kontaktpersonar

Hovudfunn

Hovudfunna frå analysen knytt til samhandling og samarbeid er :

- Det er i dag mykje **godt samarbeid og samhandling** mellom NAV Ørsta-Volda og kommunale tenesteaktørar, men ikkje alt fungerer like godt. Her er **forbetringspotensial**, m.a. i møtestruktur, møteleiing, møteoppfølging.
- Det er eit stor behov for **forventningsavklaringar** i høve ansvar, rolleforståing og felles mål, og **koordinering** av tenestene. Dette har særleg bakgrunn i at statleg politikk og føringar for offentleg tenesteyting endrar seg, noko som krev at også tenestene og tenesteutøvarar må endre seg. **Kommunikasjon** mellom tenesteaktørane er viktig i slike endrings- og omstillingsprosessar, men også i høve brukarane som skal motta tenestene.

Eit moment som vart trekt fram og som påverkar samhandlinga er:

- Talet på brukarar med **samansette behov** aukar, og dette er ei utfordring for samhandling blant tenesteaktørar og for kvaliteten i tenestene som vert ytt.

Vegen vidare

Vesentlege moment for organisasjonane å ta fatt vidare kan vere:

- Felles strategiske planar for brukarar med særlege utfordringar, spes. innanfor bustad
- "Overgangar" mellom skule-jobb, flytting mm behov for koordinerer og samarbeid



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Nynorske Festspela v/Nynorsk Kultursentrum

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		19132/2017/243	Hilde Hernes Hovland, 71 28 03 01	27.02.2017

Treårig fylkeskommunalt driftstilskot for 2017

Kultur- og folkehelseutvalet vedtok fordelinga av driftstilskot, sak KF-2/17 Kulturtilskot 2017 – treårig driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar og –institusjonar, i møte 08. februar 2017.

For Dykkar verksemd er driftstilskotet for 2017 på **137.500 kroner**. Beløpet er justert for generell prisvekst med **1,9%**, og delt opp i to terminar.

75% av driftstilskotet blir overført så snart som mogleg. Sluttbetaling, 25% blir overført når vi har motteke rapportering.

Med føresetnad om løyving på budsjett gjeld treårig driftstilskot for periode 2016 - 2018. Neste søknadsrunde for Dykkar organisasjon vil skje i løpet av 2018. Fylkeskultursjefen vil invitere til kontaktmøte våren 2018.

Tilskotsmottakar aksepterer vedtekne føresetnader for Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved mottak av tilskotet.

Informasjon om føresetnader, rapportering, klageadgang og kontroll står på **side 2 i tilsegnsbrevet**. Vi ber tilskotsmottakar lese dette nøye. Dersom føresetnader og rapportering ikkje blir følgd opp, blir ikkje tilskot for 2. termin utbetalt, eventuelt kan utbetalt tilskot bli kravd tilbakebetalt.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Hilde Hernes Hovland
kontorsjef

Brevet er elektronisk godkjent og signert.

Gjenpart:

- For utbetaling av 103.000 kroner (75%)/34.500 kroner (25%). Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14701.50000.57.7712 (KG 23250550) og overførast til bankkonto nr 3991.40.21530, org. nr. 976 013 263.
- Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda
- Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Føresetnader for kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Det er stilt krav til føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som mottek tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det skal gå fram av årsmelding og **eigen post i rekneskapen** av det er motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Ved tilsegn over 200.000 kroner er det stilt krav om autorisert revisor ved innsending av rekneskap/rapport.
- Det skal gå fram av program, informasjonsdokument, rapportar og liknande at verksemda har motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Rapportering frå året før (2016) må leveres kulturavdelinga innan 30. juni 2017 for sluttbetaling av tilskot.
- Som prinsipp skal ein følgje fordeling mellom kommune/kommunar og fylkeskommune som er avtalt ved oppstart av eit tiltak. I særskilte tilfelle kan det gjerast ei anna vurdering.
- Ordninga med følgjekort for funksjonshemma brukarar skal gjelde for dei opne kulturtilboda som tilskotsmottakarane står som arrangør av.
- Prosjekt/drift skal så langt som råd vere tilgjengeleg for alle, og byggje på prinsippet om universell utforming
- Kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar gjer bruk av Kulturnett Møre og Romsdal sine tenester, www.mr.kulturnett.no
- Tilskotsmottakarar legg til rette for bruk av ordningane "kulturrabatt for ungdom".
- Institusjonar og organisasjonar m.v. skal gi opplysning om organisasjonsnummer for å få tilskot utbetalt.

Rapportering

- Årsmelding og rekneskap skal årleg sendast Møre og Romsdal fylkeskommune, Kulturavdelinga, så snart dette ligg føre. Årsmelding og revidert rekneskap skal vere vedteke av årsmøte/generalforsamling.
- Siste frist for rapportering er **30.06.2017**
- 2.termin (sluttbetaling) blir ikkje utbetalt før **godkjent rapportering** er motteke (sjå føresetnader over).
- Rapportering skal sendast i eiga sending til kulturavdelinga pr post eller på e-post: post@mrfylke.no og merkast sak **16/25382**.

Om klageadgang

Vedtak om kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til institusjonar og frivillige organisasjonar er ikkje enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Dette betyr at det ikkje er klageadgang i Forvaltningslovs forstand etter at vedtak er gjort i slike saker.

Kontroll

Fylkeskulturavdelinga eller fylkesrevisjonen skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane er/blir brukt etter føresetnadene (sak T/79/15, punkt 8).

Vedlagt er tilsagnsbrev for 2017 frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga

Med vennlig hilsen
Soheyla Roygarhaghro
Konsulent
Kulturavdelinga - driftsseksjonen
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 95
Soheyla.roygarhaghro@mrfylke.no



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

prosjektleder Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato

23.02.2017

Dykkar dato

Vår ref.

2017/1518/FMMRVIVE/310

Dykkar ref.

Volda kommune

Stormyra 2

6100 VOLDA

2016/1165	
Asbjørn	
08 JAN 2017	
Emmed 026	

Nye kommunar i Møre og Romsdal - INFOskriv nr.1/2017/nye kommunar/FMMR

Fylkesmannen sender med dette ut informasjon og planar om arbeidet som ventar nye kommunar. I dette INFOskrivet er det spesielt fokus på inndelingslova og planar framover.

Innhaldet i INFOskrivet seier difor litt om status i fylket og nettverksarbeid framover. Vidare blir det informert om inndelingslova i høve til fellesnemnd, felles kommunestyremøte, fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte og kommunenamn. Det blir også gitt informasjon om arbeidet med kommunevåpen til nye kommunar.

INFOskrivet er meint som ein «vegvisar» for arbeidet med ny kommune frå no og frametter til vedtak om ny kommune i kongeleg resolusjon hausten 2017.

Kontaktperson: prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, mobil 99 15 85 49, e-post fmmrvive@fylkesmannen.no

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 INFOskriv nr 1/2017
- 2 Milepælsplan - nye kommunar



Nye kommunar i Møre og Romsdal

INFOskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR

Innhald

1. Nye kommunar i Møre og Romsdal
2. Inndelingslova
3. Felles kommunestyremøte
4. Fellesnemnd
5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte
6. Kommunenamn
7. Kommunevåpen
8. Vidare plan og tiltak for dei nye kommunane

Vedlegg

Milepælsplan



1. Nye kommunar i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal er det no **6 nye kommuneiningar** som involverer heile **16 kommunar** med positive gjensidige vedtak om samanslåing. Fylkesmannen merkar seg at det er stor aktivitet, positivt engasjement og tru på dei nye kommunane som skal byggast. I samband med kommunesamanslåingar er Fylkesmannen gitt mynde til å rettleie og gi informasjon til kommunane, og i enkelte saker (eks. grensejusteringar) følger også sakshandsaming. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i dette høvet gitt Fylkesmannen i Møre og Romsdal ansvar for den fylkesovergripande samanslåinga mellom kommunane Volda og Hornindal. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har fått ansvaret for samanslåinga mellom kommunane Halså, Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune.

I løpet av første del av juni månad vil Stortinget gjere vedtak både om kommunesamanslåingar og regioninndelingar. Det er vist til at samanslåingane skal vere frivillig, med unntak av om det er enkeltkommunar som ligg i vegen for samfunnsutvikling i den nye kommunen. Stortingsfleirtalet har lagt til grunn at frivillighetsprinsippet derfor skal gjelde, men at det likevel vil kunne være "[...] aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må kunne stanse endringer som er hensiktsmessige ut fra regionale hensyn.", jf. Innst. 300 S (2013-2014). Stortingsfleirtalet (Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg folkeparti) blei 21. feb. enige om at for 13 kommunar på landsbasis skulle ikkje frivillighetsprinsippet gjelde ut i frå ei heilskapleg vurdering av regionen dei høyrer til. I Møre og Romsdal gjeld dette for Haram kommune.

Siste status i Møre og Romsdal ser difor slik ut: (oppdatert status på våre [heimesider](#))


- **Kommunar med positive gjensidige vedtak** (13 kommunar i Møre og Romsdal - samt 3 kommunar i våre nabo fylke som til saman utgjer 6 nye kommunar):
 - Volda og (Hornindal i Sogn og Fjordane) (namn ikkje bestemt)
 - Ålesund, Skodje, Sandøy og Ørskog (Nye Ålesund kommune)
 - Molde, Nesset og Midsund (Nye Molde kommune)
 - Fræna og Eide (namn ikkje bestemt)
 - Halså og (Hemne og 1/3 av Snillfjord i Sør-Trøndelag) (namn ikkje bestemt)
 - Norddal og Stordal (namn ikkje bestemt)
- **Kommunar som er ufrivillig åleine etter vedtak** (4 kommunar):
 - Kristiansund, Vanylven, Surnadal og Sande (– men Sande er i prosess)
- **Kommune som Stortinget vil vedta å slå saman med tvang:** (1 kommune)
 - Haram kommune saman med Nye Ålesund kommune (*stipla line på kartet*)



➤ **Kommunar som fortsatt er i prosess (2 kommunar):**

- Herøy og Sande (endelege vedtak mars 2017) (*stipla line på kartet*)

Kommunekartet slik det kan bli 1. jan. 2020 - pr. 1. mars 2017



2. Inndelingslova

Kommunesamanslåingar involverer fleire lover, men [inndelingslova](#) er heilt klart veldig sentral. Inndelingslova gjeld for alle typar inndelingssaker som samanslåing, deling, grensejustering og grensefastsetjing.



Stortinget vedtok 13. juni 2016 forslag til endringar i inndelingslova og kommunelova. Vedtaket bygger på forslaget i Prop. 76 L (2015–2016) til endringar i inndelingsloven og kommuneloven (behandling av kommunesamanslåingar mv.) som blei fremma av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) 18. mars 2016. Vedtaket til lovendringar blei sanksjonert av Kongen i statsråd 17. juni 2016, og det blei samtidig vedteke at endringane skulle tre i kraft frå 1. juli 2016.

3. Felles kommunestyremøte

Når det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra jf. § 25 i Inndelingslova.

På slike felles kommunestyremøte skal følgjande saker drøftast:

- forslag til namn på den nye kommunen
- talet på medlemmer i det nye kommunestyret
- kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova
- val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Drøftinga i eit slikt felles kommunestyremøte må føljust opp med vedtak i dei einskilte kommunestyra. I tillegg til sakene som er nemnd i § 25 i inndelingslova bør kommunane i eit slikt felles møte drøfte og bli einige om saker som det er nødvendig å gjere unntak frå i lovverket for å gjennomføre samanslåing, jf. § 17 i inndelingslova.

4. Fellesnemnd

Fellesnemnda skal opprettast for å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga, jf. § 26 i inndelingslova. Etter nasjonalt vedtak i juni 2017 om samanslåing må fullmakter/reglement for fellesnemnda vedtakast i kvar einskild kommune. Etter dette kan fellesnemnda starte sitt arbeid.

Dei fleste nye kommunane i fylket har allereie valt ei «interimfellesnemnd». Denne nemnda kan utføre oppgåver for den nye kommunen på vegne av kommunestyra sine, men vedtak må fattast i dei einskilte kommunestyra.

KMD varslar at dei vil redigere rettleiar: [*Formelle rammer i bygging av nye kommuner*](#); kap. 4, 2. avsnitt, siste setning: «Fellesnemnda kan imidlertid ikke gjøre vedtak som binder den nye kommunen før sammenslåingen er vedtatt ved kongelig resolusjon».

Ved samanslåing av fylka i Sør- og Nord-Trøndelag vart praksis at fellesnemnda kunne gjere vedtak på vegne av dei to fylka- etter Stortingsvedtaket om samanslåing - og før kongeleg resolusjon.



I informasjon frå KMD til fylkesmannen blir det opplyst at slik praksis også vil gjelde for kommunesamanslåingar etter det nasjonale Stortingsvedtaket. Det vil seie at fellesnemnda kan gjere vedtak på vegne av kommunane som inngår i samanslåinga etter Stortingsvedtaket i juni. Den nye kommunen får ikkje namn og kommunenummer før det er gjort vedtak i kongeleg resolusjon.

Fylkesmannen vil kome med nytt INFOskriv når vi har fått nærare informasjon frå KMD om endringa i rettleiaren.

5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte

Departementet kan gi unntak frå kravet om felles kommunestyremøte når det er gjort vedtak om samanslåing. Dette gjeld tilfelle der kommunestyra allereie har gjort alle nødvendige vedtak, jf. § 25 i inndelingslova.

Fylkesmannen har saman med dei aktuelle partane allereie gjennomført markering av dei nye kommunane. I tillegg har det vore tett kontakt mellom Fylkesmannen og dei nye kommunane gjennom heile prosessen, der Fylkesmannen blir godt informert.

Fylkesmannen vil få delegert kompetanse frå KMD til å vurdere om det er nødvendig å kalle inn til felles kommunestyremøte. ***Fylkesmannen vil framover ha dialog med dei einskilde kommunesamanslutningane for å vurdere om innkalling til felles kommunestyremøte blir nødvendig. Slik Fylkesmannen ser prosessane i dei nye kommunane pr. dags dato vil det truleg bli semje med kommunane om ikkje å gjennomføre eit slikt møte.***

6. Kommunenamn

I rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 står det i kap. 5.2, særleg om kommunenamn nest siste avsnitt: «*Departementet legg til grunn at ved framtidige kommunesamanslåingar skal nye kommunenamn være unike. Det vil seie at namnet ikkje må være nytta av ein annan kommune eller eit fylke. Dersom til dømes ein eller fleire kommunar som blir slått saman, har eit namn som blir nytta av ein annan kommune eller eit fylke, kan den samanslåtte kommunen ikkje nytte dette namnet.*»

I felles drøftingar og/eller felles kommunestyremøte er det naturleg å drøfte namneforslag til den nye kommunen. Forslag til namneval blir vedteke i dei einskilde kommunestyra i samband med at det blir gjeve mynde og fullmakter til fellesnemnda. Kommunane kan be [Språkrådet](#) om råd og rettleiing i namneprosessen.

KMD sender forslaget til namn på den nye kommunen til Språkrådet som kjem med ein uttale før namnet blir fastsett i kongelig resolusjon hausten 2017. Viser til [rettleiar](#); *Formelle rammer i bygging av nye kommunar kap. 3.*

7. Kommunevåpen og kommuneflagg

Kommunevåpen og kommuneflagg treng ikkje vere ferdig utarbeidd til vedtak om ny kommune i kongeleg resolusjon skal gjerast.

KMD sende ut eit [høyringsbrev](#) datert 14. des. 2016 med svarfrist 15. mars 2017 om å forenkle regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.



I høringsnotatet foreslår KMD at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg blir lagt til det enkelte kommunestyret. KMD foreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er også forslag om å oppheve lov om å flagge på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil være noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg.

8. Vidare plan og tiltak for dei nye kommunane

Milepælsplan

Det ligg vedlagt forslag til ei milepælsplan der ulike tema og fristar er lagt inn – og som Fylkesmannen er delaktig i på ulike vis. Milepælsplanen er eit forsøk på å sette i system hovudlinene for prosessar og fristar- som deretter kan leggst inn i kommunane sine eigne planar.

Milepælsplanen blir redigert etter kvart som nye hendingar og datoar blir bestemt nasjonalt eller lokalt.

Kommunane står framfor følgande viktige oppgåver:

- Dersom det blir gjort unntak frå felles kommunestyremøte, jf. ovanfor – er det nødvendig for kommunane å ha **felles drøftingar** etter § 25 i inndelingslova - som førebuing til kommunestyrevedtak
- Alle kommunane som er del i ei samanslåing skal fatte **vedtak i kommunestyra sine** etter Stortingsvedtaket- der det blir fatta vedtak ut i frå punkta som blei drøfta i felles kommunestyremøte eller frå felles drøftingar, jf. ovanfor.
- **Kommunestyrevedtaka skal sendast til Fylkesmannen.** Fylkesmannen vil snarast sende vedtaka vidare til KMD. Ut i frå den informasjonen KMD får gjennom kommunestyrevedtaka vil dei førebu sak til vedtak i kongelig resolusjon. *Kommunen får etter kongeleg resolusjon sitt offisielle namn og kommunenummer.*
- Dersom Fylkesmannen skal kalle inn til felles kommunestyremøte, må **dato for eit slikt møte fastsetjast** helst før dato for dei siste kommunestyremøta før ferien.
- Fylkesmannen og kommunane har **dialog** om korleis kommunane ønsker å løyse oppgåvene framover.

Nettverk

KS og Fylkesmannen har inngått eit samarbeid med å samordne tilboda sine til dei nye kommunane i fylket, inklusiv Hornindal kommune i Sogn og Fjordane. Første nettverkssamling for fellesnemndene og for prosjektleiarane blir gjennomført no i mars. Tilboda blir tilpassa etter kva slags behov kommunane har framover for kompetanseheving og erfaringsoverføring.



Forslag til milepælsplan for nye kommunar

År	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
2017	RST – 100 mill			Innstilling Stortinget		Nasjonalt vedtak	Juli ferie	Kongelig resolusjon	Stortingsval	Stats-budsjettet		
	IFF	IFF	IFF	IFF	IFF	Felles KSM drøfting		FF	FF	FF	FF	FF
	IST- 100 mill		Nettverk og prosjektleiar-samling		Kommune proposisjon	KS-vedtak – fullmakter F Sendes FM		Utbetaling Eingongs-støtte		Nettverks-samling		KF avslutta-økonomi
2018	RST – 200 mill		Nettverks-samling							Nettverks-samling		
	FF	FF	FF	FF	FF	FF		FF	FF	FF	FF	FF
2019			Nettverks-samling						Kommuneval Fylkestingsval			
	FF	FF	FF	FF	FF	FF		FF	FF	KS konstituerer seg		
2020	Ny kommune											
	Utbetaling reformstøtte											
2021	Nye AA-retningslinjer											

IFF: Interimfellesnemnd i funksjon – FF: Fellesnemnd i funksjon – KS: kommunestyre – KSM: kommunestyremøte – KF: kommunereforma –

RST: regionsentertilskot – FM: Fylkesmannen i Møre og Romsdal – AA: arbeidsgivaravgift – IST: Tiltak for infrastruktur



Forklaring til milepælsplan

2017	Nettverkssamling	14. og 15. mars – samling i Ålesund
	Prosjektleiarsamling	28. og 29. mars – samling i Molde
	Kommuneproposisjon	18. mai – samling i Molde
	Nettverkssamling	2. og 3. oktober
	Regionsentertilskot 100 mill	2017
	Tilskot til infrastrukturtiltak - utlysing	Dato ikkje bestemt for utlysing
	Innstilling til Stortinget om ny kommune- og regioninndeling	7. april
	Vedtak om ny fylkesmannsstruktur	7. april
	Nasjonalt vedtak om kommune- og regioninndeling	Juni
	Felles kommunestyremøte – drøfting fullmakter til fellesnemnd	Juni
	Kommunestyrevedtak – fullmakter til fellesnemnd	Juni
	Utbetaling eingongsstøtte	Tidleg haust
	Vedtak om nye kommunar i Kongeleg resolusjon	Haut
	Stortingsval	11. sept.
2018	Statsbudsjettet	12. okt. (foreløpig dato)
	Økonomiske verkemedel i kommunereforma avsluttast	31. des.
	Regionsentertilskot 200 mill	2018
2019	Grenseendringar – fylke/region og kommunegrenser	Dato ikkje bestemt for utlysing
	Kommunestyre- og fylkestingsval	Sept.
	Kommunestyret i den nye kommunen konstituerer seg	innan utgangen av oktober
2020	Nye kommunar	1. jan. 2020
	Utbetaling reformstøtte	Jan.

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS

Fredag 03.03.2017 kl. 10.00-14.30 vart det halde møte i representantskapet i Sunnmøre Regionråd på Eidet omsorgssenter i Haram kommune.

Til stades:

Frå representantskapet:

Giske kommune: ordførar Harry Valderhaug
Haram kommune: varaordførar Randi Walderhaug Frisvoll
Hareid kommune: ordførar Anders Riise
Sandøy kommune: ordførar Oddvar Myklebust
Sande kommune: ordførar Dag Vaagen
Skodje kommune: varaordførar Geir Ove Leite
Stordal kommune: ordførar Eva Hove
Sula kommune: ordførar Jim Arve Røssevoll
Sykkylven kommune: ordførar Odd J. Drotninghaug
Ulstein kommune: varaordførar Steinar Torvik
Vanylven kommune: varaordførar Bjarne Sætrenes
Ørskog kommune: ordførar Knut Helge Harstad
Ålesund kommune: varaordførar Tore Johan Øvstebø

Forfall:

Herøy kommune: varaordførar Camilla Storøy
Norrdal kommune: ordførar Arne Sandnes
Stranda kommune: varaordførar Arild Ringdal
Ulstein kommune: ordførar Knut Erik Engh
Vestnes kommune: varaordførar Randi Bergundhaugen
Volda kommune: varaordførar Fride Sortehaug
Ørsta kommune: ordførar Stein Aam

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Rådmenn:

Turid Hanken, Haram kommune
Astrid Eidsvik, Ålesund kommune
Ragnhild Velsvik Berge, Hareid kommune
Tor Helge Stavdal, Norrdal kommune

Kim-Andre Breivik, Sandøy kommune
Bente Glomset Vikhagen, Skodje kommune
Ass. rådmann Kjartan Lied, Stranda kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Sperre Austnes
Rådgivar Erlend Krumsvik
Prosjektleiar Einar Haram
Prosjektleiar Nils Magne Abelsest

Andre:

Fylkesmann Lodve Solholm, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbrukssjef Frank Madsøy, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Rådgivar Bjørg Brynhildsvoll, Haram kommune
Arkitekt Harald Hjelle, Harald Hjelle Arkitekter AS
Siv.ing. Håvard Flisnes, Riksheim Consulting AS
Rådgivar/sivilarkitekt Kåre Beite, Haram kommune
Dagleg leiar Arild Sand, Ålesund Bygg AS
Rådgivar Rolf Arne Tennø, Haram kommune
Viserektor Annik Magerholm Fet, NTNU i Ålesund
Leiar Tone Kiperberg Kirkhorn, ALV Møre og Romsdal

Sak 1/2017: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Innkallinga vart godkjent.

Sak 2/2017: Godkjenning av saklista. Saker til eventuelt

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjent. Sak 5 gjekk ut då Knut Erik Engh meldte forfall til møtet.
Til eventuelt var det to saker: 1. Informasjon om ordførarsamling i sommar
(ordførarnettverket). 2. Orientering om utflytting av statlege arbeidsplassar.

Sak 3/2017: Val av to personar til å underteikne protokollen

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Eva Hove og Randi Walderhaug Frisvoll vart valde til å underteikne protokollen saman
med leiaren av representantskapet.

Sak 4/2017: Informasjon om Eidet omsorgssenter og omvisning på senteret

Ved ordførar Vebjørn Krogsæter, rådmann Turid Hanken og rådgivar Bjørg Brynhildsvoll i Haram kommune, prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram i Sunnmøre Regionråd, arkitekt Harald Hjelle i Harald Hjelle Arkitekter AS og siv.ing. Håvard Flisnes i Riksheim Consulting AS

Prosjektet Eidet omsorgssenter er eit regionalt fyrtårn innan energieffektivisering (Enova førebileteprosjekt).

Ordførar Vebjørn Krogsæter i Haram kommune opna møtet og ønskte velkomen. Han viste til at prosjektleiar energieffektivisering i Sunnmøre Regionråd Einar Haram har vore med og planlagt energiløysingane i bygget.

Hovudmålet med å leggje møtet til Eidet omsorgssenter var å inspirere slik at ein kan ta med kunnskapen heim og bruke han der.

Rådmann Turid Hanken i Haram kommune snakka om prosessen med bygget. I bygget er det 70 bueiningar, inkl. 5 større leilegheiter. Vidare er der mellom anna dagsenter og areal for heimebaserte tenester. Prosjektet erstattar 4 andre institusjonar i kommunen. Kostanden er om lag 224 millionar kroner.

Rådgivar (og tidlegare einingsleiar og medlem av prosjektgruppa for bygget) Bjørg Brynhildsvoll frå Haram kommune snakka om bygget sine funksjonar i høve til den oppgåva det skal løyse. Ho sa at bygget skal gjere at dei som bur her meistarar livet sitt på ein best mogleg måte. Det er 10 korttidsplassar drifta som institusjon og 60 omsorgsbustadar med heildøgns bemanning. 5 leilegheiter er tiltenkt yngre brukarar eller brukarar med omfattande (plasskrevjande) behov.

Prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram i Sunnmøre Regionråd fortalte om energimåla for prosjektet, og kva ein kan få til når ein set krav til entreprenørane om å finne energieffektive løysingar. Han viste til måla i Haram kommune sin energi- og klimaplan, og at det er viktig å sjå på moglegheiter og samspel mellom ulike aktørar. Haram sa at kulturen i Haram kommune, som var bakgrunnen for at bygget vart reist her, var ein innovasjonskultur; nyskapande, nysgjerrig og med uredde politikarar.

Arkitekt Harald Hjelle viste film og snakka om hvordan korleis bygget er organisert og utforma. Han sa at det er et komplisert bygg som føreset eit fleirfagleg samarbeid. Alt er teikna inn i same 3D-modell, der kvart fag har sitt område.

Siv. ing. Håvard Flisnes frå Riksheim Consulting AS snakka om teknikk og energi i bygget. Han sa at bygget på energisida er unikt i norsk samanheng. Dette kjem av energibruken, bruken av fornybare energikjelder (både frå solceller, solfangarar og bergvarme), bruken av ny teknologi og dokumentasjon av energibruken.

Etter Flisnes sitt innlegg var det omvisning i bygget.

Styreleiar Jan Ove Tryggestad i Sunnmøre Regionråd overrekte blomster til ordførar Vebjørn Krogsæter i Haram kommune og gratulerte med bygget.

Sak 5/2017: Oppsummering av NHO sin årskonferanse 2017 med fokus på grøn verdiskaping

Ved ordførar Knut Erik Engh i Ulstein kommune

Saka gjekk ut då Engh meldte forfall til møtet.

Sak 6/2017: Fylkesmannen sin halvtime

Ved fylkesmann Lodve Solholm og landbruksdirektør Frank Madsøy, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmann Lodve Solholm sa at kommuneproposisjonen om samanslåing av kommunar og regionar vert fremja 7. april 2017. Før påske får ein også vite ny fylkesmannsstruktur. Denne strukturen vert bestemt i statsråd og ikkje på Stortinget. 1. januar 2019 skal dei nye fylkesmannsembeta vere i funksjon.

Solholm viste til at 13 kommunar i Møre og Romsdal har gjort vedtak om å slå seg saman. Kommunereforma skal opp til debatt i Stortinget i juni månad. Erfaringsmessig tek det eit par år å lage ein ny kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal startar eit nettverk 14. og 15. mars 2017 for å hjelpe til i prosessen.

Solholm viste elles til at 34 av 36 kommunar i fylket hadde overskot i 2016. 6 kommunar vert meldt ut av Robek i løpet av 2017, og då er det berre 4 igjen.

Landbruksdirektør Frank Madsøy snakka om jordvern. Bodskapen var at ein ikkje må byggje ned meir dyrka jord.

Nasjonal jordvernstrategi vart vedteken 8. desember 2015. Madsøy viste til at jordvern er ei nasjonal interesse. Dyrka jord (kornjord) som vert bygd ned kan ikkje brukast i framtidig matproduksjon. Landbruket ivaretek matsikkerheit, sysselsetting og verdiskaping i heile landet.

Matjorda er under press, og i perioden 1994-2011 vart det årleg nedbygd 11 400 dekar jordbruksareal. Presset på dyrka jord har å gjere med sentralisering (utvikling av byar og tettstadar). Møre og Romsdal er blant fylka i landet med størst bortfall av dyrka jord.

Kommunane er sentrale i arealdisponeringa, og må innarbeide dei nasjonale omsyna om jordvern og vere oppmerksom på dette i enkeltsaker. Landbruksdirektøren vil besøkje kommunane i fylket for å gi informasjon om nasjonal jordvernstrategi.

Sak 7/2017: Drøfting av arbeidet i Demokratiprojektet

Innleiing ved rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd

Målet med prosjektet er å:

1. utvikle politikerrolla for fritidspolitikaren.
2. la digitalisering bli ein naturleg arena for medverknad og ein naturleg del av organisasjonsutvikling.
3. leggje til rette for innovasjonsklima for kommunane.
4. skape grunnlag for samskaping mellom kommunar og andre samfunnsaktørar.
5. auke tilliten mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.

Prosessmetodikken er kollektiv læring der 4-5 politikarar frå kvar kommune vert med i nettverk. Krumsvik bad om å få besøkje alle kommunstyra i deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd for å presentere prosjektet.

Sak 8/2017: Drøfting av arbeidet med strategisk næringsplan for Sunnmøre

Innleiing ved styremedlem Dag Olav Tennfjord i Sunnmøre Regionråd

Tennfjord presenterte aktivitetane i prosjektet sidan forrige orientering til representantskapet i november 2016. Det har mellom anna vore dialog med fylkesplansjefen i høve til målsettingar for prosjektet, det har vore møte med kommunane på søre Sunnmøre, det har vore deltaking på samling i etterkant av innovasjonsstudiet til Sunnmøre Regionråd, det har vore møte med næringsklyngene og møte med rådmennene.

Tennfjord la vekt på at ein må få ei god forståing for korleis ein kan etablere system som gjev varige samarbeidsrelasjonar med næringslivet. Arbeidet med strategisk næringsplan for Sunnmøre skal ikkje berre ende ut med ein ny rapport.

Frå representantskapet vart det sagt at det er bra å ha eit langsiktig perspektiv på arbeidet med strategisk næringsplan for Sunnmøre. Styret vil 22.-23. mars 2017 ta ein studietur til Stavanger for å få kunnskap om korleis ein der har arbeidd med strategisk næringsplan.

Sak 9/2017: Eventuelt

Til eventuelt var det to saker:

1. Informasjon om ordførarsamling i sommar (ordførarnettverket)

Ved leiar av ordførarnettverket i Sunnmøre Regionråd Lena Landsverk Sande

Sande sa at poenget med nettverket er deling av kunnskap og erfaringar, samt sosialt fellesskap. Aktuelle tema kan til dømes vere handtering av interessekonflikter, samarbeidsklima, digitalisering, politisk retorikk og ordførarrolla.

Det vart drøfta kva datoar som kan passe for første samling. Representantskapet konkluderte med 1.-2. juni 2017 (dvs. samlokalisering med det beramma representantskapsmøtet 2. juni 2017).

2. Orientering om utflytting av statlege arbeidsplassar

Ved rådgivar i Sunnmøre Regionråd Erlend Krumsvik

Krumsvik orienterte om at kommunane Ørsta og Volda ønskjer å rekruttere statlege arbeidsplassar. Han tok opp om det bør etablerast ei lobbygruppe bestående av politikarar frå Ørsta/Volda og Ålesund for å rekruttere statlege arbeidsplassar til Sunnmøre.

Representantskapet konkluderte med at det er positivt om Sunnmøre kan samarbeide om å rekruttere statlege arbeidsplassar, men at ein ikkje vil etabelere ei gruppe på sida av representantskapet og styret til å arbeide med slike saker. Sakene skal takast gjennom styret.

Haram, 03.03.2017


Dag Vaagen


Randi Walderhaug Frisvoll


Eva Hove

MØTEREFERAT

Tema: Møte i styringsgruppa i Demokratiprojektet
Dato/Sted: 27. februar 2017, Ulstein rådhus, kl 13:00

Møteleder: Erlend Krumsvik
Referent: Erlend Krumsvik
Oppmøte: Eva Hove, ordfører i Stordal kommune
Knut Erik Engh, ordfører i Ulstein kommune
Bente G. Vikhagen, rådmann i Skodje kommune
Rune Sjurgard, rådmann i Volda kommune
Erlend Krumsvik, Sunnmøre regionråd IKS

Forfall:

Vedlegg: Demokratiprojektet_presentasjon
Invitasjon til å delta i prosjektet Fornyelse og utvikling

1. Orientering om prosjektet v/Erlend Krumsvik

- Erlend Krumsvik gikk gjennom presentasjonen som har blitt nytta til å orientere om prosjektet. Presentasjonen er vedlagt møtereferatet.

2. Konstituering av gruppa/valg av leiar

- Erlend Krumsvik skal koordinere arbeidet vidare.

3. Veggen vidare

- a. Fokus på forankring av arbeidet
- b. Etablere nettverk av lokalpolitikarar

- Erlend Krumsvik tek opp prosjektet på fyrstkomande representantskapsmøte, og ber om å kome på besøk til alle kommunestyre på Sunnmøre for å presentere prosjektet. Det skal utarbeidast eit forslag til saksdokument som kommunane kan nytte til å velge ut representantar til «Politikarnettverket». Det er også ein intensjon om å få til fyrste samling i «Politikarnettverket» før sommarferien.

4. Bruk av sosiale media i prosjektarbeidet

- Erlend Krumsvik opprettar ei facebookgruppe for arbeidet med Demokratiprojektet. Her skal ein publisere aktuelt stoff, samt teste ut ulike digitale tjenester. Det vart kort samtale om handtering av mulige netttroll.

5. Eventuelt

- Rune Sjurgard hadde meldt inn på førehand prosjektet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet – «Invitasjon til å delta i prosjektet Fornyelse og utvikling».

- Erlend Krumsvik skal ta kontakt med prosjektleiar å spørre om det er mulig for kommunereformprosjekta å levere inn ein søknad der ein deltar på vegne av Sunnmøre regionråd. Formålet er å delta på ein slik møte at prosjektet kan hauste erfaringar frå nasjonale føringar, og at relevante deltakarar frå kommunane på Sunnmøre kan møte.

Møtet slutt kl 15:00

Demokratiprojektet

Sykkylven kommunestyre

06.02.2017

Erlend Krumsvik



Overordna problemstilling

- Den demografiske utviklinga i samfunnet framskriver ei eldrebølge og forventna nedgang i andel yrkesaktive.
 - Dobling av antal eldre, tredobling av eldre over 80 år, halvering av arbeidsstokken.
 - Samfunnskonsekvensen begynner i 2025, full effekt i 2060
 - Det er forventna nedgang i offentlege ressursar, grunna nedgang i verdiskaping og tilgang på arbeidskraft.
- Samfunnets adaptasjon og bruk av teknologi ligg i forkant av den tjenestelevering som blir nytta i kommunene i dag.
 - Er det riktig å nytte høgt utdanna personale til å gjere enkle manuelle oppgåver?

Vidareføring av kommunereforma

- Kommunereforma er ein av dei statlege strategiane for å møte framtidig utvikling i samfunnets demografiske samansetning (robustheit i forhold til eldebølga)
- Folkehelsearbeidet er ein annan strategi (utsette behov for kommunal hjelp).
- Demokratiprojektet i regi av Sunnmøre regionråd ønsker å løfte alle kommuner på Sunnmøre i eit felles løft.

Prosjektets overordna mål

Tilføre kommunene kompetanse for
å auke samfunnets velferdsnivå
gjennom eldrebølga?

Mulige scenarier for kommunal sektor gjennom eldrebølga

1. Redusere kostnadsnivået
 - Bygge ned kvalitet eller omfang på kommunale tenester
2. Auke skattenivået.
 - Tyngre samla skattebelastning for næringsliv og innbyggjarar.
3. Nye måtar å løyse samfunnsoppdraget på
 - Digitalisering som ein naturleg del av organisasjonsutvikling
 - Innovasjonskultur som realiserer ukjente løysingar og kompetanse
 - Samskaping med andre aktørar for å løyse velferdsbehovet

Komande samfunnsendring

- Samfunnet blir oppfatta som ein samla ressurs for skaping av velferd, vekst og utvikling.
- Det vil bli det offentlege Norge som får i oppgåve å mobilisere ressursane til samfunnets beste.
- Offentlige sektor redefineres frå å vere ein myndighetitsutøver og serviceleverandør, til også å bli ein arena for samskaping

Endring av samfunnsroller

Offentleg sektor er en...	Myndighets-utøver	Service-leverandør	Arena for samskaping
Politikkens oppgave er...	Lage lover, og avgjøre enkeltsaker	Å prioritere og kontrollere anvendelsen av gitte ressurser	Lede samskapt politikkinnovasjon
Administrasjonens er gode til...	Å huske reglene	Å lage effektiv styring	Å koordinere tverrgående samarbeid mellom politikk og tenester
Medarbeiderne er opptatt av...	Å gjøre ting korrekt og rettferdig	Å vere imøtekommende overfor innbyggernes behov	Understøtte samskappingsprosjekter
Frivillig sektor og næringslivet blir sett på som...	Lobbyister	Leverandører	Partnere i skaping av offentlig verdi

Kva er samskaping


- Samskaping er når det offentlege og private aktører løyser samfunnsutfordringar i fellesskap.
 - Det er ikkje eit bestiller-utfører samarbeid
 - Det er ikkje høringar
 - Det er ikkje slik at innbyggjarane kan bestemme sjølve.

Prosjektets formål

1. Utvikle politikerrollen for «fritidspolitikeren»
2. La digitalisering bli;
 - ..ein naturleg arena for medvirkning, og
 - ..ein naturleg del av kommunal organisasjonsutvikling.
3. Legge til rette for betre innovasjonsklima i kommunene
4. Skape grunnlag for samskaping mellom kommuner og andre samfunnsaktørar
5. Auke tillit mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.

Grunnsteinar


1. Betre samfunnets forståing for offentleg ansvar og rammebetingelsar (**Kompetanse**).
 - Redusere grunnlaget for kommunal sektor som «ønskebrønn»
2. Mobilisere samfunnets ressurser til samfunnets beste (**Ansvar**)
 - Samskaping med privatpersonar, frivillig sektor og næringsliv.
 - Flytte ut kommunale arbeidsrutiner gjennom å digitalisere, robotisere og ta i bruk kunstig intelligens
3. Styrke relasjonen mellom samfunn og kommunal sektor. (**Tillit**)
 - Dette perspektivet er dominert av gjensidigheit.



Prosjektets arbeidsmetodikk

- Muliggjere kollektiv interkommunal læring
 - Gjennom interkommunalt nettverk av lokalpolitikarar
 - Dialog i ordførarnettverket
 - Fokus på samfunnsaktuelle problemstillingar
 - Utviklinga av politikarrolla
 - Dialog i rådmannsgruppa
 - Administrativ erfaringsutveksling

Prosessmetodikk



- Kollektiv læring
 - Nyttar kjent arbeidsmetodikk henta frå ungdomstrinn i utvikling
 - Politisk læringsmetodikk i samsvar med læringspraksis blant tilsette i skulen
- Bruk av sosiale media

Eksempel på samskaping

- **Ung og gamal i fellesskap**
 - <https://youtu.be/PZgGb4p0xo0>
- **Från 58 % till 93 % på ett år...**
 - https://youtu.be/VbH_jsLbQ6c
- **Helsingborg på Minecraft**
 - <https://platsen.blogg.helsingborg.se/minecraft/>

Interkommunal nettverk

- Prosjektet har ein ambisjon om å skape eit interkommunalt nettverk av kommunestyrepolitikarar (fritidspolitikarar) som kan kome i innovasjonsprosessar med kvarande.
 - Utvikle og styrke politikarrolla
 - Diskutere og hauste løysingar for kommunal sektor
 - Sikre framtidig velferd for lokalsamfunnet
- Kommunal involvering
 - 4-5 personar frå kvar kommune inngår i nettverk
 - Blanding av erfarne og mindre erfarne politikarar.
 - Ordførar og rådmann blir omfatta av andre prosesstiltak.



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Til ordførere og rådmenn

Deres ref

Vår ref

Dato

15/4921-5

30.01.2017

Invitasjon til å delta i prosjektet: Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil med dette invitere kommunene som arbeider med sammenslåing, til å delta i et nytt toårig prosjekt for å utvikle lokaldemokratiet.

Invitasjonen går både til kommuner som har gjensidige vedtak om å slå seg sammen i hovedløpet i reformen, og til kommuner som allerede er vedtatt sammenslått ved kongelig resolusjon. Også andre kommuner der det eventuelt blir fattet vedtak om sammenslutning senere i vår, vil bli invitert til å delta i prosjektet.

Departementet vil i prosjektet legge til rette for gode diskusjoner og utviklingsarbeid i kommunene på flere måter:

- Arrangere *samlinger* for politikere, prosjektledere og deltakere fra sivilsamfunnet
- Tilby *verktøy* for å undersøke tilstanden for lokaldemokratiet i sammenslåingskommunene (jf. egen invitasjon fra KS)
- *Underveisevalueringer* for bl.a. å vurdere løsningsalternativer og overføringsverdien til prosjektkommunene
- *Tilskudd inntil 100 000 kroner per "nye kommune"* til å arbeide med lokaldemokratiet fra det andre prosjektåret, 2018. (med forbehold om at Stortinget godkjenner dette).

Hovedtema på samlingene

I prosjektet ønsker vi å legge til rette for gode diskusjoner og utviklingsarbeid i kommunene som handler om:

- Hvilket lokaldemokrati kommunene ønsker å utvikle for sine nye kommuner

- Hvordan organisere og utforme den politiske styringen i de nye kommunene slik at de folkevalgte blir satt best mulig i stand til å ivareta mandatet velgerne har gitt dem
- Hvordan organisere et best mulig samspill mellom kommunen og innbyggerne i utforming og iverksetting av politiske tiltak.

I dette prosjektet ønsker vi å trekke frem både kommuner i Norge og i andre land, som er foregangskommuner når det gjelder å utvikle lokaldemokratiet, og som har gjennomført tiltak for å styrke lokaldemokratiet sitt.

Svarfrist om å delta i prosjektet

Dersom kommunen vil delta i dette prosjektet, ønsker departementet at svarbrevet skal være *behandlet i alle kommunestyrene som skal bli en ny kommune*, og i *Fellesnemnda* for de som formelt har opprettet en (gjelder kommuner fra første pulje).

Det er også ønskelig, men *ikke* et krav, at dere i svarbrevet til departementet, skriver kort om hvilke tema dere er særlig interessert i skal bli tatt opp på samlingene (eks. arbeids- og organisasjonsformer på politisk nivå, måter å involvere innbyggerne på, digitale løsninger, etc.) Ta gjerne også med egne ideer eller planer for lokaldemokratiet i den nye kommunen dere er i gang med å bygge.

Svarfrist for om dere ønsker å delta er senest fredag 7. april d.å. til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Oppstartsamlingen i juni 2017.

Det vil senere bli sendt ut et eget invitasjonsbrev med påmeldingsfrist til oppstartsamlingen. Det vil ikke være deltakeravgift. Overnatting blir også dekket. Reisekostnader må kommunen selv dekke.

Målgruppen er politikere og representant(er) fra administrasjonen i kommunen med ansvar for lokaldemokratiarbeidet. Kommunen kan også invitere med seg representanter fra sivilsamfunnet. Hver nye kommunekonstellasjon kan delta med til sammen 7 personer. Det vil i tillegg bli arrangert prosjektledersamlinger for ansvarlige fra administrasjonen. Det vil bli avholdt en politikersamling og en prosjektledersamling hvert år.

Et verktøy for å sjekke lokaldemokratiet – tilbud om KS lokaldemokratiundersøkelse 2017

Et sterkt og ansvarlig lokaldemokrati er en fornuftig investering for innbyggernes beste. Det kommer ikke av seg selv. Når den nye kommunen skal utformes, kan det være en fin anledning til å sjekke ut sterke og svake sider ved dagens lokaldemokrati. Hva trengs å jobbes med når dere skal utforme lokaldemokratiet i den nye kommunen? Og hva kan det bygges videre på?

KS har allerede invitert dere til å delta i Lokaldemokratiundersøkelse 2017: [Invitasjon KS Lokaldemokratiundersøkelse 2017](#) Påmelding skjer til KS, som har ansvar for

gjennomføringen. Kommunene kan altså allerede nå søke om å delta. Undersøkelsen kan være et godt verktøy, og gi et nyttig grunnlag for å arbeide med å utvikle lokaldemokratiet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil, i samarbeid med KS, presentere oppsummeringer av resultatene fra denne undersøkelsen/behovsanalysen på samlingen vi skal arrangere, slik at dere kan dele erfaringer og kunnskap med andre kommuner – og se dette i sammenheng med aktuelle løsningsalternativer (politiske organisasjonsformer og arbeidsmåter, medvirkningsordninger, digitale løsninger, m.m.). *Vi vil samtidig understreke at dere vil ha stor nytte av å delta i prosjektet vi her inviterer til, uten å benytte dere av dette verktøyet/ gjennomføre KS Lokaldemokratiundersøkelse 2017.*

Vi håper dere vil delta i prosjektet "Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing" og - på eget initiativ arbeide for å utvikle lokaldemokratiet i den nye kommunen. Videre håper vi dette toårige prosjektet vil være til hjelp og støtte, og til inspirasjon for diskusjoner og beslutninger lokalt.

Kontaktperson er:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ved Anne-Karin Ødegård Anne-Karin.odegard@kmd.dep.no

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Jan Tore Sanner', with a stylized flourish at the end.

Jan Tore Sanner

Adresseliste

Agdenes kommune	Rådhuset	7316	LENSVIK
Asker kommune	Postboks 353	1372	ASKER
Askim kommune	Postboks 2003	1802	ASKIM
Audnedal kommune	Rådhuset	4525	KONSMO
Aurskog-Høland kommune	Rådhusveien 3	1940	BJØRKELANGEN
Ballangen kommune	Postboks 44	8546	BALLANGEN
Bø kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Drammen kommune	Engene 1	3008	DRAMMEN
Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Eide kommune		6490	EIDE
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	FINNØY
Fjell kommune	Postboks 184	5342	STRAUME
Forsand kommune	Kommunehuset	4110	FORSAND
Fosnes kommune	Servicekontoret	7856	JØA
Fræna kommune	Rådhuset	6440	ELNESVÅGEN
Fusa kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Førde kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gaular kommune		6973	SANDE I SUNNFJORD
Granvin herad	Postboks 13	5733	GRANVIN
Halsa kommune	Liabø	6683	VÅGLAND
Hammerfest kommune	Postboks 1224	9616	HAMMERFEST
Hemne kommune	Trondheimsveien 1	7200	KYRKSÆTERØRA
Hitra kommune	Rådhuset	7240	HITRA
Hobøl kommune	Elvestadveien 1000	1827	HOBØL
Hof kommune	Hofslundveien 5	3090	HOF
Holmestrand kommune	Postboks 318	3081	HOLMESTRAND
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Hurum kommune	Nordre Sætrevei 1	3475	SÆTRE
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	JONDAL
Jølster kommune	Kommunehuset	6843	SKEI I JØLSTER
Klæbu kommune	Postboks 200	7541	KLÆBU
Kvalsund kommune	Rådhusv. 18	9620	KVALSUND
Lardal kommune	Svarstadtunet 15	3275	SVARSTAD
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Leksvik kommune	Kommunehuset	7120	LEKSVIK
Lenvik kommune	Postboks 602	9306	FINNSNES
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Lyngdal kommune	Postboks 353	4577	LYNGDAL
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Meldal kommune	Kvamsveien 2	7336	MELDAL
Midsund kommune	Midsund	6475	MIDSUND

Adresseliste

Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Moss kommune	Postboks 175	1501	MOSS
Namdalseid kommune	Gløttvegen 2	7750	NAMDALSEID
Namsos kommune	Postboks 333 Sentrum	7801	NAMSOS
Narvik kommune	Postmottak	8512	NARVIK
Naustdal kommune	Postboks 43	6806	NAUSTDAL
Nedre Eiker kommune	Postboks C	3051	MJØNDALEN
Neset kommune	Kommunehuset	6460	EIDSVÅG I ROMSDAL
Norddal kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Nøtterøy kommune	Postboks 250 Borgheim	3163	BORGHEIM
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Oppegård kommune	Postboks 510	1411	KOLBOTN
Orkdal kommune	Postboks 83	7301	ORKANGER
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Re kommune	Postboks 123	3164	REVELT
Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	RENNESØY
Rissa kommune	Rådhusveien 13	7100	RISSA
Roan kommune		7180	ROAN
Rygge kommune	Larkollveien 9	1570	DILLING
Rømskog kommune	Kommunehuset	1950	RØMSKOG
Røyken kommune	Katrineåsveien 20	3440	RØYKEN
Sande kommune	Postboks 300	3071	SANDE I VESTFOLD
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	SANDNES
Sandøy kommune	Harneshaug	6487	HARØY
Sauherad kommune	Idunsvoll 3	3812	AKKERHAUGEN
Selje kommune		6740	SELJE
Ski kommune	Postboks 3010	1402	SKI
Skodje kommune	Rådhuset	6260	SKODJE
Skånland kommune	Postboks 240	9439	EVENSKJER
Snillfjord kommune	Krokstadøra	7257	SNILLFJORD
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	STAVANGER
Steinkjer kommune	Postboks 2530	7729	STEINKJER
Stordal kommune	Kommunehuset	6250	STORDAL
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Svelvik kommune	P.b. 40	3061	SVELVIK
Tjeldsund kommune	Rådhuset	9444	HOL I TJELDSUND
Tjøme kommune	Rødsgata 36	3145	TJØME
Tranøy kommune	Kommunehuset	9304	VANGSVIK
Trondheim kommune	Postboks 2300 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Tysfjord kommune	Postboks 104	8591	KJØPSVIK
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG

Adresseliste

Ullensvang herad		5780	KINSARVIK
Verran kommune	Liavegen 1	7790	MALM
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Ørskog kommune	Rådhuset	6240	ØRSKOG
Øygarden kommune	Øygarden rådhus	5337	RONG
Åfjord kommune	Øvre Årnes 7	7170	ÅFJORD
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND

PS 53/17 Referatsaker

**RS 5/17 Klage frå Ørskog kommune over avgjerd frå politidirektoratet
om lokal struktur i Nordre Sunnmøre**